



DET TEOLOGISKE
MENIGHETSFAKULTET

Brør, ver de sterke!

Kyrkjekampen i lokalt perspektiv – Drangedal prestegjeld 1940-1945

Arne Lauvhjell

Rettleiar
Førsteamanuensis Kristin Norseth

*Masteroppgåva er gjennomført som ledd i utdanninga ved
Det teologiske Menighetsfakultet og er godkjent som del av denne utdanninga.*

Det teologiske menighetsfakultet, 2014, haust
AVH5010: Masteravhandling (60 ECTS)
Studieprogram
Master i teologi

Brør, ver de sterke!

Kyrkjekampen i lokalt perspektiv – Drangedal prestegjeld 1940-1945

1	Innleiing	6
1.1	Problemstillingar	7
1.2	Metode og materiale.....	8
1.3	Fagleg målsetting	12
1.4	Disposisjon.....	12
1.5	Terminologi og forkortingar	14
2.	Preludium.....	17
3.	Lokale aktørar	20
3. 1	Prestane med allierte	20
3.1.1	Prost Lande	21
3.1.2	Hjelpeprest Ingolfstad.....	23
3.1.3	Menighetsrådsleiar Fineid	23
3.1.4	Kommuneingeniør Kloster	23
3.2	NS-laget	24
3.2.1	Lensmann Gaarder.....	24
3.2.2	Lagfører, distriktslege Pallesen-Mustikay	30
3.2.3	Hirdmann Kjendsheim	30
4.	Bakgrunn	32
4.1.	Du vene Drangedal	32
4.1.1	Geografi og demografi.....	32
4.1.2	Sosiale forhold	33
4.1.3	Menighetsråda.....	34
4.1.4	Kristelege organisasjonar.....	35
4.1.5	Andre kristne samfunn.....	36
4.2	Tyskland og Norge	37

4.2.1 Nasjonalsosialismen og kyrkjekampen i Tyskland	38
4.2.2 Kunnskap om den tyske kyrkjekampen	39
4.3 Krigen.....	40
4.3.1 Krig i Europa 1939-40.....	40
4.3.2 Krigen i Norge	41
4.3.3 Krigen i Drangedal.....	41
5. Den norske statskyrkja.....	45
5.1 Konflikten i 1942, nasjonalt og regionalt.....	45
5.1.1 «Kirkekampen» i Norge	45
5.1.2 Skien bispedømme.....	46
5.2 Kyrkje- og stat-styring til 1941	47
5.2.1 Biskop Berggrav	47
5.2.2 Biskop Maroni	48
5.3 NS- styret.....	49
5.3.1 Statsråd Skancke	49
5.3.2 Ekspedisjonssjef Feyling.....	49
5.3.3 Skien-biskop Zwilgmeyer	50
6. Kyrkjekampen i Drangedal	52
6.1 Omkring året 1940, «I dag står flaggstangen naken»	52
6.1.1 Ikkje feiring.....	52
6.1.2 Bensin og brensel.....	53
6.1.3 Frå Administrasjonsrådet til kommisarisk statsråd	55
6.1.4 Dokument frå kampen, «hyrdebrev» hausten 1940	57
6.2. Frå året 1941, «Guds faste grunnvoll står».....	60
6.2.1 Kommunal nyordning.....	60
6.2.2 Menighetsbladet 1940-1941.....	61
6.2.3 Kyrkjeklokkene	64
6.2.4 Flagget.....	65
6.2.5 «Kristen Samling»	68

6.2.6 Dokument frå kampen, rundskriv og Hyrdebrev	68
6.2.7 «Kirkens orden»	73
6.3 Frå året 1942, «Ut fidelis quis inveniatur».....	75
6.3.1 Dokument frå kampen	75
6.3.2 Overvaking	82
6.3.3 Kirkens Grunn.....	85
6.3.4 Embetsnedlegging.....	86
6.3.4 Ikkje lenger statskyrkje	89
6.3.5 Felles menighetsråd	90
6.3.6 Prestelønn og prestegard.....	92
6.3.7 Menighetsbladet 1942.....	94
6.4. Frå året 1943, «Adelfoi, Andriseste, krataiouste.»	95
6.4. 1 Det har snudd.....	95
6.4.2 Dokument frå kampen, parolar og brev	96
6.5. Frå året 1944, «Vexilla regis prodeunt!».....	100
6.5.1 Dokument frå kampen, fleire parolar og brev	100
6.5.2 Lokale NS-reaksjonar	106
6.6. Frå året 1945, «under det Rene Norske flag»	106
6.6.1 Før 8. mai	106
6.6.2 Etter 8. mai.....	107
6.7. Etterspel, «Nå når Noreg er fritt att»	108
6.7.1 Takk; farvel.....	109
6.7.2 Akk og farvel	109
7. Postludium	111
7.1. Den norske kyrkja, «ein rus som dovna av»	112
7.1.1 Den lokale kyrkja.....	112
7.1.2 Menighetsråda 1945	113
7.2 Kristne organisasjonar.....	114
7.3 Frimenigheter	116

7.3.1 Den Evangelisk Lutherske Frikirke	116
7.3.2 Pinsemenigheten Sion	117
7.4 Bygda	117
7.5 Rettsoppgjøret.....	118
7.5.1 Rettsoppgjøret for Drangedal.....	120
7.5.2 Dei sentrale i NS-kyrkja	121
8. Samanlikning: Prestar hos to naboar	123
8.1 Sannidal - «autonom republikk»	123
8. 2 Søndeled- «ingen hjelp i å sende prest til dette distrikt»	127
9. Oppsummering og konklusjonar.....	134
9.1 Kyrkjekampen, både teologi og politikk.....	134
9. 2 Samanhangar.....	135
9.2.1 Kyrkjekampen i perspektiv.....	136
9.2.2 Lokale forløp	137
9.2.3 Etterverknad	138
10. Personar	140
11. Litteratur og kjelder	142
11.1 Trykt litteratur	142
11.2 Arkiv og utrykte kjelder	147
11.2.1 Arkiv	147
11.2.2 Protokollar	148
11.2.3 Saksmapper.....	149
11.2.4 Muntlige kjelder.....	149
11.2.5 Andre typar kjelde	149

Brør, ver de sterke!¹

Kyrkjekampen i lokalt perspektiv – Drangedal prestegjeld 1940-1945

1 Innleiing

Det er skrive mykje om kyrkjekampen i Norge under krigen, både mens han sto på og etterpå. Nokre av dei sentrale deltagarane, som *H.C. Christie*² og *Ludvig Schübeler*³ skrev det meste av manuset til bøkene sine før frigjøringa, og ga dei ut alt sommaren 1945. Seinare er kyrkjekampen omtalt grundig i *C.F. Wisløff* si kyrkjhistorie, bind III 1971⁴ og av *Bernt T. Oftestad* i *Norsk kirkehistorie* 1993/2005⁵. Eit standardverk er *Torleiv Austad: Kirkens Grunn. Analyse av en kirkelig bekjennelse fra okkupasjonstiden 1940-45*. Han har også skrive om spesielle sider av kyrkjekampen. Alle desse har eit sentralt perspektiv. Fokus har vore på embetsnedlegginga til biskopane og dei fleste prestane og skriftet «Kirkens Grunn», forhistoria og verknaden.

Men kyrkjekampen var også lokal. Det har komme nokre avhandlingar og artiklar om menigheter og prestegjeld der det var konflikt mellom NS-prest og motstandsprest. Av dei ca 700 prestar i teneste var det færre enn 100 NS-prestar. Rundt 200 motstandsprestar blei flytta, avsett eller forvist. I dei fleste prestegjelda var det dermed ikkje konflikt mellom prestar eller mellom prest og menighet. Det fanst andre typar av konfliktar i kyrkjekampen. Eg vil her sjå på situasjonen i eitt av dei prestegjelta som hadde konflikt utanom prestetenesta: Drangedal i Bamble prosti i Telemark. For samanlikning har eg eit blikk på naboprestegjeldet Sannidal,

¹ 1. Kor 16, 13b, etter helsing på parole frå 1943, jf. s. 99.

² Hartvig Caspar Christie, 1893–1959, kallskapellan Østre Bærum frå 1937, seinare sokneprest og prost, stortingsrepresentant (H). Ga ut boka: *Den norske kirke i kamp* i 1945.

³ Ludwig Schübeler, 1890-1945, res.kap. i Frogner, Oslo frå 1936, medlem av Den midlertidige kirkeledelse 1942–45. Han ga ut boka: *Kirkekampen slik jeg så den* i 1945.

⁴ Wisløff 1971.

⁵ Oftestad 2005.

der det ikkje var preste-konflikt, og Søndeled, over grensa til Aust-Agder, der det var konflikt med NS-prest.

Aasolv Lande er den sentrale personen, som sokneprest i Drangedal 1934-1963. I 1950 ga han ut boka *Kyrkje og kristenliv i Drangedal soknekall*. Den har med personlege minne frå krigen, og etter han finst hans eigne notat og avskrifter etter «hovud-motstandaren», lensmann *Alf Georg Wiig Gaarder*. Dette stoffet er aksen i konflikten, og eg har utvikla og utvida den med brev og skriv som fanst uordna og delvis ordna i Drangedal prestegård.⁶

Det er skrive lite om kyrkjekampen i Drangedal. Den mest omfattande samlinga av informasjon om Drangedal i krigsåra er årboka frå Drangedal Historielag frå 1995: *Det var ein gong – Minner frå Drangedal, Bok 18 Okkupasjonstiden 1940-1945*. På dei 285 sidene er kyrkjekampen praktisk talt ikkje nemnt. Lokalhistorieboka *Drangedal 1900-2000 Utvikling og kulturhistorie*, frå 2005 har 752 sider. Der omfattar kapitlet Krise og krig 111 sider (s. 289-401). Underkapitlet «Motstand på flere plan» (s. 359-376) har med *Kirkekampen* (s.359f) og *Overvåking av gudstjenester* (s.360-362), til saman vel tre sider. Innhaldet er vesentlig parafrase av Landes *Kyrkje og kristenliv i Drangedal soknekall*. Ei hovudoppgåve i historie frå 1984, om den sivile motstandsrørsla i Telemark har med ein del om kyrkjekampen på fylkesplanet, men som forfattaren skriver «Kildematerialet for kirkens motstandskamp i Telemark er relativt tynt og tilsynelatende tilfeldig [...]»⁷

1.1 Problemstillingar

Eg har to to-ledda spørsmål om den lokale kyrkjekampen: Korleis var forløpet; kor omfattande og dramatisk var kyrkjekampen i Drangedal? Kva var etterverknaden; i kva grad utvikla og endra menighetslivet og kristenlivet i Drangedal seg i krigsåra?

⁶ Det er nå deponert hos Drangedal Historielag, i arkivet på Drangedal Bygdetun.

⁷ Næs 1984, s. 39.

Bakgrunnen vil vere nasjonal og lokal. Forløpet i året 1942 vil vere inngangen, spissa i konflikten mellom prost Lande og lensmannen i mars 1942, samtidig med høgdepunktet i den nasjonale kyrkjekampen. Ut frå mitt materiale vil eg sjå på utvikling etter 1942. Eg har også ei samanlikning med to andre prestegjeld i distriktet.

1.2 ***Metode og materiale***

Kyrkjekampen var ein del av den allmenne motstandskampen i okkupasjonstida, så eg vil bruke dei same metodane som i generell historievitskap i kjeldegransking og behandling av «fakta». *Tacitus*-sitatet «sine ira et studio» (utan sinne og samhug) peikar på den objektive haldninga eg ønskjer å ha, når eg vurderer personar og hendingar frå for vel 70 år sidan. Tidsavstand og vurderingar frå nyare historikarar kan hjelpe her. Men heller ikkje dagens historikar kan fri seg frå sin eigen ståstad. Det vil vere eit aksiom at nazismen, både den tyske nasjonalsosialismen og den norske NS-varianten, sto i klar motsetning til kristen etikk og dei verdiane vi ser som grunnleggande og verdifulle i vårt samfunn. Og når vi har ein «fasit», har sett resultatet av det som nazismen sto for, så er det urimelig å sjå bort frå det. Men det er viktig å peike på at i 1930-åra var vurderinga av NS og nazismen annleis enn i 1945 hos mange, også i kyrkja.

Oppgåva knyter seg tett opp til den beskrivinga *Knut Kjeldstadli* gir av politisk historie i si innføring i historiefaget: *Fortida er ikke hva den en gang var*: «Den [...] har først og fremst dreid seg om handlinger. Hva skjedde? Hvilke politiske handlinger ble satt i verk, og hvilke mottrekk?»⁸ Ei slik framstillingsform har prega forskinga kring kyrkjekampen, både i Tyskland og i Norge, og eg ser ikkje overbevisande grunnar til å fråvike dette hovudsporet.

I tillegg har eg med noko sosialhistorie.

Min metode er delvis biografisk. Det «å forklare et fenomen *narrativt*, berettende» er fruktbart for mi tilnærming til oppgava. Kjelstadli refererer historiefilosofen *William H. Dray* som

⁸ Kjelstadli 1999, s. 76.

«understreket at vi må kjenne ikke bare kunnskapen folk hadde, men også den situasjonen den handlende personen stod i».⁹ Fram til slutten av 1942 frykta/trudde /håpa nok dei fleste at Tyskland kunne vinne krigen. Då var dei verste brotsverka til nazistane ukjente eller ennå ikkje utført, og då var informasjon i det heile forvrengt og sensurert.

For ein stor del går oppgåva mi ut på «å rekonstruere fortida». Då kan skiljet mellom bruken av språklege kjelder som *levning* og som *beretning* bli relevant. Eit eksempel er lensmannens rapportar til det tyske sikkerhetspolitiet våren 1942 og prost Landes framstilling av dei same hendingane, skrive i ettertid. Begge er levningar som forteler om den tida dei er skrivne i, og dei er beretningar i den grad dei formidlar etterprøvbare eller sannsynlege fakta. I desse to er det delvis samsvar og delvis forskjellar i framstillinga. Det var ingen andre til stades under samtalene mellom dei to i Tørdal 1. mars 1942 (Jf. kap. 2), og når dei referer ulikt kan ein ikkje vite nøyaktig kva som blei sagt. Når karakteristikk av lensmannens holdningar frå meldingar under krigen og vitneutsagn under rettsaka mot han etter krigen samstemmer, så peikar det i retning av truverdigheit. Det som er samtidig kan vere beretning. Parolar og informasjon frå motstandsida i kyrkjekampen forteler om holdningar og om kva slags opplysningar som dei ønska å bringe vidare. Ikkje alle opplysningar er nødvendigvis korrekt i ei krigstid, men fakta som kan etterprøvast stemmer for det meste. Skrivemåtar og trykk- og papirkvalitet er levningar, som fortel noko om krigstida.

Eg har utgangspunkt i alt materiale som fanst frå perioden 1940-1945 i Landes Prestearkiv i Drangedal. Ein kan ikkje utelukke at etterfølgjarane hans, eller andre, har fjerna eller lagt til noko, men samlinga er omfattande og virkar lite «redigert». Mellom anna er det ein del dubletter, og papira var ikkje alltid plasserte kronologisk. Ein stor del av materialet er kjent frå andre stader: Rundskriv frå departement og biskop, «hemmelege» brev frå *Den midlertidige Kirkeledelse* (DMK) og anna. Det meste som NS-biskop og departement sendte etter embetsfråskrivinga våren 1942 blei returnert, og noko frå motstandshald kan ha blitt makulert fordi det var risikabelt å ha. Det er eit poeng å bruke nettopp det lokale, det som Lande samla og tok vare på, sjølv om det vil vere eit avgrensa utval av alt som finst. Materialet er etter mi

⁹ Kjelstadli 1999, s. 123.

meining likevel representativt for kyrkjekampen, og lokalsamfunnet er ein del av heilskapsen, som Kjelstadli skriver.¹⁰

Det er tre grupper av dokument etter Lande. Det sentrale er hans eigne notat og avskrift av brev og rapportar frå lensmannen og andre som overvaka dei aktuelle gudstenestene. Desse kjeldene er her kalla *Prestarkivet, notat*. Så var det ein haug med ulike typer dokument: Skriv frå Kyrkje og Undervisningsdepartementet, parolar og informasjon frå Den Midlertidige Kirkeledelse, noko informasjon frå anna hald og korrespondanse med Agder-biskop Maroni. Dette var uordna, og eg har sortert det etter dato og årstal. Dette materialet er refereret til som *Prestarkivet, dokument*. Prestarkivet inneheldt også rundskriv og brev frå åra 1940-1944, som var samla i ei mappe med påskrifta *Mappe, kyrkjekampen 1941-1945*, her referert til som *Prestarkivet, mappe*. Ei mappe frå 1945-1947 er kalla *Prestarkivet, mappe II*. Eg har valt å ordne stoffet kronologisk, og ta omtalen av dei enkelte sakene etter kvart. Der temaet går over fleire år, fører eg det ferdig.

Andre kjelder er menighetsrådprotokollar og kyrkjebøker for Drangedal (med Kroken) og Tørdal, og nokre foreningsprotokollar.

Dokumenta frå Riksarkivet/Landssvikarkivet gir mykje informasjon som tidligare ikkje har vore framme. Eg fekk tilgang til sakene til dei mest aktuelle personane i Drangedal, til NS-biskopen i Skien og det store «Feylingarkivet». I tillegg har eg bruka ein del frå landssvikopp-gjøret som var allment kjent, og meldingar i avisa Vestmar (Kragerø) etter frigjøringa. Nyttig materiale har eg også funne på Hjemmefrontmuseet og Nasjonalbiblioteket. Elles har eg bruka trykt litteratur om kyrkjekampen, og materiale frå Statistisk Sentralbyrå.

Dei bøkene Lande skrev kan eit stykke på veg reknast som primærkjelder; delar av dei er skrivne under krigen.¹¹ Ein må likevel vurdere kor pålitelege dei er, gitt ut i ettertid, etter at kampen var over og resultatet hadde teikna seg. Det Lande skrev var kanskje subjektivt, men neppe direkte usant. Bøkene nådde vidt, lesarane hadde sjølv opplevd krigstida, og dei fleste

¹⁰ Kjelstadli 1990, s. 90.

¹¹ Lande 1950, s. 20: «Slik som det nå – mot slutten av krigen – ser ut [...].», og s. 31: «For siste år 1943 er tala: [...].»

aktørane levde i 1950, og kunne ha korrigert feil. *Drangedal og Tørdal menighetsblad* var redigert og for ein stor del skrive av Lande, og kan brukast som kjelde, både ut frå det som står og det som ikkje står. Blad og tidsskrift forteler om holdningar og hendingar, slik kan dei vere både beretning og levning

I den grad det er tilgjengeleg er her fylt ut med personlege minne og vurderingar, samtidige og i ettertid. Dei mest innhaldsrike er frå Lande, *Lauritz Kloster* og *John Bustrak*.¹² Bustrak sin *Rapport over hjemmefrontens arbeide i Drangedal, til freden 8. mai 1945*, er medunder-skrive av Kloster og Lande. Den er datert 19. mai 1945, og finst som kopi i Prestearkivet. Frå Kloster er det to rapportar. Den eine er *Hjemmefrontens Arbeide. Sivilorganisasjonen. For Drangedal og Tørdal Rapport*. Den er datert 7. august 1945 og finst i Hjemmefrontarkivet (HHI 506, Rapport nr 28) og som avskrift i Prestearkivet. Den har omtrent same innhaldet som reporten frå Bustrak. Kloster skreiv også *Rapport over innsamlingen til lønn for prestene*, datert mai 1945, i Drangedal og Tørdal Menighetsblad, juni 1945. Lande skreiv truleg *Notat om okkupasjonstida i Drangedal* nokså kort etter krigen, kanskje som førebuing til boka hans frå 1950 og eller i samband med svarskjemaet til *Kirkekampens Sentralarkiv* av 8 jan 1946.

Så lenge okkupasjonen varte var det for risikabelt å skrive om hendingar og personar, men straks etter frigjøringa blei det viktig å få gjort det. Som bøkene til Lande er desse rapportane til ein viss grad subjektive og redigerte, men truleg utan bevisste feil.

Dessverre har intervju synt seg lite nyttig. Dei eldre Drangedals-folk som har minne frå krigstida er nå over 80 år, og har ikkje stort å bidra med frå kyrkjekampen. Det dei meiner å hugse er tradisjon, ting som er allmenne sanningar og det dei har hørt frå andre.¹³ Krava frå *NSD personvernombudet for forskning* er så pass stramme at ei intervjugrarsing ville gje lite nytte i forhold til arbeidet. Eg har derfor bare hatt korte samtalar med nokre personar for evt. å verifisere opplysningar frå andre kjelder. Viktigast er samtalar med to av prost Landes barn, født i 1931 og 1942.

¹² Jf. Litteraturlista, kap. 11.2.1 «Arkiv. »

¹³ Jf. Kjelstadli 1999, s. 192.

Ein del allmennhistorie er med for å gje bakgrunn og vise samanhengar. Noko av dette, pluss datoar for hendingar og årstal for fødsel og død er oftast utan kjeldetilvising. Den norske kyrkjekampen og krigshistoria er frå dei verka som er nemnt først i innleiinga, supplert med *Norsk krigsleksikon*. Fakta frå den tyske kyrkjekampen er vesentleg frå årgangane 1933 og 1934 av *Luhersk Kirketidende* og *Kirke og Kultur*.

1.3 Fagleg målsetting

Sjølv om ein ikkje kan oppfylle *Leopold von Ranke* sitt motto for historikaren, å slå fast «wie es eigentlich gewesen ist», så er det eit mål for meg å finne ut mest mogleg om den aktuelle kyrkjekampen i Drangedal, og spesielt hendingane våren 1942 og konflikten mellom dei to hovudaktørane på lokalplanet: Sokneprest og prost Aasulv Lande mot lensmann og ivrig NS-mann Alf Gaarder. Vidare ønskjer eg at den lokale kyrkjekampen, også den som var samanlikningsvis uDRAMATISK og lite gloriøs skal komme fram i lyset og få sin plass. Den var ein del i den større samanhengen som kyrkjekampen i vårt land utgjorde i det avgjørende motstandsåret 1942. Den lokale kyrkjekampen hører med for å fylle ut bygdehistoria og hører også med i eit utvida bilde av den nasjonale kyrkjekampen.

1.4 Disposisjon

Etter eit *Preludium* som beskriver dei mest tilspissa dagane for Drangedalskyrkja i 1942, er det ein presentasjon av aktørane i *kapittel 3*.

Kapittel 4 skal gje gje ein dobbel bakgrunn for kyrkjekampen i Drangedal. Først er det ei beskriving av bygda/kommunen Drangedal, geografi og demografi, sosiale forhold og kristenlivet i kommunen, sokneråda, organisasjonar og frimenigheter. Så har eg noko om politikk og kristendom i Tyskland og Norge i mellomkrigs- og krigstida. Som bakgrunn har eg også også nokre avsnitt om krigen i Europa, krigen til Norge og «krigen i Drangedal».

Kapittel 5 presenterer den norske statskyrkja, før og etter NS' maktovertaking.

Hovuddelen er *kapittel 6*, om kyrkjekampen i Drangedal. Der er hendingar og utvikling på to nivå: Nasjonalt og lokalt. Kyrkjekampen blir gjennomgått år for år, med omtale av enkeltkonfliktar. Perspektivet er lokalt: Kva var kjent av dei lokale aktørane? Lokalhistoria blir knytta opp mot den nasjonale historia. Dokumenta kom frå sentralt hald, og blei aktivisert lokalt.

Kyrkje- og kristenlivet i etterkrigstida er omtalt i *kapittel 7*. Der er også med eit delkapittel om rettsoppgjøret, nasjonalt og lokalt.

Kapittel 8 har eit sideblikk til to naboprestegjeld i «Skien stift» i kyrkjekampens tid: Sannidal og Søndeled. Nabobygda Sannidal var knytta til Drangedal, både i kyrkjekampen og i resten av motstandskampen, der soknepresten hadde ei stor rolle. Det er to grunnar til å samanlikne med Søndeled: Det er ikkje skrive om kyrkjekampen der tidligare, og i motsetning til Drangedal fekk menighetene der NS-prest pluss ein ny motstandsprest.

Kapittel 9 har ei oppsummering og nokre konklusjonar.

Før litteratur- og kjeldeoversikten (kapittel 11) har eg ei liste over dei personane som er nemnt fleire gonger eller spelar ein rolle i framstillinga. (kapittel 10). Her er ingen kvinnenamn. Det betyr ikkje at kvinnene ikkje var med i kampen. Kvinner var aktive i motstandsbevegelsen, særleg i XU og noko i Sivorg, og mange kvinner blei arresterte til konsentrationsleir og død. Kvinner bar sine byrder, på heimebane og i underordna stillingar, slik som kontorpersonalet i *Det norske Misjonsselskap* (NMS), jf. kapittel 6.5.1. «Dokument frå kampen, fleire parolar og brev» (1944). Men kvinnene blei usynliggjort, og i dokument og litteratur frå kyrkjekampen er dei praktisk talt ikkje å finne. Alle prestar og leiarane i menighetsråda og for einingar var menn.

1.5 Terminologi og forkortinger

DMK = Den Midlertidige Kirkeledelse, toppleiinga for kyrkjekampen, oppretta 20. juni 1942,¹⁴ offentleg frå 26. juli 1942 til 13. mai 1943, då leiarene *Ole Hallesby* og *Ludvig Hope* blei arrestert, deretter hemmelig.

Hyrdebrev = rundskriv frå biskopar om viktige saker, til opplesing i kyrkjene.

Kirkens Grunn = erklæringa som Kristent Samråd sendte ut og som blei lese opp i dei fleste kyrkjene påskedag 1942

Kirkens Samråd = fellesorgan for samarbeid mellom dei største kristne organisasjonane og biskopane. Organet eksisterte frå januar til juni 1942, då det blei erstatta av DMK.¹⁵

Kristent Samråd = organ for rådslaging mellom kyrkjeleiinga og leiinga i kristne frivillige organisasjonar, «kirkens generalstab»,¹⁶ 25. oktober 1940 – våren 1942.

Kyrkjekamp(en) = striden med NS-styret på alle plan. Ordet er det same som det tyske *Kirchenkampf*, som er bruka om den kyrkjelige kampen mot Nazi-styret i Tyskland 1933–1945. Det skil frå begrepet «kyrkjestrid», som gjelder motsetningar innafor kyrkja.

Kyrkjekamp som generelt omgrep er (delar av) kyrkja i kamp mot ein meir eller mindre totalitær stat.¹⁷ I denne oppgåva står ordet Kyrkjekamp(en), som vanlig i norsk etterkrigstid, for den kampen som fleirtalet i *Den norske kyrkja* (DNK) førte mot mot NS-staten. Både Christie og Schübeler brukar ordet utan definisjon i bøkene frå 1945. I korrespondanse mellom Vidkun Quisling og styresmaktene i Tyskland var det mildare ordet «Kirchenstreit» bru-

¹⁴ Austad, 1982, s. 345.

¹⁵ Austad, 2005, s. 112.

¹⁶ Austad, 1982, s. 345.

¹⁷ Jf Hjellset 2011, kap 1.5: «Det betegner den norske kirkes kamp mot den totalitære NS-staten, og for sin egen selvstendighet og for rettsstaten.»

ka.¹⁸ I «Kirkelig hvitbok» (Jf. 5.3.2 Ekspedisjonssjef Feyling) brukte *Sigmund Feyling* både «Kirkestriden» (i overskrift) og «kirkekampen», begge i hermeteikn.¹⁹ I «Norsk krigsleksikon» (1995) er «kirkekampen betegnelse på kirkens motstand mot de nazistiske myndighetene under okkupasjonen» og Store norske leksikon definerer det enkelt som «kirkens kamp mot nazismen under den annen verdenskrig».²⁰

KUD = Kyrkje- og undervisningsdepartementet

Milorg = forkortning for Militærorganisasjonen, den militære delen av motstanden mot den tyske okkupasjonen.

Motstands-kyrkje, -prest = det store fleirtalet som gjorde aktiv og passiv motstand mot NS-styret. Biskop *L.D. Zwilmeyer* brukte ordet «kirkefronten».²¹

nazi- ordet har ofte vore brukt om det norske NS, men det er rettast å reservere det for den tyske nasjonal sosialismen og den sivile delen av den tyske okkupasjonen.

NS = partiet Nasjonal Samling med førar og stiftar Vidkun Quisling, einaste tillatne parti frå 25. september 1940 og regjeringsparti frå 1. februar 1942.

NS-biskop, -kyrkje, -prest = som hørte til den NS-styrte statskyrkja.²² Styremaktene brukte nemninga «lojale» om dei prestar (og lærarar) som samarbeidde med /aksepterte NS-styret. Biskop L.D. Zwilmeyer brukte uttrykket «de lovlige prester».

Sivorg = samlenemning for sivile motstandsorganisasjonar, den sivile delen av motstanden mot NS-styret og den tyske okkupasjonen.

¹⁸ Berg, Pål 1999, s. 146.

¹⁹ Berg, Pål. 1999, s. 107.

²⁰ <http://snl.no/kirkekampen>

²¹ Riksarkivet, Landsviksak L.D. Zwilmeyer, Dok 11 c: Brev til Kirkedepartementet 20. april 1943: «prost Seip er lederen av kirkefronten på disse kanter. »

²² jf. Hjellset 2011, s. 11.

Stapo = forkortig for Statspolitiet, ei politisk spesialavdeling i politiet.

XU = hemmeleg civil etterretningsorganisasjon, under *Forsvarets Overkommando* i London,²³ ein viktig del av motstandsrørla.

Elles er her brukt dei nemningane og forkortingane som er i vanleg bruk.

I det norske historikarmiljøet har det vore eit anerkjent prinsipp ikkje å offentliggjøre namn på NS-medlemmar som blei dømt bare for medlemskap, og at namn på ordførarar, partileiarar og enkeltpersonar som fekk omfattande landssvikdommar bør kunne gjørast kjent.²⁴ Eg følgjer dette, sjølv om Landssvikarkivet er offentleg tilgjengeleg frå 1. januar 2015.

Språket mitt er med valfrie former frå rettskrivinga før 2012, pluss enkeltord frå krigstida: «angiver», «holdning». Eg skriver «menighet»; ordet «kyrkjelyd» finst ikkje i kjeldene. Eg har valt å bruke bokstavar på månadnamna i tidfestingar (1. februar 1942), både fordi skrivemåten i kjeldene varierer og for å unngå feilskriving. Bibelsitat er etter nynorsk Bibel 1938, som var den utgåva Lande brukta. (Parentes) er brukta for å gi tilleggsopplysningar eller når det er del av sitat. [Klammer] betyr at det er mine kommentarar til eller i ein tekst, eller for å syne at tekstu er utelaten: [...]. Eg har ikkje ord som *Skien-biskop* og lojal *prest* i hermeteikn, slik samtidig og etterkrigs motstandsskrift brukta.

²³ Store norske leksikon 15, 1998, s. 532..

²⁴ Berg, Arne. 2013, s. 7.

2. Preludium²⁵

Den siste dagen i februar 1942 fekk to menn i Drangedal kvar sitt viktige papir til sine kontor. Hyrdebrevet frå biskopane, der dei meldte og grunngav at dei samla la ned embetet sitt, hadde komme fram til sokneprest og prost Aasolv Lande. Dagen etter skulle han ha gudsteneste i Tørdal, anneks-kyrkja 20 km nord-aust frå kommunesenteret Prestestranda.

Han var ikkje i tvil: Hyrdebrevet skulle lesast opp i kyrkja. Men det var noko anna som måtte organiserast denne dagen. Kyrkjetenaren og formannen i Drangedal menighetsråd fekk besök.

På lensmannskontoret 200 meter nedanfor den ruvande prestegarden sat lensmann Alf Georg Wiig Gaarder i sin hird-uniform. Han hadde fått eit telegram. Telegrammet var frå det tyske sikkerhetspolitiet, som hadde sitt områdekontor i Larvik. Ordren var at gudstenestene dagen etter, søndag 1. mars, skulle overvakast og rapporterast. Same beskjeden hadde komme telefonisk frå politimeisteren i Kragerø. NS-styremaktene og tyskarane hadde fått kjennskap til hyrdebrevet. Det var også lekkasje til prosten frå politikammeret i Kragerø,²⁶ så Lande hadde fått kjennskap til ordren, men planane hans skulle likevel gjennomførast.

Gaarder måtte handle raskt. Han fant ut av menighetsbladet at det dagen etter skulle vere føremiddags-gudsteneste i Tørdal kyrkje ved Lande og i Kroken kapell ved hjelpeprest *Birger Ingolfstad*. Det skulle ikkje vere gudsteneste i hovudsoknet i Drangedal før neste søndag. På kontoret hadde Gaarder ein midlertidig betjent, hirdmannen *Olav Kjendsheim* som snart skulle reise på rekruttkurs til Hirdvaktbataljonen. Han fekk ordre om å reise til Kroken og overvake gudstenesta der.

Sjølv hadde lensmannen funne på noko lurt. Han tok med seg ski og utstyr, og rokk ettermiddagsbussen til Tørdal. Der tok han inn på pensjonatet, som låg tvers over vegen, nær kyrkja. Søndag morgen gjekk han ut på ski, og etter at gudstenesta hadde begynt dukka han fram frå skogen, med solbriller og skidress. Frå våpenhuset gjekk han opp trappa til galleriet og gjømte seg stille bak orgelpulten. Han visste at ingen NS-medlemmar gjekk i denne kyrkja, så prosten kunne derfor tru seg trygg.

²⁵ Etter Lande 1950 og Lande (u.å.), jf. Kapittel 6.3.2 Overvaking.

²⁶ Jf Næs 1984, s. 64ff. om politiet i Telemark.

Gaarder var ingen «kyrkjegjengjar», oppvaksen på Hedemarken og med nasjonalsosialismen som sin religion, så preika var nok kjedeleg for han. Lande var kjent for sine lange preker. Men etter preika las Lande ganske riktig opp dette hyrdebrevet fra prekestolen, og avslutta med ei inderlig bønn til Gud for det norske folket og for kyrkja i denne tida. Han ba om velsigning for biskopane og alle som hadde teneste i Den norske kyrkja. Så ba han kyrkjefolket slå opp nr 579 i Nynorsk salmebok og synge med på «Kyrkja ho er eit gammalt hus». Den salmen sto ikkje på salmetavla, noterte lensmannen, men det var ei av favorittsalmane til Lande, som alle konfirmantane måtte lære.²⁷

Etter preika var det barnedåp og nattverd, og lensmannen lista seg ned og ut. Han stilte seg opp ved bilen til prosten og venta. Kyrkjefolket var ivrig og høgrøysta på veg ut av kyrkja, men dei stilna brått då dei såg han som sto der. Prost Lande hadde sett lensmannen på galleriet heile tida, og hadde dessutan fått bod frå pensjonatet om gjesten dei hadde, så han var klar for møtet. Det blei ei hissig ordveksling mellom dei to, og det var ikkje første gongen. Gaarder kravde å få utlevert hyrdebrevet, noko som Lande nekta der og då. Lensmannen sa at han ville komme i prestegarden neste dag klokka ti med utleveringsordre, og påla prosten verken å gjøre brevet meir kjent eller få det avskrive. Så gjekk han tilbake til pensjonatet. Snart etter kom prosten dit, med brevet. Han kunne like godt levere det nå, så han ikkje skulle bli mistenkt for å ha kopiert det.

Dermed var det tilsynelatande uavgjort 1-1 mellom dei to, ja Gaarder tenkte kanskje han hadde vunne, der han ga seg til på pensjonatet mens Lande kjørte heim. Då lensmannen kom på kontoret på mandag etter ein busstur tilbake frå Tørdal, fekk han høre at det hadde vore u-annonsert gudsteneste i Drangedal søndag ettermiddag, ved Lande. Hyrdebrevet kunne han ikkje lenger lese, men han hadde referert det, og bedt for biskopane og kyrkja, med etterfølgjande salme «Kirken den er et gammelt hus» (Drangedal kirke hadde bokmålsliturgi). Lande visste at lensmannen var to mil vekk, så kyrkjetenaren kunne uhindra ringe til messe. Og melde-tenesta fungerte nok, der kyrkjeklokken ikkje hørtest.

I vesle Kroken kapell sat hirdmann Kjendsheim så openlyst at Ingolfstad lét vere å lese hyrdebrevet, men talen var klar nok, rapporterte Kjendsheim dagen etter: «Hele pastor

²⁷ Opplyst av «gullkonfirmantar» (50-års jubilantar) som hadde hatt Lande som konfirmantprest.

Ingolfstads tale var den rene propaganda mot N.S. og nyordningen i landet vårt.» Og han hadde referert hyrdebrevet og bedt for biskopane. Kjendsheim overvaka og rapporterte den ordinære gudstenesta til Lande i Drangedal kyrkje veka etter, søndag 8.mars 1942.

Om kvelden 8. mars var det årsmøte i «Drangedal kristelege ungdomslag», i prestegarden. Lande var formann. Stovene var fulle av ungdomar, og midt under andakten kom lensmannen og NS-lagføraren inn. Dei blei tilbode sitteplass, fortalte Lande.²⁸ Han heldt andakten ferdig, og deretter var det ein song. Dei besøkande avslo å samtale med Lande på kontoret, som den tida var rett innafor ei av stovene. Så blei årsmøtet gjennomført, heller raskt, kan ein tenke seg. Deretter var det «vitnemøte», og den første som tok ordet var lagføraren. Han slo fast at N.S. nå hadde all makt og ville bruke henne, og kom med truslar mot den som ikkje ville bøye seg for det. Han varsla at dei ikkje lenger ville finne seg i «statsfiendleg opposisjon» og midla skulle vere vakter i kyrkje og bedehus. Lande hevda at «Begge herrane var syneleg berusa.» Eldste dottera til Lande, som då var 12 år, hugsa godt denne hendinga i prestegarden.²⁹

²⁸ Lande (u.å).

²⁹ Teigen 2014.

3. Lokale aktørar

I og med at motstanden var illegal, så var ikkje alle aktørane kjende, og kjeldene fortel lite og ingenting om dei fleste. Her er dei mest profilerte med.

3. 1 *Prestane med allierte*

Når prestane i Drangedal i så stor grad fekk vere i fred for både kyrkjelige og andre NS-styremakter kan det ha fleire årsaker. NS-Biskop *Ludvig Daae Zwilgmeyer* i Skien var opptatt med dei konfliktane som kom etter kvart, og det var mangel på habile folk å sette inn som lojale prestar. Så der det var roleg, som Drangedal, valde han tydeligvis å ikkje engasjere seg.

Gaarders ettermann som lensmann var «fredsam», i følgje Lande, han avslutta overvaking av gudstenester og lot gjerne vere å melde vidare.³⁰ Andre kjelder bekreftar ikkje dette: Ein av dei tiltalte NS-medlemane i Drangedal fortalte i forhør 28. september 1945 om han: «Likeledes anmodet lensmann Fagerli meg om å være tilstede i kirken og på bedehuset for å høre hva presten uttalte, men jeg ville ikke.»³¹ I *Liste nr 1*, er *Andreas Fagerli* innført som lensmann og NS. Han var ung, født i 1916.³²

Lande skreiv at han kunne «tale nokså fritt ut frå prekestol og kateter, utan at nokon greip inn.» Til og med om viktige NS-prosjekt som Ungdomstenesta og Arbeidstenesta kunne presten orientere og åtvare på bedehusa rundt i bygda, der folk var samla. Dei lokale NS-folka var få, dei mest aggressive personane var nå ute av bygda, og dei andre ønska nok helst ikkje å legge seg ut med bygdefolket, slekt og grannar. Kyrkjekampen var viktig i seg sjølv, og svært viktig for å mobilisere og samle folket mot NS. Ein lokal NS-aktivist gir

³⁰ Lande 1950, s. 112.

³¹ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307 Alf Gaarder: Rapport, forhør av vitne NN 28. september 1945.

³² Solberg 2014, s. 157.

skylda for manglande framgang til «kristenfolket» og «de tidligere politiske makthaveres lokale representanter». ³³

3.1.1 Prost Lande

Aasulv Lande (1893-1963) hadde vore sokneprest i Drangedal i åtte år då konflikten kom. Han var bondeson frå Bygland i Setesdal.³⁴ Aasulv var den tredje av fire gutter, og hadde to yngre søstrer. Ein av forfedrane var Eidsvolds-mannen *Eivind Torkjellson Lande* (Even Torkildsen). I 1913 tok Lande lærareksamen, og teologisk embetseksamen ti år seinare, med laud.³⁵ Han fekk stilling som stiftskapellan i Agder i 1923, og året etter blei han sokneprest i Seljord, der han var i ti år. Resten av si lange prestetid fekk han i Drangedal. Han kom i 1934 og sto i tenesta til sin dødsdag 2. februar 1963, ein månad før han skulle ha gått av ved fylte 70 år. I 1937 blei han valt til prost i Bamble prosti, ei teneste han hadde tida ut, med unntak av dei to siste åra under krigen.

Lande var gift to gonger, først med *Ingeleiv Ødegaard* frå Vang i Valdres. Ho døde nyårsaftan 1939 etter ein tuberkulose-operasjon, 39 år gammal, og etterlot enkemannen med tre barn, to gutter og ei jente. I 1941 gifta han seg på nytt, med menighetsøster i Drangedal, *Agnes Wefald* (1909-1998). Dei fekk to jenter.³⁶ Av folk som hugsar han i Drangedal er Lande omtalt som «stiv», «streng», «kledd i svart», «ein gammaldags prest».³⁷ Han markerte sterkt motstand mot alkohol, dans, kortspel og søndags-idrett. Lande var med i det aller meste av kristent arbeid i bygda, og var mykje bruka som talar i bedehusa.

Lande var vel-orientert i teologi og praktisk kyrkjeliv. I «Lande-kontoret» på *Drangedal Bygdetun* er dei innbundne årgangane av *Luthersk Kirketidende* og enkelthefta av *Kirke og Kultur* fram til 1939 og mykje tysk teologisk litteratur.

³³ Nordby 2005, s. 337

³⁴ Lande 1959, s.32

³⁵ Ibid.

³⁶ Holte 2001, s. 384, med tilleggsopplysningar frå familien.

³⁷ Fortalt av «gullkonfirmantar» i Drangedal.

Eldste dottera, *Berit Teigen*, fortalte: «Lesetoff i heimen var i alle år dagsavisa *Varden* (Skien) og lokalavisa *Vestmar*. Elles var det *Tidens Tegn*, *Indremisjonstidende*, *For Fattig og Rik* og sikkert fleire. Far holdt ein del fagtidsskrifter som han seinare fekk bunde inn i bokform av *Per Fineid*, som ei tid var arbeidslaus.»³⁸ *Vestmar* var Venstre-avis i Kragerø, lokalavis for Drangedal, Sannidal og Kragerø, den mest utbreidde i Drangedal. Døtrene til Lande sa at den politiske holdninga hans før krigen var «Venstre, Venstre». Berit Teigen hugsa eit besøk av ein prestekollega før krigen, med ein høglytt diskusjon om nazismen i Tyskland.

Lande var utpeikt av biskop *James Maroni* som ansvarshavande rådgjevar for prostiet. Kontakt med prestekollegane var mann til mann; etter våren 1942 var prestemøte ikkje aktuelt.³⁹ Lande var med i leiinga av Sivorg i Drangedal, og hadde kontakt med *Torkel Tande*, sokne-presten i Sannidal som var distriktskontakt i etterretningsorganisasjonen XU.⁴⁰

Dottera til Lande fortalte vidare: «Det var ikkje snakk om noko heime. Ein vente seg til ikkje å spørje om ting. Eg leverte ein gong noko til sokneprest (*Ivar Fougner*) i Kragerø. Eg visste ikkje kva det var.» Ho fortalte om ein bærtur, der ho og ei veninne var med faren, John Bustrak og Lauritz Kloster på tyttebærplukking. Dei tre mannofolka blei borte lenge. John Bustrak var avsett lensmann, og blei kontakt for både Sivorg og *Milorg*. Han skreiv etter krigen: «På en tyttebærtur den 10. september 1943 satte vi opp en liste over menn som kunde komme på tale til kommunestyre i overgangstiden. Tyttebærturen var ellers vellykket.»⁴¹ Dette var kort tid etter at dei tre etablerte Sivorg-gruppe.⁴² Det var tidlig førebuing.

Etter embetsnedlegginga risikerte familien å måtte flytte. Berit Teigen fortalte: «Vi fekk melding om å flytte ut av Prestegården fleire gonger. Ein gong tømte vi huset for møbel, det sto bare igjen spisbord og nokre pinnestolar.» Lande sjølv skreiv at utflytting var på tale to gonger,⁴³ etter embetsnedlegginga i 1942 og etter avskjeden som prost i 1943.

³⁸ Teigen 2014.

³⁹ Lande 1946.

⁴⁰ Tande 1993, s. 12.

⁴¹ Bustrak 1945.

⁴² Jf. kap. 4.3.3 «Krigen i Drangedal».

⁴³ Lande 1950, s. 112.

Lande var nok mellom dei mange som den første tida i motstansdskampen var nokså naive. Kollegaen Torkell Tande hadde tidlig skjøna korleis kampen måtte førast, med motstandarar som det tyske Sicherheitspolizei og NS-folk. Han har skrive om då det blei klart at prestane måtte greie seg utan embetslønna. Lande foreslo då at dei skulle sette opp lister over gjevarar. Tande sin kommentar er: «*Sancta simplicitas, hellige enfoldighet.* »⁴⁴

3.1.2 Hjelpeprest Ingolfstad

Birger Ingolfstad (1902-1997) var hjelpeprest og klokkar i Drangedal i åtte år, frå 1939 til 1947. Han var født i Oslo, faren var snikkar. Også Ingolfstad kom seint inn i prestetenesta, han blei student i 1927, tok eksamen på Menighetsfakultetet 1932 og blei ordinert i 1937, til stillinga som hjelpeprest og lærar i Tysfjord. I 1947 fekk han permisjon frå Drangedal for å virke som stiftskapellan i Hålogaland. Han blei der i ti år, og avslutta tenesta som sokneprest i Varteig 1957-72.⁴⁵ Deretter busette han seg i Rælingen, der han døde i 1997. Hjelpepresten hadde si hovudteneste i Kroken kapelldistrikt, som blei eigen menighet i 1988.

3.1.3 Menighetsrådsledar Fineid

Per Fineid (1893-1978) var leiar for Drangedal menighetsråd då kyrkjekampen kom. Han var også med i Milorg.⁴⁶ Frå 1930 til 1946 var han formann i Prestestranda Misjonsforening, fortsette som styremedlem etter det og var også formann i fleire nye periodar.⁴⁷

3.1.4 Kommuneingeniør Kloster

Lauritz Kloster (1900-1964) var kommuneingeniør og driftstyrar for Drangedal elektrisitetsverk. Han var kontaktperson for pengeinnsamlinga til presteløn i prostiet⁴⁸ og leiar for Sivorg i Drangedal.⁴⁹ Kloster var styremedlem i Prestestranda misjonsforening frå 1940 til 1957, som nestformann og kasserar.

⁴⁴ Tande 1992, s. 13.

⁴⁵ Prester i Den norske kirke, 1974, s 128.

⁴⁶ Vogsland 1995, s. 278.

⁴⁷ Forhandlingsprotokol (1952: innlagt 75 års beretning) s. 6.

⁴⁸ Kloster 1945, s. 1.

⁴⁹ Naas 1995, s. 36.

3.2 NS-laget

Det var ikkje organisert NS-lag i Drangedal før 1940, då 20 meldte seg inn. Neste «toppår» var 1942, med 17 innmeldte. Åtte hadde meldt seg ut av NS-laget i Drangedal til 1944; det året blei det forbode å melde seg ut. Det var 44 som sto som medlemmar då freden kom.⁵⁰ Ei oppstilling i arkivet etter NS Riksøkonomiavdeling syner at medlemstalet i NS i Drangedal varierte mellom 43 og 48 personar frå sommaren 1944 til våren 1945.⁵¹

Indre motsetningar i lokallaget førte til eit «opprør» mot lagførar *Birger Pallesen-Mustikay* etter at Gaarder var reist, det resulterte i passivisering.⁵² Lagføraren sendte etter møtet brev til til NS Grenmar krets (Grenland pluss Vestmar). Der la han skulda på Gaarder for problema i laget:

Samarbeidet innen laget var ganske godt. [...] Høsten 41 fikk vi hird med hirdleider, som mente at der måtte «handles» og ikke «snakkes». Kontakten mellom lag og lagfører avtok og en samleddes om hirdlederen som øyeblikkets mann. Så kom radioarrestasjonene, med Drangedalshirden som veiviser og opposisjonene mot os utover bygden og al den ufylighet [...] Endelig ble da hirdlederen politimester og vi sat igjen med den politiske mark så opsparket som aldri før. 1 års tapt arbeide – misnøie innen laget, med NS folk som ang i politirapportene [...]⁵³

Det at NS-medlemmar blei pressa til å vere medhjelparar for politi og tyskarar var nok vanskelig for dei, og forverra forholdet til bygdefolket (Jf, Kapittel 3.2.3 Hirdmann Kjendsheim).

3.2.1 Lensmann Gaarder

Kyrkjekampen i Drangedal blei prega av to «stridbare» personar: Sokneprest Aasolv Lande og lensmann Alf Georg Wiig Gaarder (1894-1969). Lande presenterte motstandaren slik:

⁵⁰ Straume, 1995, s. 47 og 49.

⁵¹ Riksarkivet, brev 22.02. 2013.

⁵² NS-medlem i forhør; Landssvikarkivet Kragerø nr 57, Dok 46.

⁵³ Landssvikarkivet: Kragerø nr 57, Dok 46, s. 2.

«Av N.S. var det ein 30 – 40 med stort og smått, men dei har stort sett vore fredsame. Men i september 1941 fekk me ein ny lensmann, Gaarder. Han var ein mykje aggressiv mann.»⁵⁴

Då Alf Gaarder kom til bygda som lensmann, organiserte han straks hird-lag, med 12 medlemmar, der han blei lagførar.⁵⁵ Han brukte dei og andre NS-medlemar som angivarar og vegvisarar på jakt etter radioar.⁵⁶ Prestedottera Berit, fødd 1930, hugsar Gaarder som liten og tynn, alminnelig ansikt. «Me trudde han hadde kunstig bein, han halta og ein kunne høre at det var han som gjekk.»⁵⁷ Ho bekreftar også Gaarder sine ord i rapporten etter gudstenesta i Tørdal 1. mars, om bror hennes *Arvid* (f. 1927): «Sønnen på 13-14 år er en av de værste oppviglere her.»⁵⁸

I følgje tiltalen og eiga forklaring ved rettsaka ved lagmannsretten i Skien var Gaarder medlem av NS frå 1936, og opprettholdt medlemskapen heile tida.⁵⁹ Han var med i Nasjonal Samlings kamporganisasjon og frå 1941 i Hirden. Drangedal hirdlag var med under «Statsakten» på Akershus 1. februar 1942.⁶⁰ Gaarder var også «personalleader» i Drangedal NS-lag i 1941 og propaganda-leader» i Horten NS-lag frå januar 1945. Frå «kamptida» i Hedemark kjente han dei sentrale NS-personane politigeneral *Oliver Møyestad* og minister *Axel Stang*.⁶¹

Etter praksisen som sakførar på Skarnes i Hedmark og ei kort tid på Gvarv i Telemark fekk Gaarder skiftande karriere i NS-styret:⁶² 1. juli 1941 – kontorsjef i Innenriksdepartementet; 1. september 1941 – lensmann i Drangedal; 26. mars til 1. august 1942 – politimester i Skien. Så hadde han varierande arbeid hausten 1942, det blir framstilt ulikt av motstandarane og han

⁵⁴ Prestearkivet, notat. Lande.

⁵⁵ Nordby 2005, s. 337.

⁵⁶ Landssvikarkivet Kragerø nr 57, Dok 45, utskrift av møtebok for Drangedal NS-lag, Pallesen-Mustikay i brev til NS - Grenmar krets.

⁵⁷ Teigen 2014.

⁵⁸ Prestearkivet, notat (avskrift). Rapport frå Gaarder til Statspolitiet, 3. mars 1942.

⁵⁹ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307: Rapport til politimesteren i Skien, s. 1-2.

⁶⁰ Vestmar 11. juni 1945, s. 2, referat frå forhørsretten i Kragerø, O. Kjendsheim.

⁶¹ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307, brev frå Politimesteren i Skien til Møyestad den 16/4-42.

⁶² Riksarkivet, Landsviksak Skien 307 S.P.L. anm. nr. 307/45 rettsdokument, siktelse og tiltale.

sjølv: «Timeskriver på et tysk anlegg» (London-nyhetene)⁶³ og «noen jobber som juridisk konsulent» (eiga forklaring).⁶⁴ 15. januar 1943 blei han ordførar i Vinje, og frå 17. juli 1944 til kapitulasjonen i mai 1945 var han sorenskrivar i Horten. Gaarder blei arrestert der ved fri-gjøringa og sat i varetektsdommen ved Agder lagmannsrett 16. januar 1947.

Kva slags person var Gaarder? Han var født 23. oktober 1894 i Trøgstad i Østfold. Far hans var overrettssakførar. Familien flytta i barndommen, A.G.W. Gaarder blei konfirmert på Årnes i Akershus 9. oktober 1910, 16 år gammal.⁶⁵ Etter juridisk embetseksamen dreiv han som sakførar på Skarnes (Sør-Odal), der kona var frå. Gaarder var 47 år då han kom til Drangedal, snautt to år yngre enn prost Lande. Gaarder og kona hadde fem barn, dei var frå 4 til 14 år gamle i 1942. Familien kom ikkje til Drangedal, Gaarder budde på hotell det halvåret han var lensmann i Drangedal.⁶⁶ Han flytta til Skarnes etter lauslatinga. Kona og barna hadde då budd hos hennes foreldre. Han døde i Sør-Odal 28. juli 1969, nær 75 år gammal.

I avhør 2. juli 1945 oppga han slik «CV»:

[...] Jeg gikk frivilig inn i ns som medlem i 1936. Jeg meldte mig ut av høirepartiet i 1933 og stemte samme år med NS ved valgene det året. Jeg blev optatt i KO (kamporganisasjonen) etter valget i 1936. [...] Jeg har vært medlem av Hirden siden våren 1941 og til jeg kom til Skien. [...]

NS kamporganisasjon skulle vere ein elite i partiet og var ein parallel til SS i det tyske nazi-partiet. At Gaarder gjekk inn i KO etter det skuffande stortingsvalet i 1936 tyder på ei sterkt overbevisning. Då NS trass i ei kraftanstrenging frå alle ledd i partiet gjekk tilbake med 1000 stemmer og bare fekk 1,8 % på landsplan,⁶⁷ kom det til mismot og splitting, og dei fleste medlemmane meldte seg ut eller blei passive.⁶⁸ Og Gaarder beholdt trua. I eit privat brev til ein ven i Skien like før slutten skreiv han: «Vi kjemper og seirer, eller vi kjemper og faller.»⁶⁹

⁶³ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307, NORSKE NYHETER fra Regjeringens Informasjonskontor (London): Utdrag av rapport fra Vestfold, 14.7.1944.

⁶⁴ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307, avhør 2. juli 1945.

⁶⁵ Klokkerbok Årnes i Nes 1910. Riksarkivet, Digitalarkivet.

⁶⁶ Haustveit 2014.

⁶⁷ Dahl 2009, s.128.

⁶⁸ Ibid, s.145.

⁶⁹ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307, 35: Brev 17. april 1945.

Den fysiske beskrivinga av Gaarder i eit rettsdokument frå 1950 er ein gjennomsnittsnordmann på midten av 1900-talet: «Høyde: 172 cm / Legemsbygning: middels / Hår: mørkt, tynt / Panne: rund / Øyne: blå / Øyenbryn: blonde / Nese: rett / Munn: alm. / Hake: stor/ Skjegg: glattbarbert / Ansikt: rektangulært / Ansiktsfarge: blek / Språk: østl.dial. / Særkjenne: halt på høyre ben.»⁷⁰

Ei vurdering på kartotek-kortet i Stockholm er frå nordmenn som rømte til Sverige, og syner korleis Gaarder blei vurdert av motstandarane: «[...] Er en meget farlig nazist.»⁷¹ Eit dokument frå London gir også eit negativt bilde:⁷²

[...] Det er en mann men temmelig beveget fortid, fhv. lensmann Gaarder. Fra å være lensmann steg han til å bli politimester i Skien, men debuterte der med å havne i fylle-arresten, og laget så mange skandaler at det til og med ble for meget for nasistene. Han ble avsatt og havnet så som timeskriver på et tysk anlegg. Nu er han altså kommet til heder og verdighet igjen, og er fra 15. juli tilsatt som sorenskriver i Horten. Hortens nye sorenskriver heter ALF GAARDER, er født i 1898 [feil for 1894] cand.jur. fra 1921 med en særdeles slett haud. [...]

Desse rapportane er basert på forhør av nordmenn som hadde komme seg til Sverige eller England, og dei smurte kanskje litt på for å bevise si nasjonale holdning.

Ein rapport frå lensmannen i Sør-Odal etter krigen seier: «Alf Gårder var sterkt henfallen til drik i den siste tid han bodde eller var her på Skarnes.»⁷³ Rapporten bekrefta eit påstått underslag. Som lensmann i Drangedal kravde Gaarder å få tenstevåpen. Politimesteren i Kragerø purra i brev til Politidepartementet: « [...] Han uttalte at han fremsatte absolytt [sic] krav på å få pistol og rifle som nødvendige forsvarsvåpen. Og viss han ikke fikk dette så kunne han ikke fortsette i Drangedal.»⁷⁴ Ein kan undrast på kva han skulle med rifle, som er eit våpen for avstand, og ikkje for nærforsvar.

⁷⁰ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307: S.P.L. Journal 31/50 Løslatelse på prøve, Sem fengsel 12. mai 1950.

⁷¹ Riksarkivet, ibid, frå 1943.

⁷² Riksarkivet, ibid, utdrag av rapport fra Vestfold, datert 14.7.1944.

⁷³ Riksarkivet, ibid, brev frå Sør-Odal lensmannskontor 8. juni 1946.

⁷⁴ Riksarkivet, ibid, Brev frå Kragerø Politikammer, 14/3. 1942.

Det stemmer ikkje, slik Gaarder sa i rettsaka, at han ikkje gjorde noko sjølv for å bli lensmann i Drangedal. Lensmann John Bustrak, som blei avsett 27. juli 1941 og gjeninnsett etter frigjøringa, skreiv til etterforskaren i saka mot Gaarder:

[...] Noen dager etter at jeg var avskjediget kom Gaarder til Drangedal. Han presenterte sig som kontorsjef i «Innenriksdepartementet». Han sa at han var sjef for et kontor, som bl.a. hadde med lensmennene å gjøre, men at han ikke hadde vært tilstede da spørsmålet om min avskjedigelse blev behandlet. Han kom til Drangedal «for å orientere sig» sa han. Ca. 1 måned senere kom han igjen til Drangedal og var da ansatt som lensmann her. Han hadde således fullt kjennskap til grunnlaget for min avskjedigelse.⁷⁵

Då Gaarder fekk greie på at han ikkje fekk fortsette som politimester i Skien, skreiv han til sin «gamle kampfelle», Oliver Møyestad i statspolitiet, og ba han om hjelp.⁷⁶ Venner i NS prøvde også å hjelpe Gaarder. I eit offisielt brev skreiv «Fg Regimentsfører. Hafsr sfjord Hirdregiment nr. 3, Skien» den 16/4- 42, til «Herr generalmajor O. Møyestad»:

[...] Den konstituerte politimester Gaarder, var lensmann i Drangedal, og utførte her et helt glimrende arbeide. [...] er hirdmann og går inn for sin gjerning med liv og sjel. Det er allerede for lengst merkbart at ledelsen av korpset her i Skien, har skiftet. Og en vill fra hirdstandpunkt meget beklage om Gaarder måtte reise vekk igjen. [...] Det er av overmåte stor politisk betydning å ha ham i dette embedet. Korpset for øvrig er nemlig meget både og.⁷⁷

Det siste hadde regimentsføraren rett i. Mange i politiet i Skien var aktive motsandsmenn,⁷⁸ og nettopp våren 1942 var dei med i oppstarten av Sivorg i Skiensområdet.⁷⁹ Bustrak var med både i Sivorg,⁸⁰ Milorg⁸¹ og XU.⁸²

⁷⁵ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307, Brev frå Drangedal lensmannskontor 12. juni 1946.

⁷⁶ Riksarkivet, ibid, Brev av 16/4-42.

⁷⁷ Riksarkivet, ibid: Brev til O. Møyestad.

⁷⁸ Næs 1984, s. 66.

⁷⁹ Ibid, s. 63.

⁸⁰ Kloster 1945, s. 2.

⁸¹ Vogsland 1995, s. 278

⁸² Nordby 2005 s. 363.

Det hjelpte tydeligvis ikkje å appellere til Møystad. Ved utgangen av juli 1942 måtte Gaarder slutte som politimester. Ei avgjørande hending var truleg hans handtering av uro i Skien sentrum frå 25. mai, 2. pinsedag, då ein krangeli i kinokø mellom tyske soldatar og underoffiserar og nordmenn førte til store gatedemonstrasjonar i dagevis, inngriping av tysk feld-gendarmeri og sikkerhetspoliti og besök av politiminister *Jonas Lie*. Det blei arrestert 45 personar dei neste dagane, mellom dei sju politifolk, som alle fekk avskjed. Dei arresterte sat fengsla frå 3 til nesten 12 månader. To av dei arresterte døde, ein under transport til Nord-Norge og ein annan var *David Becker*, han var jøde, og blei deportert i november 1942. Gaarder blei bubesyrar etter han.⁸³ Denne affæra og avsettinga som politimester i Skien blei «en skandale og et jøssingnr.» som Gaarder var redd for.⁸⁴

Motstandarane framstilte Alf Gaarder som propaganda-typen for ein NS-embetsmann: Dårlig eksamen, fysisk lyte, aggressiv natur, uheiderlig og krypande for dei store. Men han var ikkje bare det, han var overbevist partimedlem, frå «kamptida» i 30-åra. Ideologien er patent, og det bildet han gjer av seg sjølv er flatterande:

Jeg stiftet i 1930 Samfundsvern i Sør- og Nord-Odal og personlig underviste 60 mann i pistolskytning og eksersis. Etter oppløsning av Samfundsvernet har jeg stått i hirden og er K.O. medlem nr 422 fra 1936. Jeg har bilsetifikat, går på ski, skøiter, sykler – er i det hele tatt et friluftsmenneske og jeg tror jeg har vunnet mig mange venner her innen hirden og innen politiet. Det tyske sikkerhetspoliti, Larvik, vil kunne uttale sig om mine kvalifikasjoner.⁸⁵

Det ser ut som om Gaarder hadde lett for å overreagere, og at situasjonar kom ut av kontroll for han. Det er bekrefta av historiar frå Drangedal. Eksempel frå vitneavhør i landsviksak mot lokale NS-folk, om radio-razzia i bygda: «De var ikke brutale men det var Gårder. »⁸⁶ Andre i Drangedal såg han frå andre sider, som «høflig» og «fin». ⁸⁷ Han hadde forlangt at bokhandlar Holte skulle plassere eit eksemplar av *Mein Kampf* i vindauget, og kvar morgen på veg til

⁸³ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307: S.P.L. anm. nr. 307/45 Alf Gaarder, tiltalen.

⁸⁴ Riksarkivet, ibid: Brev til O. Møyestad, Politimesteren i Skien den 16/4-42.

⁸⁵ Riksarkivet, ibid: Brev til O. Møyestad, s. 8.

⁸⁶ Riksarkivet, ibid: Rapport fra Lensmannen i Drangedal, 18.juni 1945.

⁸⁷ Haustveit 2014.

kontoret stoppa han opp og gjorde honnør for Hitler-bildet på framsida. Han kontrollerte jamt at bokhandelen ikkje hadde «forbodne» bøker, men dei fanst «under diskene.»⁸⁸

Alf Gaarder var lensmann i Drangedal i bare eit halvt år, frå september 1941 til mars 1942, men han er likevel den personen som av folk i bygda i ettertid blei mest assosiert med krigstida lokalt. Det kan både ha med hans person å gjøre, at han representerte ein ny type øvrigheit, og med aktiviteten hans. Den tidligare lensmannen var frå bygda, lensmann i tredje generasjon, tilsett i 1918⁸⁹ og motstandsmann. Gaarder var utanfrå, austlending, budde på hotell utan familien. Så var han her i ein dramatisk periode då det kom til element som endra kvardagen og verkelegheitsoppfatninga for folk: Radioapparata blei tatt, og informasjonen frå London blei «illegal», farlig og viktig. Krigen blei utvida. Det tyske felttoget i Russland fekk enormt omfang, og Norge blei viktig som baseområde i nord. Quislings regjering ga større spelerom for NS, også lokalt. Lovene om Ungdomsteneste og Lærarsambandet sette foreldre og den enkelte læraren på alvorlige val. Folk blei arrestert og fengsla.

3.2.2 Lagfører, distriktslege Pallesen-Mustikay

Birger Magnus Pallesen-Mustikay (1893-1977) var distriktslege i Drangedal i mange år, og gjenopptok legepraksis etter soning av landssvikdommen. Pallesen-Mustikay var lagførar for det lokale NS-laget, og tilhørte der ei lita «overklasse-gruppe» der.⁹⁰ Hans rolle i kyrkjekampen er ikkje med i tiltalen etter krigen. Det var dårlig forhold mellom Gaarder og lagføraren, men dei kom då saman til prestegarden den kvelden 8. mars 1942. Det var han som holdt den trugande talen. Pallesen-Mustikay hadde elles godt ord på seg som lege i bygda.

3.2.3 Hirdmann Kjendsheim

Olav Kjendsheim (1915-1996) var født i Drangedal 20. januar 1915 og døde i Drangedal 22. oktober 1996. Han gifta seg i 1942 og fekk to sønner etter krigen. Før og etter krigen var han skogsarbeidar og snikkar. Lande referer til han som «hirdmannen». Overvaking av gudsstenester er ikkje med i tiltalen mot han. I februar 1942 var han med Drangedalshirden ved «Statsakten» på Akershus.

⁸⁸ Haustveit 2013.

⁸⁹ Sannes, 1924, s. 192.

⁹⁰ Vestmar 23.06 1945, påstand i forhør frå «angiver» og lausarbeidar.

Han innrømte å ha vore med på beslag av radioapparater i Drangedal, men sa at han hadde kjent fleire som hadde våpen, men hadde ikke angitt dei.⁹¹ Han melde seg til Hirdvaktbataljonen, sa sjølv at det var for å komme unna tenesta ved lensmannskontoret.⁹² Etter eitt år blei han «underschar-führer» (korporal)⁹³. Han hadde teneste frå august 1942 til april 1945, i fangeleirar i Nord-Norge og ved industrianlegg i Oslo og i Drammen.⁹⁴ Ved fangeleirane i Beisfjord og Karasjok var han vaksoldat og kokk. På grunn av tenesta i Hirdvaktbataljonen i Nord-Norge var saka hans overført til Hålogaland lagmannsrett. Kjendsheim blei dømt for alvorlige forhold som vaktar ved krigsfangeleirane i Finnmark.

⁹¹ Vestmar 11. juni 1945, s. 2 (der står feilaktig årstalet 1943 for starten på tensta i Hirdvaktbataljonen).

⁹² Riksarkivet. Landsviksak: Vadsø politikammer Landssviksak 284/45, dokument nr. 30, 3 (Rapport til Politimesteren i Kragerø, 9. juni 1945, til sak Kragerø Politikammer nr. 94).

⁹³ Vestmar 11. juni 1945, s. 2.

⁹⁴ Veum 2013, s. 612.

4. Bakgrunn

Den tyske invasjonen i landet og kyrkjekampen i bygda kom utanfrå, men forløpet var ikkje utan føresetnader.

4.1. *Du vene Drangedal*⁹⁵

Drangedal prestegjeld omfatta Drangedal kommune, med to sokn: Drangedal med Kroken var hovudsoknet, og Tørdal var anneksoskn. Det var sokneprest og hjelpeprest, hjelpepresten var også klokkar i Drangedal.

4.1.1 *Geografi og demografi*

Drangedal kommune ligger nord i det historiske distriktet Vestmar, som i tillegg til Drangedal dekker dei gamle kommunane Sannidal, Skåtøy og Kragerø. Drangedal sentrum, Prestestrand, er 31 km nord for krysset der Fylkesveg 38 frå Kragerø til Vinje kryssar dagens E18. I sør er kystkommunane Kragerø, med to vegar gjennom Sannidal, og Bamble, begge knytta til Drangedal med gammal ferdsel over innsjøen Toke. Frå Neslandsvatn i Drangedal (Kroken) gjekk Kragerøbanen frå 1927 til 1988.

Mot aust grensar Drangedal til Skien (tidlegare Solum kommune), der fylkesveg 356 går frå Straume i Drangedal til Porsgrunn. Under krigen var det ferje ved Straume, der bruva var ferdig i 1967. Nome kommune ligger nordaust for Drangedal, med fylkesveg 109 til Lunde gjennom grenda Kjosen. Sørlandsbanen blei bygd gjennom Drangedal i åra 1926-27 og knytta til Kragerøbanen ved Neslandsvatn stasjon. I 1938 var banen ferdig til Kristiansand, og opna fram til Stavanger 1. mai 1944. Frå Neslandsvatn går banen vidare til Gjerstad i Aust-Agder, som er Drangedals nabokommune i sør-vest. I nordvest og nord er det Vest-Telemark-kommunane Nissedal og Kviteseid (Vrådal).

⁹⁵ Opningstrofoten i Drangedalsongen: «Du vene Drangedal med skog og bjørkeli, du ligg og speglar deg i Tokevannet blid».

Det er lange avstandar i Drangedal. Arealet er 1062 km² og lengste vegavstand sør-nord er ca 100 km. Frå Drangedal kyrkje i kommunesenteret er det 20 km til Tørdal kyrkje og 26 km til Kroken kyrkje. Til Kragerø er det 44 km og til Skien er det 60 km.

Drangedal nådde sitt maksimale folketal i 1940-åra. Ved folketeljinga i 1946 var det 5091 innbyggjarar.⁹⁶ Drangedal sokn omfatta den sørligaste delen av kommunen. I krigstida hadde det soknet vel 70 % av innbyggjarane i kommunen, av dei hørte 1/3 til kapelldistriktet Kroken. Annekssoknet Tørdal har hatt relativ nedgang i folketalet frå midten av 1800-talet.

4.1.2 Sosiale forhold

Drangedal var ein av dei kommunane i Sør-Norge som blei ramma hardast av den økonomiske krisa i mellomkrigstida. Hovudnæringa var skogbruk, og tømmerprisane fall etter høgkonjukturen under 1. verdenskrig. I 1927 var kommunen konkurs, og blei sett under statlig administrasjon, som einaste kommune i Telemark.⁹⁷ Ein kortvarig oppgangsperiode i verdensøkonomien verka også i Norge og i Drangedal. I 1929 var arbeidsledigheita nede i 100 personar. Men så kom krakket, som slo inn for fullt frå våren 1930. Kriseåra 1930-1934 var harde i Drangedal, og ramma både husholdningane og kommuneøkonomien.⁹⁸ Skatteinngangen svikta, forsorgsutbetalingane auka og det same gjorde gjelda, sjølv om eigedommar og til og med kraftverket blei selt, med enorme tap. Anleggsperioden på jernbanen var over, og nytt prisfall på tømmer ga meir arbeidsløyse. Den var på rundt 440 i åra 1932-1934, av dei 2/3 frå jord og skog og 1/3 frå anleggsarbeid.

Det blei endå fleire som trond forsorgstøtte, og talet auka frå 1025 til 1097 desse åra. Det var over 23 % av folketalet. I tillegg var det sikkert nokre som heller svalt enn å gå til fattiggassa. Frå 1935 betra situasjonen seg.⁹⁹ Kommunen fekk til gjeldsakkord, og kraftverket blei kjøpt tilbake. Året etter blei den statlige administrasjonen oppheva.¹⁰⁰ Med betra konjunkturar blei arbeidsløysa noko redusert, men den låg heilt fram til krigen på 300-400 personar. Kommune-

⁹⁶ SSB: Statistisk Sentralbyrå 1950, Folketellingen i Norge 3. desember 1946. Tabell 2, s. 6.

⁹⁷ Bergane 1984, s. 22 og 25.

⁹⁸ Bergane 1985, s. 16.

⁹⁹ Bergane 1986, s. 26-29.

¹⁰⁰ Bergane 1985, s. 28.

økonomien ga grunnlag for dobling av forsorgstøtta, dette betra også den sosiale situasjonen. Siste året menighetsrådet hadde tildeling av pengar til fattige til jul var 1938.¹⁰¹ Gjennom heile mellomkrigstida var kyrkja aktiv med fattighjelp og andre sosialt tiltak. I 1930 fekk dei tilsett menighetssøster.¹⁰² Dette var rimeligvis med å styrke tilknytinga mellom folket og kyrkja. Det same var nok tilfelle med utdelingane til jul, der innsamla pengar blei delte ut til namngitte familiar av lokale menn som menighetsrådet peika ut.¹⁰³ Alt er protokollert, personvern og diskresjon var ikkje tema den gongen.

Politisk skjedde det eit skifte i Drangedal som i rikspolitikken i 30-åra. Arbeidarpartiet hadde fått ordføraren frå 1929 (etter kommunevalet i 1928), og etter loddtrekning fekk partiet ordføraren også etter kommunevalet i 1931. Det var sosiale motsetningar mellom bønder og arbeidarar. Det var arbeidskonfliktar om organisering og lønn for skogsarbeidarar.¹⁰⁴ Ein del store skogeigedommar var eigd av utanbygds kapitalistar, men dei fleste og lengste konfliktane var med skogeigarar som var vanlige bønder. Bøndene var på si side hardt ramma av gjeldskrisa. Bygdefolkets Krisehjelp blei organisert i Drangedal i romjula 1931.¹⁰⁵ I 1932 var det 114 betalande medlemmar, av dei fire kvinner (ektefeller). I tillegg er det 13 rotemann som ikkje står på medlemslista, så ein kan rekne 123 menn som var med det året.

Ved stortingsvalet 1933 fekk lista til Bygdefolkets Krisehjelp, i listesamband med Nasjonal Samling, 229 stemmer i Drangedal. Det var 11,8 %. I Telemarks bygder var gjennomsnittsprosenten 9,0 for listesambandet.¹⁰⁶ I 1934 hadde medlemstalet til Bygdefolkets Krisehjelp i Drangedal minka til 44. Ved Stortingsvalet i 1936 fekk NS aleine 39 stemmer i Drangedal som utgjorde 1,8 %. Dette svarar til medlemsatalet til NS under krigen, som i Drangedal aldri var over 50 personar. I heile Telemark var stemmetalet i 1936 3,2 %.¹⁰⁷

4.1.3 Menighetsråda

¹⁰¹ Menighetsrådsprotokoll, Drangedal, s. 66a.

¹⁰² Lande 1950, s. 59.

¹⁰³ Menighetsrådsprotokoll, Drangedal div.

¹⁰⁴ Nordby 2005, s. 197-201.

¹⁰⁵ Tørnes, Simen 1998, s. 115.

¹⁰⁶ SSB 1934 Statistisk Sentralbyrå: Stortingsvalget 1933, https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_ix_026.pdf

¹⁰⁷ SSB 1937 Statistisk Sentralbyrå: Stortingsvalget 1936. https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_ix_107.pdf

Det var to menighetsråd¹⁰⁸ i Drangedal prestegjeld: Drangedal og Tørdal. Då krigen kom var dei sittande menighetsråda valte hausten 1936, for tre år. Perioden blei forlenga med eitt år, og det blei ikkje noko val i 1940, så dei gamle råda fortsette, også etter «nyordninga».

I Drangedal menighetsråd var det ti valte medlemmar. Sokneprest Lande blei formann ved konstitueringa i januar 1937. Presten hadde ein sterk posisjon. Landes forgjengar, *Olav Heddal* (bondeson frå Kroken) hadde vore menighetsrådsformann både i Drangedal og i Tørdal frå starten i 1922 til han reiste i 1933 (med unntak av Drangedal i 1932).¹⁰⁹ Per Fineid frå Solberg skulekrins (Drangedal sentrum) blei varaformann i 1937. Dei blei begge gjenvalt i 1938, 1939 og 1940. I 1941 blei Fineid valt til formann, og han blei gjenvalet i 1942. I 1943 overtok Lande igjen, med Fineid som nestformann. Dei fortsette i 1944 og 1945.

Tørdal menighetsråd hadde seks valte medlemmar. Lærar *Svein Kraakenes* blei formann og *Per Lauvstad* nestformann for 1937. Kraakenes var då ny i soknerådet og Lauvstad hadde vore formann i 1934 og 1936. Sokneprest Lande var formann i Tørdal i 1935. Kraakenes og Lauvstad blei gjenvalt kvart år til 1944 og fungerte fram til nyval i desember 1945. Vi ser at det var erfarne folk i leiinga av menighetsråda då kampen kom, og leiarane fekk fornys tillit etter krigen.

4.1.4 Kristelige organisasjonar

Det var mange bedehus i Drangedal i 1940, minst tre i kvart av dei tre nåverande sokna, Tørdal, Drangedal og Kroken. Andre av dei 17 skulekrinsane hadde foreningsarbeid der møta var i skulehuset eller i heimane. Dei fleste foreiningane var knytta til *Kinamisjonen* (nå Norsk Lutherisk Misjonssamband) og *Langesundsfjordens Indremisjonsselskap* (nå ein del av Normisjon). *Det Norske Misjonsselskap* (NMS) og *Den norske sjømannsmisjon* hadde også foreiningar i Drangedal. Sokneprest Lande var styremedlem i mange foreiningar i Drangedal menighet, og var mykje bruka som talar på bedehusa. Det var også gudstenester på nokre av bedehusa.

¹⁰⁸ I Tørdal-protokollen blei rådet nemnt som «kyrkjelydsråd». Nemninga på nynorsk er «sokneråd». Eg har valt å bruke «menighetsråd» i omtalen av begge.

¹⁰⁹ Naas 2000, s. 79.

I boka *Kyrkje og kristenliv i Drangedal soknekall* (prestegjeld) frå 1950 hadde sokneprest Lande ein oversikt over 30 misjons- og kvinneforeiningar, pluss 8 ungdoms- og barneforeiningar og 8 søndagsskular.¹¹⁰ Det er gunn til å tru at dette er situasjonen under krigen.¹¹¹ Mange var aktive i fleire av foreiningane, og ein del var også aktive kyrkjegjengarar og medlemar i menighetsråda. Så det meste av det aktive kristenfolket i Drangedal var knytta saman. Samtidig hørte dei til nasjonale nettverk, ved deltaking på generalforsamlingar, besøk av sentrale og distrikts-talarar og lesing av misjonsblad. Dei var viktige informasjonsorgan, og hadde betydning i kyrkjekampen. Det ser ein ikkje minst av det faktumet at dei blei underkasta sensur og fleire av dei blei stoppa av NS-styret.

Dei teologiske motsetningane i landet var svekka mot slutten av mellomkrigstida,¹¹² noko som gjorde det lettare å få eit samla kristenfolk bak motstanden då kampen kom i 1941-42. Landes person og prestearitoritet vog tungt lokalt. Han var bygdemenneske, teologisk konservativ og sto på god fot med lekfolket. Og etter seks år i bygda var han godt kjent av alle. Dette til saman ga grunnlag for ein sterk front for kyrkja då motstandskapen kom.

4.1.5 Andre kristne samfunn

Drangedal var likevel ei splitta bygd, kyrkjelig sett. Prosenten av folket som sto utafor Den norske kyrkja var høgare enn landsgjennomsnittet.¹¹³

Den Evangelisk Lutherske Frikirke fekk menighet i Drangdal i år 1900, skilt ut frå menigheta i Kragerø.¹¹⁴ I 1909 blei dei medlemmane i frikyrkja i «Nissedal og omegn» som budde i Tørdal overførte til Drangedal menighet, som frå då av heitte «Drangedal og Tørdal Frikirke». Det kom frikyrkjebygning i Drangedal i 1900, og i Tørdal (på Bostrak) i 1914. Dei fleste medlemmane budde på Lia/Bostrak i Tørdal sokn, og i Drangedal sentrum. I Kroken har det vore få frikyrkjemeldemmar. Forholdet til Den norske kyrkja (DNK) var prega av at frikyrkjemenighetene var danna av «utbrytarar», og ein del gjekk tilbake til DNK. Fram til 1942 var

¹¹⁰ Lande 1950, s.76f og 87-104.

¹¹¹ Lande 1950, s. 87-104, kapitlet «Seinare misjonslag» har ingen opplysningar nyare enn 1944.

¹¹² Austad 1982, s. 343 og Wisløff 1971, s. 413.

¹¹³ SSB 1932 og SSB 1950.

¹¹⁴ Den Evangelisk Lutherske Frikirke (2000), s. 21f.

det 183 personar som hadde gått frå DNK til Frikyrkja i Drangedal og Tørdal, og 35 av dei hadde komme tilbake. Det var vel 19 %.¹¹⁵ På Bostrak og Bø i Tørdal var frikyrkja og indremisjonen saman om hus, men omkring 1940 blei det konflikt. Det enda med at indremisjonen behaldt bedehuset på Bø og måtte bygge nytt på Bostrak.

Pinsevennene kom til i Kroken i 1928,¹¹⁶ og *Pinsemenigheten Sion* fekk eige hus nær Neslandsvatn stasjon i 1930. Fram til 1943 hadde ca 50 personar meldt seg ut frå DNK til Sion.¹¹⁷

«Vekkelsene» siste delen av 1800-talet førte til menigheitsdanningar, og frå Vegårshei i Aust-Agder kom det talarar vandrande over fjella til Tørdal.¹¹⁸ Det blei ei aktiv gruppe av *Guds menighet på Vegårshei* der, og Bergane Bedehus på Grova i øvre delen av bygda var felles for den og misjonsforeiningane.

4.2 Tyskland og Norge

Den lutherske protestantismen som blei statskyrkje i Norge i 1537 kom frå Tyskland, dei fleste religiøse og teologiske impulsane i hundreåra etterpå kom frå Tyskland, og tysk teologi og tyske teologar var utgangspunkt og «pensum» for norske prestar. Kontakten mellom norske og tyske kyrkjeleiarar var nær, også etter at nazistane hadde fått makta i Tyskland i 1933. Den tradisjonelle tolkinga av Rom. 13, 1-7, med absolutt lydighet mot øvrigheita var truleg allment delt av norske teologar.¹¹⁹

¹¹⁵ Lande 1950, s. 110.

¹¹⁶ Nordby 2005, s. 61.

¹¹⁷ Lande 1950, s. 111.

¹¹⁸ Vrålstad 1983, s. 37 f.

¹¹⁹ Wisløff 1971, s. 415.

4.2.1 Nasjonalsosialismen og kyrkjekampen i Tyskland

Ved fire nasjonale val i Tyskland 1932 fekk *Adolf Hitler* og Nationalsozialistische Deutsche Arbeiterpartei (NSDAP) mellom 30,1 og 37,4 prosent av stemmene.¹²⁰ Oppslutninga var størst i dei protestantiske områda.¹²¹ Då Hitler blei riksksanslar 30. januar 1933 blei det ønska velkomen av leiande evangeliske kyrkjeleiarar, også mange som seinare kom i opposisjon, som *Otto Dibelius* og *Martin Niemöller*. Dei såg han som redningsmann frå bolsjevismen, og som ein som kunne gje nytt mot og tru til det tyske folket.

Unntakstilstanden i Tyskland frå 28. februar 1933 oppheva demokratiske rettar, og nytt riksdagsval 5. mars ga NSDAP 44 % av stemmene og fleirtal i Riksdagen etter at kommunistpartiet blei forbudt.¹²² Dette og andre hendingar, som Jødeboykotten (1. mai) og Bokbrenning (10. mai) fekk mange i kyrka til å bli betenkta. Det nye nazistiske kyrkjepartiet *Deutsche Christen* fekk ved nye kyrkjeval i slutten av juni, med hjelp av ytre press, stort fleirtal i dei fleste delstatskyrkjene, og på nasjonalsynoden i september blei miltærpresten *Ludwig Müller* valt til Reichsbischop.¹²³ Han var Hitlers kandidat. Det blei organisert ein opposisjon mot nazifiseringa av den evangeliske kyrkja. Etter vedtak av arier-paragrafen, det at jødar ikkje fekk vere aktive prestar,¹²⁴ lanserte Martin Niemöller *Pfarrennotbund* som fekk oppslutning av 6000 prestar (av 20 000) i løpet av 1933.¹²⁵

Opposisjonen samla seg våren 1934. Pfarrennotbund blei organisert i «Bruderräten» og «Reichsbruderrat». *Die 1. Synode der Bekennenden Kirche* vedtok i slutten av mai *Barmenerklæringa*, som på mange måtar blei et mønster for «Kirkens Grunn» i Norge åtte år seinare. Begge erklæringane var skrivne som ei bekjenning ut frå ein situasjon.

¹²⁰ http://no.wikipedia.org/wiki/Nationalsozialistische_Deutsche_Arbeiterpartei#

¹²¹ Müller 2002, s.255.

¹²² Store norske leksikon 15, 1998, s. 44.

¹²³ Müller 2002, s. 267.

¹²⁴ Store norske leksikon 8, s. 536.

¹²⁵ <http://www.naumburg-geschichte.de/geschichte/kirchenkampf.htm>, dato 15.11. 2014.

4.2.2 Kunnskap om den tyske kyrkjekampen

Blad og tidsskrift som Lande abonnerte på blei kritiske til nazismen Tyskland i løpet av året 1933. Luthersk Kirketidende og Kirke og Kultur hadde svært mykje stoff om og frå Tyskland, Indremisjones hovudorgan For Fattig og Rik hadde under *Johan Martin Wisløff* si redaktørtid tatt opp kulturelle og politiske tema, og han var tidligare ute enn formannen, *Ole Hallesby*, med å åtvare mot nazismen.¹²⁶ I Krigsåra hadde Luthersk Kirketidende mange artiklar som ga viktig informasjon og formidla holdninga før kyrkjekampen kom.

Kirke og Kultur var eit forum for idédebatt. *Eivind Berggrav* var redaktør frå 1909 til 1942, kort før tidsskriftet blei stoppa av NS-styremaktene. Om hendingane sommaren 1933 skreiv han: «Kirkevalget 23. juli er en skitten flekk på Hitlers styre. Sammen med de mange andre tilfeller av åndsterror kan det peke på at “Det tredje rike” tenderer til å bli “Det sorte rike”».¹²⁷ Han tar fram eksemplet med Berlin-biskop Otto Dibelius:

Hans skrivelse til diktator Jäger [«statssekretær for kyrkjesaker»]¹²⁸ av 27. juni er et æreminne for kirken. Brevet – som selvsagt ikke blev offentliggjort – begynner slik: «Jeg ser av avisene at De har avsatt mig fra mitt embede øieblikkelig.» Som en kristen der vet at man skal være all øvrighet underdanig, lover Dibelius også straks å nedlegge alt arbeide av administrativ art. «Men som biskop har jeg mitt mandat fra kirkens Herre og hans menighet; fra omsorgen for menigheter, ordets forkynnelse og forbønnen kan ingen statskommisærer avstte mig. Jeg fortsetter ufortrødent i dette mitt kall.»

Ein ser i ettertid eit frampeik mot mot situasjonen i Norge i februar 1942, då alle biskopane la ned den statlige delen av embetet. I kvar årgang av Kirke og Kultur fram mot krigen er det artiklar om Tyskland og tysk kyrkjekamp.

¹²⁶ Kullerud, Dag 1987, s. 301.

¹²⁷ Berggrav 1933 s. 432f.

¹²⁸ Helaseppä 2004, s. 78: August Jäger: «Rechtswalter der Reichskirchenregierung».

4.3 Krigen

Etter Hitlers maktovertaking starta militarisering og etter kvart sterkt opprusting i Tyskland. Mot slutten av 1930-åra var det i dei vesteuropeiska landa frykt for ein ny krig, i skuggen av tysk territorial ekspansjon. I Norge håpa og trudde dei fleste at ein i tilfelle krig kunne vere nøytral, som i 1914-18. Mellomkrigstida var prega av polarisering i Europa, med dei totalitære ideologiane kommunisme og facisme/nazisme, og svekka tiltru til demokratiske løysingar. I 1939 hadde dei fleste europeiske statane autoritært styre, med unntak i Vest-Europa og Skandinavia. I Norge var dei sosiale motsetningane mindre enn i mange andre land. Arbeiderpartiet fekk regjeringsmakt, kommunistpartiet var marginalisert og den norske etterlikninga av Hitlers tyske naziparti, Nasjonal Samling, hadde minimal oppslutning før okkupasjonen.

Viss det skulle bli alvor, og ein måtte velje mellom raudt og brunt/svart, så gjekk preferansane i ulik retning. I arbeidarrørsla var det fortsatt sympatiar for kommunismen og Sovjetunionen, mens mange i Høire og Bondepartiet, og ikkje minst aviser og næringslivsfolk, ville seie «heller Hitler enn Stalin». Borgarkrigen i Spania (1936-39) og Vinterkrigen i Finland (1939-40) aksentuerte valet. Det var ikkje så få nordmenn som meldte seg som frivillige, på begge sider i Spania (flest på den republikanske sida, men også nokre på falangist-sida) og til hjelp for Finland mot Sovjetunionen.

4.3.1 Krig i Europa 1939-40

Den andre verdenskrigen starta 1. september 1939 med tysk angrep på Polen. England og Frankrike svarte med å erklære krig mot Tyskland. Sympatiene i vårt land var, som under den første verdenskrigen, mest hos dei allierte vestmaktene. Og viss krigen kom til oss, ville Norge vere på England si side.¹²⁹

Det meste av betydning hausten 1939 skjedde i aust: Polen blei delt mellom Tyskland og Sovjetunionen, som også okkuperte Estland, Latvia og Litauen, utan krig. Krig blei det derimot med Finland, «Vinterkrigen» frå 30. november 1939 til 13. mars 1940. Vinterkrigen skapte uro i Norge og Sverige. Støtta til Finland var stor, hjelpesendingar og frivillige blei sendt austover. Bolsjevikfrykt var sterkt utbreidd i vide kretsar i vårt land, og ikkje minst mel-

¹²⁹ Lange, 1998, s. 66

lom kristne, noko som NS-propagandaen kom til å bygge på for å verve frontkjemparar og skape støtte for Tysklands krig etter at Tyskland angreip Sovjetunionen sommaren 1941, i allianse med Finland.¹³⁰

Altmark-affæra 16. februar 1940, då britisk marine borda eit tysk skip i Jøssingfjorden skapte ordet «Jøssing» = Englandsvenn, opphavlig eit NS-skjellsord. Manglande norsk evne til å hevde nøytraliteten var ein faktor for at Tyskland valte å okkupere Norge.

4.3.2 Krigen i Norge

9. april 1940 gjekk tyske styrkar i land og okkuperte på få timer Oslo, Horten, Arendal, Kristiansand, Egersund, Stavanger, Bergen, Trondheim og Narvik.¹³¹ I løpet av april var motstanden i Sør-Norge broten, med unntak av i Vinjesvingen i Telemark og Hegra festning i Stjørdal, begge stader varte motstanden til 5. mai. Ved Narvik var det kampar heilt fram til den norske kapitulasjonen 10. juni. Tapa i menneskeliv var moderate i Norge sammanlikna med ein del andre land. Men gjennom krigsåra var det i alle bygder og nabolog nokon som «var med» i krigen, alle kjente nokon som falt eller var arrestert. Meir enn fem års okkupasjon hadde verknad i alle alle delar av samfunnet.

4.3.3 Krigen i Drangedal

Få frå Drangedal mista livet i krigen, og bare éin som var heimehørande i bygda i 1940, matrosen *Kåre Løite*.¹³² Nokre av dei som var mobiliserte kom seg til Evjemoen i aprildagane 1940 og var med på tilbaketoget og kapitulasjonen. Andre drangedølar tok seg opp til Vinjesvingen og var med som frivillige i kampane der. Kommunen og kjøpmennene stilte opp med transport og forsyningar.¹³³

Det gjekk ei tid etter 9. april før tyskarane kom til Drangedal. Dei okkuperte først tettstadene langs kysten frå Langesund til Kragerø.¹³⁴ Ein representant for okkupantane kom til ordførar

¹³⁰ Jf. Bolsjevikoppropet, i kap 6.2.6 «Dokument frå kampen, rundskriv og Hyrdebrev».

¹³¹ Nøkleby 1995, s. 448.

¹³² Vogsland 1995 s. 275f., jf kapittel 6.4.1 «Det har snudd.».

¹³³ Vogsland 1995, s. 12-21.

¹³⁴ Birkenes 1982, s. 19.

og sokneprest Torkel Tande i Sannidal fredag 12. april¹³⁵ men først tysdag 23. april kom ei tysk avdeling til Prestestranda.¹³⁶ Dei rekvirerte Bedehuset, skulen og Folkets Hus, og blei i den omgangen i Drangedal til 11. mai.¹³⁷ Fram til april 1945 var det bare sporadisk at det kom tyskarar til hovudbygda.¹³⁸ I samband med ein fangeleir på Bostrak og militæranlegg i Kroken kom det ein del dei siste krigsåra.

I 1943 blei Bostrak skule, 11 km nord for sentrum, tatt i bruk som fangeleir for ca 30 russarar som skulle hogge tømmer. Nokre greidde å rømme våren 1944, og store styrkar blei sett inn i ettersøkinga.¹³⁹ Vinteren 1945 rekvirerte tyskarane Lone skule og Bergane Bedehus i Tørdal for kortare periodar.

Det var tre Milorg-grupper i Drangedal, med til saman ca 230 mann, pluss nokre kvinner som ikkje står på listene.¹⁴⁰ Milorg var skilt frå Sivorg, som to parallelle organisasjonar.¹⁴¹ Milorg hadde to treningsleirar i Drangedal. Dei trente og tok i mot flyslepp, men hadde lite våpen. Dei mest dramatiske aktivitetane i Drangedal var sabotasjen mot to jernbanebruene i mars/april 1945. Det var ein del av den større aksjonen med kodeord «Betongblanding» for å seinke troppetransport til fronten i Tyskland. Det var eit tysk raid mot Milorg-leiren på Jysereid i april 1945, og ein aksjon i Kjosen på jakt etter sabotørar kort før krigsslutt. Etter frigjøringa vakta Milorg på tyskarane og var med og arresterte NS-medlemmar.¹⁴²

Sivorg i Drangedal blei organisert frå 6. august 1943.¹⁴³ Tillitsmann var kraftverkstyrar Lauritz Kloster som hadde drive illegalt arbeid «fra første stund».¹⁴⁴ Han organiserte også innsamlinga av lønn til prestane. (Jf. kapittel 6.3.6. «Prestelønn og prestegard».) Dei andre i

¹³⁵ Tande 1985, s. 14.

¹³⁶ Lande 1950, s. 112.

¹³⁷ Vestmar 14. mai 1940.

¹³⁸ HHI 506, Rapport nr 28, s. 2.

¹³⁹ Nordby 2005, s. 372.

¹⁴⁰ Vogsland 1995, s. 278-281

¹⁴¹ Kloster 1945, s. 4.

¹⁴² Vogsland 1995, s. 259.

¹⁴³ Kloster 1945, s. 2.

¹⁴⁴ Ibid, s.1.

leiinga var Lande og John Bustrak.¹⁴⁵ Kloster og Lande var begge med i styret for *Prestestrands Misjonsforening*, så dei kjente kvarandre godt. Kloster var foreslått til Sivorg av Lande, som blei kontakta frå nabokommunen Lunde. Det var «skolebestyrer» *Sveinung Berge* frå Ulefoss som hadde organisert motstandsarbeidet for lærarane i kommunane Holla og Lunde (nå Nome kommune) pluss Drangedal.¹⁴⁶ Dette syner tett samanheng mellom den kampen lærarane førte, kyrkjakampen og den sivile kampen i det heile. Det var lærar og prest som leiarar i motstandskapen – og den passive motstanden blei nå løfta opp og organisert på det aktive motstandsplanet.

Berge kom først til Lande, som viste han til Kloster. Han skreiv i ein rapport etter krigen: «Kun oss 3 kjente noe til sivilorg.»¹⁴⁷ Parolar og propagandamateriell kom frå Lunde, med ein jernbanemann. Det blei spreidd av montørane i kraftverket: «Bilen til e-verket kjørte jo over hele dalen.» Gruppa i Drangedal hadde også kontakt på eitt høgare nivå, i Skien, men ikkje med leiinga i Oslo. Dei bygde etter kvart ut eit større lokalt nettverk, med 14 namngitte personar i kretsane, mellom dei soknerådsleiar i Drangedal Per Fineid og tidligare ordførar *Tor Lundtveit*. Han gjekk av etter «Nyordninga» i januar 1941, og fekk att vervet etter fri-gjøringa. Dei to pluss ein av dei andre var i tillegg kontaktpersonar for innsamling av lønn til prestane. Kontaktnettet omfatta også ein mann på jernbanen. Det var framståande menn frå yrkesliv og politikk som leia motstandsarbeidet i lokalsamfunnet. Dei kunne vere trygge på kvarandre, men det var også ein risikofaktor dersom motstandarane skulle slå til. Den avsette lensmannen John Bustrak var dømt for å ha radio, og sat på Grini vel to månader våren 1942.¹⁴⁸ Han var med både i Sivorg, Milorg¹⁴⁹ og XU,¹⁵⁰ noko som kunne ha blitt lagnadstungt dersom ein av organisasjonane hadde blitt rulla opp. Det skjedde ikkje opprulling av motstanden i Drangedal, men sju personar som hadde ordna forsyningar til Milorg gjekk i dekning i samband med tysk rassia 22. April 1945.¹⁵¹

¹⁴⁵ Kloster 1945, s. 2.

¹⁴⁶ Næs 1984, s. 37.

¹⁴⁷ Kloster 1945, s. 1f.

¹⁴⁸ Vogsland, 1995, s. 63.

¹⁴⁹ Vogsland 1995, s. 278.

¹⁵⁰ Nordby 2005 s. 363.

¹⁵¹ Kloster 1945, s. 3.

Det var eit tjuetal personar i Drangedal som blei arrestert for radiolytting, og nokre av dei fekk opp til seks månader på Grini. Det var mange radioar gjømt bort i bygda, og det blei gjort fleire innbrot for å ta av dei radioane som var innlevert.¹⁵² Ingen frå Sivorg blei arrestert, men Kloster sjølv hadde fått 100 kr i mulkt for blom i knappholet på kong Haakons fødselsdag 3. august 1943.¹⁵³ Dette var før det organiserte motsandsarbeidet kom i gang.

XU i Drangedal rapporterte tysk militær aktivitet og anleggsarbeid til distriktsleiaren, sokneprest Tande i Sannidal. Han var i si tid rekruttert av ein student frå Drangedal, og kontaktmannen i Drangedal var tilsett ved eletrifiseringsprosjektet på Sørlandsbanen. Han hadde kontor på Drangedal stasjon. Stasjonsmesteren formidla meldingane, som «jernbane-post».¹⁵⁴

Den 11. april 1945 var det eit engelsk/norsk bombeangrep på Porsgrunn havn, med luftkamp med ca 60 fly i retning av Drangedal. Eit norsk Mosquito-fly styrtta i Kjosen. Dei to flygarane blei gravlagt på kyrkjegarden i Drangedal 14. april.¹⁵⁵

¹⁵² Kloster 1945, s. 3 og Vogsland, 1995, s. 57.

¹⁵³ Kloster 1945, s. 3.

¹⁵⁴ Tande 1995, s. 78.

¹⁵⁵ Sætre 1993, s. 126.

5. Den norske statskyrkja

Tysk okkupasjon og NS-overtaking av kyrkje- og kulturpolitikken innebar ein heilt ny situasjon for Den norske kyrkja. DMK-medlem *Kristian Hansson* skreiv: «Den møtte en statsmyndighet som i ord og gjerning la for dagen at kirkens tjeneste skulle stilles i bestemt relasjon til den politiske maktutøvelse.»¹⁵⁶

5.1 Konflikten i 1942, nasjonalt og regionalt

Det var viktig for leiinga i motstandskyrkja å få fram at kyrkjekampen ikkje var ein strid på toppen, men ein kamp i kvar einaste bygd og by, i menighet, skule og foreningar. Her hadde motstanden sin styrke. NS sto svakt i folket, og i Drangedal som mange andre stader var det få og oftast ikkje dei leiande personane som støtta «Den nye tid».

5.1.1 «Kirkekampen» i Norge¹⁵⁷

Den tyske «Reichskommissar» *Josef Terboven* hadde 25. september 1940 avsett det sivile norske *Administrasjonsrådet* som Høyesterett utnemnte 15. april etter at regjeringa evakuerte. Terboven sette inn «kommissariske statsrådar» til å styre departementa. Dei fleste av dei var medlemmar av NS, som blei einaste tillatne parti. *Kyrkje- og undervisningsdepartementet* (KUD) skulle styrast av *Ragnar Skancke*. I første fasen var kyrkjekampen først og fremst en konflikt mellom biskopane og KUD om kven som skulle styre Den norske kyrkja. Ein ny fase kom med hendingane etter 1. februar 1942. Biskopane, og kort tid etter dei aller fleste prestane, la ned det statlege embetet og fortsette som menighetsprestar. Det teikna seg etter kvart to kyrkjer: Statskyrka, styrt av KUD, og motstandskyrkja, leia av DMK og styrt av prestar og dei gamle menighetsråda.

¹⁵⁶ Hansson 1945, s. 70.

¹⁵⁷ Referert vesentlig frå Berg, Pål 1999.

5.1.2 Skien bispedømme

Det var i starten bare fire prestar i Agder bispedømme som var «lojale» mot NS-kyrkja.¹⁵⁸ Då dei to første sokneprestane, frå Holum i Vest-Agder og frå Herefoss i Aust-Agder hadde sagt nei til oppgåva, var det ein Telemarksprest, sokneprest *Ludvig Daae Zwilgmeyer* i Porsgrunn som blei fungerande biskop etter at biskopen i Agder, James Maroni, og dei andre biskopane hadde sagt frå seg det statlige embetet. Agder bispedømme blei snart omorganisert. Telemark og Aust-Agder blei eit nytt «Skien stift», mens Vest-Agder blei lagt til Stavanger bispestol. Motstanden mot NS-kyrkja var kompakt i det nye bispedømmet. Det blei varige konfliktar då nokre menigheter fekk NS-prestar. I Telemark var til slutt ein tredel av prestane forviste av NS-styremaktene,¹⁵⁹ og Agder var det bispedømmet som hadde relativt flest avsette prestar, 19,5 % av alle.¹⁶⁰ Deira menigheter blei for det meste utan fungerande prest. En eventuell ny «lojal» prest blei boikotta, så gudstenester og kyrkjelige handlingar som gravferd og konfirmasjon blei forretta av naboprestar og dei avsette prestane, så lenge dei ikkje blei forviste.

Mange stader, som i Drangedal og Sannidal, fortsette likevel gudstenestelivet med etter måten små endringar. Dei prestane som hadde lagt ned embeta blei verande som «pastor», og folket slutta opp om kyrkja, i større grad enn før. Prestane blei av og til truga, men kunne stort sett fortsette som før, med unntak av dei statlige oppgåvene som vigsel og kyrkjebokføring. Dei kristne organisasjonane blei forsøkt overtatt og kontrollert, men med unntak av Det Norske Misjonsselskap sentralt så gjekk organisasjonslivet sin gang. Nokre få predikantar frå organisasjonar og frimenigheter tok teneste som lojale prestar, men dei fungerte dårlig.¹⁶¹

¹⁵⁸ Berg, Pål 1999, s. 158.

¹⁵⁹ Prestearkivet, mappe: Stensil, udatert 1944 (Jf. kap. 6.5.1 Dokument frå kampen [1944]).

¹⁶⁰ Norrman 1998, s. 200.

¹⁶¹ Prestearkivet, dokument: Brev, avskrift i gjennomslag, Skancke/Feyling 20. september 1943, jf. kap. 6.4.1 «Dokument frå kampen, parolar og brev.»

5.2 Kyrkje- og stat-styring til 1941

Bispemøtet hadde eksistert frå 1917, med biskopen i Oslo som valt ordstyrar. Frå 1932 blei ordstyraren kalla «preses» og i 1934 blei ordninga med faste bispmøte formalisert.¹⁶² Med Eivind Berggrav som preses frå 1937 kom Bispmøtet til å få ei tydeligare leiarrolle i Den norske kyrkja. Biskop Berggrav var også med i *Kristent Samråd*, som blei danna i oktober 1940, saman med blant andre organisasjonsleiarane Ole Hallesby (Det Norske Lutherske Indremisjonsskapet, nå Normisjon) og *Ludvig Hope* (Kinamisjonen). Koplinga mellom kyrkja og organisasjonane var etablert, og det skulle bli ein allianse som heldt kampen ut, også etter at DMK i april 1942 overtok for Kristent Samråd.

Under Administrasjonsrådet fortsette ordninga av kyrkjestyret som før. Med Terbovens «kommissariske styre» frå september 1940 kom det forandringar. Ragnar Skancke hadde lite greie på kyrkjesaker,¹⁶³ men etter ei omorganisering i KUD kom prost Sigmund Feyling 1. februar 1941 på plass som ekspedisjonssjef i ei avdeling for kyrkje og presteskap.¹⁶⁴

Nå kom kampen om kven som skulle styre i Den norske kyrkja. Konflikten mellom dei to kyrkjeleiingane, departementet og biskopane, blei tydelig gjennom året 1941. Det første *Hyrdebrevet* kom i februar 1941, der biskopane tok opp emne som etter NS-styret sitt syn var «politiske» og ikkje «åndelige», og året enda med konflikten rundt eit departementalt rundskriv om «orgel spill», sendt direkte til menighetene utan å gå vegen om biskopane. Desse sakene syner at begge partar meinte at den andre gjekk inn på sitt område. Nå måtte det vere viktig for biskopane å få fram at kyrkja sin kamp ikkje først og fremst var om formalitetar og posisjonar, men galdt heile folket og framtida for kristendommen og landet.

5.2.1 Biskop Berggrav

Eivind Berggrav (1884-1959) var son av *Otto Jensen*, prest, kyrkjestatsråd og biskop i Hamar 1917-1918.¹⁶⁵ Kona *Kathrine* var søster til *Henrik Seip*, prost i Skien 1937-1950,¹⁶⁶ og til

¹⁶² Oftestad 2005, s. 244.

¹⁶³ Torgersen 2011, s. 47.

¹⁶⁴ Norrman 1998, s. 42.

¹⁶⁵ http://no.wikipedia.org/wiki/Otto_Jensen

rektor på Universitetet, *Didrik Arup Seip*. Vi ser at det var tette band mellom ein del toppledarar i den åndelige motstandskampen.

Berggrav var biskop i Hålogaland frå 1928 til 1937, då han blei biskop i Oslo. Gjennom Bispemøtet etablerte han seg som tydeleg leiar av Den norske kyrkja. Han var initiativtakar til og leiar av Kristent Samråd frå starten i 1940 og til han blei internert i april 1942, og valt leiar av Den Midlertidige Kirkeledelse, med varamann (domprosten, *Johannes Hygen*), sidan han var blitt arrestert og internert.¹⁶⁷ Gjennom hemmelige kontaktar hadde Berggrav avgjørande innverknad på motstandspolitikken. Med mulig unntak av nokre fredsinitiativ etter utbrotet av Den andre verdenskrigen og ein uheldig tur i Nordmarka i april 1940,¹⁶⁸ så var han ein av dei viktigaste motstandarane av nazismen og NS i Norge. Han var aktiv for å få avvist Quisling, som prøvde å få regjeringsmakt frå 9. april 1940, og i å opprette Administrasjonsrådet. Berggrav sto for den endelige utforminga av erklæringa *Kirkens Grunn*.¹⁶⁹

5.2.2 Biskop Maroni

James Maroni (1873-1957) var son av ein skipsredar i Kristiansand, biskop i Agder 1930-1947, og ein personlig ven av prost Lande.¹⁷⁰ Maroni var ein av tre biskopar i DMK, og ein av dei fire biskopane som blei avsett av NS-styret 12. mars 1942.¹⁷¹ Han fortsette å reise rundt i menighetene og tale til han blei forvist til Årdal i Ryfylke i februar 1944. Der fungerte han som prest i fem månader. Så blei han forvist til Lillehammer og seinare til Helgøya.¹⁷²

¹⁶⁶ Prester i Den norske kirke 1974, s. 229.

¹⁶⁷ Dahl 1995, s. 67.

¹⁶⁸ Jf. Wisløff 1971, s. 418f.

¹⁶⁹ Austad 1974, s.132ff.

¹⁷⁰ Teigen 2010, s.40f.

¹⁷¹ Berg, Pål 1999, s. 104.

¹⁷² Støylen 1984, s. 131.

5.3 NS- styret

Statsstyret var først og fremst representert ved statsråden i Kyrkje- og Undervisningsdepartementet, Ragnar Skancke, og den daglig leiaren, ekspedisjonssjef Sigmund Feyling.

5.3.1 Statsråd Skancke

Ragnar Skancke (1890-1948) var professor i elektronikk ved Norges Tekniske Høyskole før krigen. Han var NS-medlem frå 1933, og blei peikt ut som «sosialminister» i den regjeringa Vidkun Quisling annonserte 9. april. Skancke blei kommissarisk statsråd i KUD frå 25. september 1940 og Kyrkje- og undervisningsminister i Quislings regjering frå 1. februar 1942 til frigjøringa. Han var ein av fire som var statsråd heile tida frå 1940 til 1945, og arbeidde aktivt for NS' nyordning av kyrkje og skule, det som førte til kyrkjekampen.

5.3.2 Ekspedisjonssjef Feyling

Sigmund Feyling (1895-1980) blei vurdert slik av seinare Agder-biskop *Kaare Støylen*: «NS (fikk) en overbevist og nidkjær støttespiller [...] det var han som la opp planene og gjennomførte tiltak for å nasifisere kirken.»¹⁷³

Feyling var bonde- og lærarson frå Egersund; det opphavlige namnet hans var *Simon Slettebø*.¹⁷⁴ Han tok lærarprøva i 1918 og var lærar på folkehøgskule i Ålesund (Møre ungdomssku-
le) og på bibelskulen til *Vestlandske Indremisjon* i Bergen. Han tok teologisk embetseksamen
på Menighetsfakultetet i 1924 og blei ordinert til residerande kapellan i Egersund i 1926.

I 1929 blei han sokneprest, og var prost i Dalane prosti frå 1936. Feyling ga det teologiske
grunnlaget for kyrkjestyret til NS, forma ut i bøkene *Kirke og stat* i 1941 og *Kirkelig hvitbok* i
1942. (Den siste var ein dokumentasjon og vurdering av kyrkjekampen som blei inndregen av
tyske styremakter.¹⁷⁵)

¹⁷³ Støylen 1984, s. 124.

¹⁷⁴ Schübler 1945, s. 44.

¹⁷⁵ Berg, Pål 1999, s. 107.

Før krigen hadde Feyling mellom anna skrive ei lærebok i kristendom for konfirmantar. Den er ikkje prega av nazi-ideologi, men av tradisjonell norsk evangelisk-luthersk lære og etikk, og anbefalt av Bjørgvin-biskop *Andreas Fleischer*.¹⁷⁶ Kristendomsboka «Liv og lære» som blei godkjent i 1937 kom i omarbeidd utgåve i 1941, med sterkt NS-preg, særleg i tolkinga av Det fjerde bodet, med utgangspunkt i Rom. 13,1f.

5.3.3 Skien-biskop Zwilgmeyer

Ludvig Daae Zwilgmeyer (1886-1969) var sokneprest i Porsgrunn frå 1939. Han var av embetsslekt, faren *Ludvig Daae Zwilgmeyer* var prest¹⁷⁷ og stortingsmann for Høire.

Zwilgmeyer var medlem av NS frå valkampen hausten i 1933, då han var prest på Notodden, og fornya medlemskapen i september 1940.¹⁷⁸ Dikt- og salme-samlingar han gav ut i mellomkrigstida er ikkje prega av NS-ideologi, men av kristen sentrallyrikk og litt nasjonal patos, som var vanlig på den tida.¹⁷⁹

Alle i familien, kona og dei seks barna, blei medlem av NS.¹⁸⁰ Den eldste var gut, og så var det fem jenter. To svigersøner var aktive i NS, sonen og ein svigerson hadde vore frontkjemparar. Sonen hadde same namnet som faren. Frå 1942 var sonen betjent i Statspolitiet i Oslo,¹⁸¹ og blei karakterisert som «Agressiv».¹⁸² Han døde i fengsel i 1947.¹⁸³

I mars 1942 blei L.D. Zwilgmeyer konstituert biskop i det nye Skien bispedømme. Den 28. juni 1942 blei han og *Lars Frøyland* ordinerte av konstituert domprost i Nidaros, *Einar Lothe*. Zwilgmeyer fortsette som NS-biskop så lenge krigen varte. I tillegg styrte han sokneprest-

¹⁷⁶ Feyling 1935.

¹⁷⁷ Prester i Den norske kirke 1972, s. 291.

¹⁷⁸ Riksarkivet, Landssviksak, Ludvig Daae Zwilgmeyer: arrestasjonsrapport.

¹⁷⁹ *Tidehverv*, Lutherstiftelsen 1934, *Den nye dag*, Lutherstiftelsen 1935 og *Vår Gud har talt*, Lutherstiftelsen 1936.

¹⁸⁰ Riksarkivet, Landssviksak, Ludvig Daae Zwilgmeyer: dok. 20: Søknadskjema for å beholde radio, 12. september 1941.

¹⁸¹ Logg Statspolitiet 19. juli 1944: <http://www.abcnyheter.no/krigssommeren/article/show?id=407324>

¹⁸² Solberg 2014, s. 803.

¹⁸³ Riksarkivet, Landssviksak Ludvig Daae Zwilgmeyer: Ang. Benådning.

embetet i Gjerpen, der soknepresten nekta å overta Porsgrunn og gjekk av, og kapellanen seinare blei avsett og forvist.¹⁸⁴

Kaare Støylen meinte at «Zwilgmeyer egnet seg ikke til å være NS.bisp og kirkeleder i slike harde tider. Prestene i distriktet opplevde ham som en mann der var forsiktig fordi han var ensom og engstelig av natur.»¹⁸⁵ Den vurderinga er ikkje bekrefta av mitt materiale. Zwilgmeyer var ein av dei biskopane som mest flittig rapporterte til departementet.¹⁸⁶ Han var aktiv i konfliktane og pådrivar for forvisning av prosten i Arendal, 17 prestar og to klokkarar i Skien bispedømme.¹⁸⁷

¹⁸⁴ Christensen 1978, s. 929 f.

¹⁸⁵ Støylen 1984, s. 163.

¹⁸⁶ Norrman 1998, s. 251.

¹⁸⁷ Riksarkivet, Landsviksak, Ludvig Daae Zwilgmeyer, dok 29.

6. Kyrkjekampen i Drangedal

Utanpå permen i prestearkivet har Lande skrive: «Rundskriv frå Biskopane og frå departementet til Sokneprestane 1941-1945 og Rundskriv frå Den midlertidige kirkeledelsen. Desse er komne fram på “løynde vegar.”» Nokre av dei løynde vegane var det offentlige transportsystemet. I Drangedal og andre stader hadde bussjåførar og jernbanefolk med seg materiale, med stor personlig risiko.¹⁸⁸ Emissærar nådde fram til møte på bedehuset, ofte på sykkel langvegsfrå. Dei kunne ha med seg kurér-post. På bedehusmøta var gjerne presten til stades. Om lokale og sentrale spørsmål kom informasjonen fram og tilbake.

I rapportane til KUD frå Skien-biskop L.D. Zwilgmeyer er det ingenting frå Drangedal. «Kirkekampen sentralkarkiv» har avskrifter og nokre originalar av ein del av det same materialet som finst i Prestearkivet i Drangedal.¹⁸⁹

6.1 Omkring året 1940, «I dag står flaggstangen naken»¹⁹⁰

Heile nasjonen måtte brått instille seg på ei anna verkelighet etter at den tyske okkupasjonen blei ein realitet i april 1940, og endå meir etter at det kommissariske styret tok over regeringsfunksjonane 25. september. Biskopane sendte mange skriv og «Hyrdebrev» til prestane og menighetene, formelt «nøytral» informasjon, men tendensen var tydelig mot NS-styret, og førebudde på den striden som skulle komme.

6.1.1 Ikkje feiring

Det var planlagt bispevisitas i Drangedal prestegjeld 2.-5. mai 1940.¹⁹¹ Lande spurte biskop Maroni om ofringane under visitasen kunne gå «til Finland», og viste til oppfordring frå bispmøtet om dette. Biskopen godtok det.¹⁹² Det er ingen spor av visitasen i ettertid, verken i menighetsbladet eller i protokollane. Sannsynligvis blei den avlyst på grunn av krigen. Lande

¹⁸⁸ Lande 1946.

¹⁸⁹ Nasjonalbiblioteket, Håndskriftarkivet: Ms. 4° 3713 B2.

¹⁹⁰ Første linja i diktet «17. mai 1940», av Nordahl Grieg.

¹⁹¹ Prestearkivet, dokument: Brev, biskop Maroni 22. februar 1940.

kom på å tilby gudsteneste i kyrkja som ein del av programmet onsdag 1. mai 1940, noko som Drangedal Arbeidarparti sa ja takk til.¹⁹³ To veker seinare måtte dei melde at det ikkje blei offentlig 1. mai-feiring, men at det var mange som ønska messe likevel den dagen.¹⁹⁴ Den blei nok ikkje noko av, men det at arbeidarlaget ønska å gje sin kampdag til kyrkja og at soknepresten ville ha gudsteneste 1. mai, viser at den forsoninga mellom gamle motstandarar i klassekampen som utvikla seg i vårt land etter krisa og arbeidskampane rundt 1930 hadde slått gjennom også lokalt.

Det blei heller ikkje gudsteneste eller anna feiring på 17. mai. Dagen skulle vere arbeidsdag, ikkje fridag og ikkje festdag.¹⁹⁵ I 1942 blei to menn i Drangedal angitt for «i demonstrasjonshensikt ikke å ha arbeidet 1. og 17. mai», og ein lærar «for ikke å ha holdt skole 17. mai 1942, dette også for å demonstrere mot det statsbærende parti.»¹⁹⁶

6.1.2 Bensin og brensel

Det blei innført bensinrasjonering frå slutten av april 1940, og politi/lensmann skulle utlevere eventuelt bensinkort. Presten var i utgangspunktet ikkje mellom dei yrkesgruppene som skulle få bensinkort. Dei som er nemnt i rundskrivet frå Direktoratet for Industriforsyning er legar, jordmødrer og dyrlegar.¹⁹⁷ Ein forstår at det skapte praktiske vanskar. Lande har sett ein utveg i punkt 5 b, om offentlige funksjonærar til «absolutt nødvendige og uoppsettelige tenestereiser». Men det gjekk ikkje så lett. I første omgang blei det blankt avslag frå Bensinkontoret i Forsyningsdepartementet. Departementet følgjer gamle byråkrat-rutiner og -språk: «[...] skal få melde at en i henhold til gjeldende bestemmelser ikke har adgang til å gi kjøretillatelse for prester.» Det trykte brevpapiret hadde overskrifta «Det kongelige Forsyningsdepartement» og dateringa var to dagar før kongen reiste frå landet.¹⁹⁸ Lande søkte på nytt dagen etter, og

¹⁹² Prestearkivet, dokument: Brev til og frå (på baksida) biskop Maroni 26. og 27. mars 1940.

¹⁹³ Prestearkivet, dokument: Brev, Åsulv O. Tveit, 4. april 1940.

¹⁹⁴ Prestearkivet, dokument: Brev, Åsulv O. Tveit, 15. april 1940.

¹⁹⁵ Prestearkivet, dokument: Skriv, Administrasjonsrådet, 14. mai 1940.,

¹⁹⁶ Riksarkivet, Landssviksak, Kragerø nr 57.

¹⁹⁷ Prestearkivet, dokument: Skriv, «Bensinkontoret », udadert april 1940.

¹⁹⁸ Prestearkivet, dokument: Brev, Bensinkontoret, 5. juni 1940.

fekk nytt avslag, Denne gongen hadde Bensinkontoret ikkje brukt det gamle brevpapiret; brevhovudet var maskinskrive, og ikkje «kongelig». ¹⁹⁹ Skiftet var dermed markert.

Lande ga seg fortsatt ikkje; med avstandane 20 og 26 km frå prestegarden til Tørdal kyrkje og Kroken kapell ville det vere nesten umulig å komme til og frå gudstenester og gravferder utan bil. Det er ukjent korleis han greidde seg i dei tre månadene mai, juni og juli, men frå august fekk han etter endå ein søknad «tillatelse til å benytte bil til og fra annekset og kapellet de dager det holdes gudstjeneste der [...]» Løyvinga var avgrensa til 30 liter bensin i månaden, som ville halde akkurat. Brevet frå Bensinkontoret var sendt lensmannen i Drangedal, som i avskrift sendte det vidare til soknepresten med påskrift.²⁰⁰ I oktober 1940 kom det nye rettingslinjer, Bensinkontoret hadde letta på praksis.²⁰¹

Frå mars 1941 blei tildelinga til embetsreiser for prestar tatt bort. Heretter var det eit kvantum på tanken og kjøretillatelse bare ved soknebod.²⁰² Etter oppfordring frå Reichskommissar i oktober 1941 blei alle embetsmenn bedne om å gå over til gassgenerator, og i alle fall blei bensinkvoten redusert for dei.²⁰³ Gassgenerator kom snart på dei fleste sivile bilar i landet, fyrt med «treknott». I januar 1941 kom det ein stor knottfabrikk i Kjosen i Drangedal.²⁰⁴

Styremaktene ved Administrasjonsrådet tok omsyn til at krigen og okkupasjonen kunne bli langvarig, og at ein ikkje kunne rekne med import av forsyningar, spesielt kol og koks frå England. I skriv frå KUD til sokneprestane i april blei det gitt beskjed om at ein må auke vedhogsten ut over vanlige driftsprinsipp, spesielt i sentrale område med kort veg til transport og forbrukar.²⁰⁵ Ut på sommaren kom sterk oppfordring til å spare på brensel, ved å redusere talet på rom som blei fyrt.²⁰⁶ I Drangedal prestegård var det fem vedomnar i første etasje og

¹⁹⁹ Prestearkivet, dokument: Brev, Bensinkontoret, 11. juni 1940.

²⁰⁰ Prestearkivet, dokument: Dateringar 17. og 29. juli 1940.

²⁰¹ Prestearkivet, dokument: Skriv frå KUD 5. oktober 1940.

²⁰² Prestearkivet, dokument: Skriv, KUD v. Feyling/Rettestøl, 13. mars 1941.

²⁰³ Prestearkivet, dokument: Skriv, KUD v. Feyling/Rettestøl, 4. november 1941.

²⁰⁴ Tørnes 2012, s.70.

²⁰⁵ Prestearkivet, dokument: Skriv, KUD v. Seip/Theisen 22. april 1940.

²⁰⁶ Prestearkivet, dokument: Skriv, KUD v. Seip/Oftenæs 27. juni 1940.

fire i andre etasje, og presten hadde bruka å få 16 famner ved frå prestegårdsdskogen årlig.²⁰⁷ Prestedottera Berit Teigen fortalte at det var kaldt i stover og soverom i krigsåra.²⁰⁸ Vanskar i dagliglivet merka alle frå første stund under krigen.

6.1.3 Frå Administrasjonsrådet til kommisarisk statsråd

Statsstyret kom i gang i dei okkuperte områda etter 15. april, då Administrasjonsrådet blei danna som fungerande regjering. Den norske kyrkja var fortsatt statskyrkje, og tenestelinjene blei ikkje endra. KUD formidla beskjedar til prestane, tenestevegen via biskopane. Det var rektor på Universitetet, Didrik Arup Seip, som hadde ansvaret for kyrkje- og undervisnings-sakene i Administrasjonsrådet.²⁰⁹ Det kom brev frå biskop Maroni til prost Lande om at tyske evangeliske feltprestar kunne få bruke kyrkjene,²¹⁰ og seinare blei tillatelsen utvida til tyske katolske prestar.²¹¹ Det blei neppe aktuelt i Drangedal, og ville nok ha vekt reaksjonar.

Den 13. juni kom det skriv frå Justis- og Politidepartementet om at tyskarane nå styrte med alle soldatgraver, både tyske og engelske.²¹² Skrivet var sendt politimesteren, som skulle informere soknepresten, og «Bestemmelsene i rundskrivelsen meddeles ikke offentligheten.» Sakbehandlar er byråsjef Kristian Hansson. Han blei sentral i kyrkjemarka, som medlem av Kristent Samråd og DMK. Innledningsvis gjør han det klart kven som bestemmer: «Det tyske politi meddeler at den tyske krigsmakt har overtatt [...].»

Året etter bestemte «der Reichskommissar» at omsorg og kostnader med krigsgraver skal bli lagt til norske myndigheter, men det er fortatt «der Wehrmachtsgräberoffizier i Oslo» som skal bestemme. Dette rundskrivet kom frå Politidepartementet via politimesteren til lensmannene og sokneprestane.²¹³ Tenestevegen var komplisert. InnhalDET blir seinare gjentatt i skriv frå KUD.²¹⁴

²⁰⁷ Luthersk Kirketidende 1934, s. 334: Utlysingstekst, Drangedal prestegjeld.

²⁰⁸ Teigen 2014.

²⁰⁹ Norrman 1998, s. 41.

²¹⁰ Prestearkivet, dokument: Brev, Maroni, 25. mai 1940.

²¹¹ Prestearkivet, dokument: Brev, Maroni , 7. august 1940.

²¹² Prestearkivet, dokument: Skriv, Administrasjonsrådet v. Harbek/Hansson 13. juni 1940.

²¹³ Prestearkivet, dokument: Skriv, Politidepartementet 4. april 1941.

²¹⁴ Prestearkivet, dokument: Skriv, KUD v. Sckancke/Feyling, 21. april 1941.

Samtidig med at reichskommissar Terboven avsette Administrasjonsrådet og sette inn kommissariske statsrådar kunngjorde han at kongehuset var avsett.²¹⁵ Biskopane forordna då at kyrkjebønna (der ein ba for kongen og hans hus) skulle erstattast med bededagsbønna, inntil vidare.²¹⁶ Seinare formulerte biskop Berggrav ei ny kyrkjebønn, der konge og regjering ikkje var nemnt. Det var for å unngå at departementet skulle krevje formuleringar om bønn for dei nye makthavarane.²¹⁷ Nokre prestar i Telemark reagerte på dette, dei meinte dette var eit svik. Sokneprest *Halvdan Freihow* i Gjerpen søkte avskjed i protest²¹⁸, sokneprest *Hartvig Gjesdal* i Holla fortsette med den gamle kyrkjebønna, sokneprest *Rolf G. Knudsen* i Langesund bad ei anna bønn enn kyrkjebønna.²¹⁹ Det er ikkje kjent at andre Telemark-prestar reagerte offentleg. Praksisen i Drangedal var kanskje som sokneprest Tande refererte frå Sannidal: «Når prestene kom til det sted i kirkebønnen hvor de før hadde bedt for Kongen, gjorde de en pause. Så bad alle i stillhet for Konge og fedreland.»²²⁰

Eit trykt skriv året etter peikar på at konsekvensen av ordninga av kyrkjebønna er at ein må utelate «vår konge» i Litaniet, og erstatte orda med «vårt land», og at «ikke salmer eller vers hvor lignende nevnes, inntil videre benyttes i gudstjenesten». Lande avsluttar fleire artiklar i Menighetsbladet med orda «Gud signe vårt dyre fedreland». Ein ser at både biskopane og KUD er merksame på at det er politiske og styringsmessige spørsmål knytta til liturgi. Skriva forteler at NS-styret, med okkupasjonsmakta i bakgrunnen, brydde seg med forholda i kyrkja, og førebudde ei utvikling der kyrkja steg for steg skulle akseptere og støtte «den nye tid».

Administrasjonsrådet gav som ei av dei siste handlingane i kyrkjesaker beskjed om at førebuingane til menighetsrådsvalet «innstilles inntil videre».²²¹ Samtidig blir det forordna endringar i lova, slik at det skulle holdast suppleringsval dersom menighetsrådet ikkje lenger var vedtaksført. Det blir faktisk føyd til forordninga at suppleringsval «blir å foreta i samsvar med

²¹⁵ Norrman 1998, s. 41,

²¹⁶ Prestearkivet, dokument: Brev, Lande 26. september 1940, etter telegram frå biskop Maroni same dagen.

²¹⁷ Norrman 1998, s. 47.

²¹⁸ Næs 1984, s. 39f.

²¹⁹ Norrman 1998, s. 46.

²²⁰ Tande 1985, s. 54.

²²¹ Prestearkivet, dokument: Skriv, KUD v. Seip/Oftenæs 20. september 1940.

de alminnelige regler for saksbehandling på menighetsmøter», altså ved demokratisk val. Både Drangedal og Tørdal menighetsråd greidde seg med varamannslista.

Saksbehandlarane i departementet fortsette under den nye leiinga. *Søren Oftenæs*, som formulerde dette rundskrivet, står også som underskrivar av eit rundskriv frå KUD om beskjed frå Reichskommissaren om opplysningar om tyskarar i kyrkjebøkene «i familieforskningens interesse». ²²² I 1941 gjentar KUD dette vedtaket, nå under kommisarisk statsråd. (Meir nedanfor.)

6.1.4 Dokument frå kampen, «hyrdebrev» hausten 1940

I Prestarkivet er det to eksemplar av eit skriv frå bispemøtet i oktober 1940, med preg av «hyrdebrev». Det var stila til «Norges prester og menighetsråd» og som eit tydeleg signal om protest er det dateret «reformasjonsdagen». Det var eit trykt hefte på åtte sider. Innhaldet var i sju punkt, forkynnande og trøstante, utan tydelige formuleringar mot okkupasjonsmakta. Ein setning i punkt 2, om «kampen for troen» kunne vere ein peikepinn mot det som skulle komme: «- i tider da vanlige opplysningskilder og veiledere ikke lenger funksjonerer som før, blir den enkelte av større betydning.» ²²³ Førebuingane til kyrkjekampen var tydelege nok.

I november 1940 sendte Oslo-biskop Berggrav på vegne av bispemøtet eit trykt brev til «Prester, skolefolk og andre oppdragere». ²²⁴ Ein kan sjå det som eit forvarsel om alliansen mellom lærarar, foreldre og prestar som skulle komme i februar 1942: Kampen om ungdomstenesta, lærarsambandet og Kirkens Grunn. Temaet var «det moralske liv». At biskopar målbart synspunkt på moral og seksualliv var ikkje ukjent, verken før eller seinare, men det spesielle i dette skrivet var aksentuering av at straffelova hadde strenge bestemmelser mot «utuktig omgang med barn *under 16 år.*» (Kursivert i trykken.) Agderbiskop Maroni tok opp det same i sitt brev (nedanfor).

Frå desember 1940 er det eit trykt brev på to sider frå biskop Maroni til «Agder bispedømmes prester». Dette skrivet er det tre eksemplar av; det kan tyde på at Lande fekk det i eigenskap av prost, for spreiing til kollegane i prostiet. Etter innleiande ord kom fleire viktige

²²² Prestarkivet, dokument: Skriv, KUD v. Oftenæs/Retttestøl 17. desember 1940.

²²³ Prestarkivet, dokument: Bispemøtet, 31. oktober 1940. Grøndahl & Søn. Oslo 11. 40.

²²⁴ Prestarkivet dokument: Oslo Biskop, 15. november 1940. Grøndahl & Søn. Oslo 11. 40.

påpeikingar. Den første var det som blei hovudpunktet i starten av kyrkjekampen i 1942: «Vi er pliktige til å være øvrigheten lydig, så sant den ikke krever noget, der strider mot Guds ord og samvittigheten.» Det var ei tolking som blei viktig seinare i kyrkjekampen, og mottakarane blei førebudd på argumentasjonen som skulle komme i Kirkens Grunn. Så fortsette biskop Maroni med å referere sentrale punkt i Haagkonvensjonen og å vise til Reichskommissaren og den konstituerte statsrådens ord om at «kirken skal ha full frihet og arbeidsro, så lenge den holder sig til sin oppgave og ikke befatter seg med politikk». Dette skulle vise seg å bli eit springande punkt i konflikten mellom NS-styret og kyrkjeleiinga: Kva er det som er politikk?

Biskopen slår fast at det å melde seg inn i «et bestemt politisk parti» må vere frivillig. Sidan det etter 25. september 1940 bare fanst eitt tillate politisk parti, er dette i realiteten å seie at dei ikkje bør melde seg inn i NS, men utan uttalt stigmatisering av partiet. Til slutt åtvarar han mot «moralsk utglidning» og peikar spesielt på at den kriminelle lovalder er 16 år.²²⁵ Sidan dette momentet var med også i brevet frå Beggrav i november, så må det vere ei sak som kjennest aktuell. Førte krigen til meir «umoral»? Av dåpsmeldingane for Drangedal-menighetene ser ein at to av krigsåra har høgast tal for det som i rubrikken er kalla «uekte» barn. I åra 1941 og 1945 blei det ført inn fire og fem barn fødd utafor ekteskap. I dei mellomliggande åra var det eitt og to. Det er små tal, men kan likevel avspegle ein realitet. At det etter kvart kom fleire hundretusen framande soldatar inn i landet fekk jo følgjer.

To veker seinare tok biskop Maroni opp ei spesiell sak i brev til prostane. Brevet fanst både mellom dei u-ordna dokumenta Prestearkivet (maskinskrive gjennomslag, underteikna) og som det einaste frå 1940 i mappa.²²⁶ Der er det tydeligvis som avskrift/gjennomslag, usignert og tettsskrive. Saka er frå Nidaros bispedømme, der det har komme krav frå NS-kreterfører om navn og adresse på prostar og sokneprestar, personlige data og eventuelt NS-medlemskap. Dette blei avvist. Med bruk av Reichskommissarens ord om ikkje å drive med politikk har Nidaros biskop vendt seg til departementet og fått støtte «i det vesentlige». Når biskopane tar fatt i brevet har det ein hensikt: Dei ville markere at dei ikkje godtok at NS arbeidde seg inn i prestekollegiet.

²²⁵ Prestearkivet, dokument: Skriv, J. Maroni, 2. desember 1940.

²²⁶ Prestearkivet dokument og Prestearkivet, mappe: Brev, J. Maroni, 15. desember 1940.

Dagen etter sendte biskop Maroni eit nytt brev til prostane, om presten sitt forhold til skulestyret.²²⁷ Den 21. desember 1940 blei Kommunelova endra slik at Innenriksdepartementet skulle oppnemne ordførar, varaordførar, medlemmer og varamedlemmer til «Heradstinget», som Heradsstyret nå blei kalla.²²⁸ Frå 1. januar 1941 tok NS over styringa i kommune-Norge. «Førerprinsippet» skulle innførast. Det var fare for at styremaktene ville ha prestane inn i systemet som ansvarlige eller rådgjevarar for det nyordna skulestyret. Biskopen advarte mot dette med pragmatiske argument: Hensynet til prestegjerninga og risiko for å miste tilliten frå menigheta. Det brevet eigenlig sa, var at NS ikkje var populære, og at presten måtte halde seg unna alt som kunne assosiere han med det nye styret. Det peika også fram mot konflikten om skulen, og var eit politisk standpunkt. I § 2 i grunnlova blei foreldra forplikta til å oppdra barna sine i «Den evangelisk-lutherske Religion», og presten hadde oppsyn med det. Han var sjølvskriven medlem i skulestyret, og var ofte valt som formann der. Når dei nå nettopp ikkje skal vere med i dei nye skulestyra så må det vere fordi dei ikkje skal delta i NS-styret på nokon måte. Spørsmålet om deltaking i det nye styringsystemet blei snart aktuelt for Lande.

Det siste skrivet i Prestearkivet frå året 1940 er ei vidareformidling av eit ønske frå Reichskommissar om å få hente opplysningar i kyrkjebøkene om tyskarar som har utvandra til Norge «i familieforskningens interesse». Dette må vere eit initiativ frå den politiske okkupasjonsmakta si side for å få registrert tyske jødar i Norge. Brevet er sendt frå KUD, underteikna av då-verande ekspedisjonssjef og byråsjefen i kyrkjekontoret.²²⁹ Det er ikkje kjent om dette blei noko av i Drangedal, registreringa skulle i så fall utførast av legitimerte tyske tenestemenn «sakkyndige som tilhører den tyske forsvarsmakt, SS-våpenet og politiet». Det var eit varsel om det som skulle komme. Medlemane av jødiske menigheter blei registret i 1940, og norsk politi registrerte i februar 1942 jødane over heile landet. I november kom deporteringane.²³⁰

²²⁷ Prestearkivet dokument: Brev, J. Maroni, 16. desember 1940.

²²⁸ Berg, Arne 2013, s. 25.

²²⁹ Prestearkivet, dokument: Skriv, KUD v. Oftenæs/Retttestøl, 17. desember 1940.

²³⁰ <http://www.hlsenteret.no/kunnskapsbasen/folkemord/folkemord-under-nazismen/holocaust/norge/deportasjonen-av-de-norske-jodene.html>, dato 30.10. 2014

6.2. Frå året 1941, «Guds faste grunnvoll står»

Mot slutten av 1941 blei krigen verdenskrig då Japan og USA kom med. Det tyske og finske angrepet på Sovjetunionen i juni endra situasjonen for Norge, med auka tysk nærvær og ideo-logisk offensiv frå NS. Det norske folket instillte seg på ulike måtar på krigskvartdagen. Kyr-kja gjekk klart ut mot følgjene av NS-styret, og det blei synlig at det var eit lite mindretal av prestar som støtta NS. KUD og bispekollegiet blir tydelege som hovudmotstandar.

6.2.1 Kommunal nyordning

Ordførar Tor Lundtveit trekte seg 2. januar 1941, og fylkesmannen oppnemnte ny ordførar 13. januar.²³¹ Han var ikkje medlem av NS, og sat bare eitt år. Ettermannen sat ei kort tid, og den tredje blei sittande til april 1945.²³² Eit varierande tal «formenn» skulle sitte i «Herads-tinget», med fagleg rådgivande funksjon. Lande blei 24. februar utnemnt til formann av Fyl-kesmannen og sa i frå seg vervet same dagen. Fylkesmannen avslo fritak.²³³ Lande vendte seg til biskop Maroni: «[...] Nå veit eg ikkje kva eg skal gjera. Eg vil og kann ikkje stå som for-mann [...]. Nå skal eg altså ved eit maktbod tvingast inn i politisk verksemd [...].»²³⁴ Maro-ni svara straks.²³⁵ Han rådde Lande til å vende seg til Innenriksdepartementet, og sende søkeraden gjennom Biskopen. Lande følgte rådet, og hadde både politiske og praktiske argument. Han viste til den sterke påminning prestane hadde fått om ikkje «å befatte oss med politikk eller politisk virksomhet» og forklarte at møta var på laurdag, som var den travlaste dagen for presten, med vigslar, gravferder og gudstenesteførebuing.²³⁶ Etter to månader fekk han avslag frå Innenriksdepartementet, som sendte avslaget om ordføraren.²³⁷ Igjen skreiv Lande til Ma-roni og spurte: «Skal eg nekta heilt – og ta følgjene, eller finst det ein annan måte å bli fri på?» Biskopen svara på baksida av brevet at Lande nå må bøye seg for avgjerda, det er ikkje

²³¹ Nordby 2005, s. 324.

²³² Op.cit. s. 337.

²³³ Prestearkivet, dokument: Brev, Chr Svendsen, 1. mars 1941.

²³⁴ Prestearkivet, dokument: Brev (gjennomslag), Lande, 3. mars 1941.

²³⁵ Prestearkivet, dokument: Brev, J.Maroni, 6. mars 1941.

²³⁶ Prestearkivet, dokument: Brev (gjennomslag), Lande, 10. mars 1941.

²³⁷ Prestearkivet, dokument: Brev, Drangedal kommune Ordføraren. 6. mai 1941.

nokon høgare ankeinstans.²³⁸ Det finst ingen papir som sa noko om Lande fortsette å nekte, eller om han lét vere å møte.

I Drangedal som elles i landet fekk NS medlemmar frå hausten 1940. Men dei hadde likevel ikkje nok folk til alle posisjonane i styre og stell, så dei prøvde hardt å få med andre, for å ha faglig kompetanse og helst også allmen respekt og autoritet. At Lande ville ha gått inn i noko slikt er utenkeleg, både ut frå hans instilling og ut frå dei skriva som var komne frå biskop Maroni 15. og 16. desember 1940. Over heile landet nekta dei oppnemnte å gå inn i offisielle NS-organ, og det ville nok vere andre forhold som avgjorde om det blei represaliar.

6.2.2 Menighetsbladet 1940-1941

Departementet gav NS oppgåva å sensurere menighetsblada, i strid med prinsippet om at kyrkje og politikk ikkje skulle blandast. Det var ei avdeling av Statens Pressekontor i kvar fylkesorganisasjon av NS, og dei skulle ha eit eksemplar av alle avisar og blad som kom ut i fylket, også menighetsblada.²³⁹ «Statens presseleidar i Telemark» blei advokat *Olav Lien* i Kviteseid. Han hadde vore leiar for Bygdefolkets Krisehjelp i Telemark, og førstekandidat på felleslista med NS i 1933. Nå kravde han å få tilsendt «kyrkjelydsblad, eller anna stoff som under medverknad av prest eller kyrkjelydsråd vert prenta», og han retta med penn i brevet til 2 eksmplar.²⁴⁰ Her la NS opp til ein svært omfattande sensur, ikkje bare av menighetsblada, men av alt skriftleg som prest og menighetsråd medverka til.

Eit halvt år seinare kom det eit skriv som indirekte oppfordra menighetsblada til å ta inn stoff frå NS-hald. Dette såg ut som eit forsøk på å omgå skiljet mellom kyrkje og politikk, ved at NS-synspunkt skulle komme i Menighetsblada ved å definere det svært tøyeleg: «[...] dersom ikke vedkommende artikkel ligger utenfor rammen av kristen forkynnelse [...]»²⁴¹ Det er noko slikt stoff i Menighetsbladet; Lande hadde full kontroll så lenge bladet fekk komme ut.

²³⁸ Prestearkivet, dokument: Brev, Lande, 9. mai/Maroni 13. mai 1941.

²³⁹ Prestearkivet, dokument: Skriv, Skancke/Feyling, 6. mars 1941.

²⁴⁰ Prestearkivet, dokument: Brev, Lien, 11. mars 1941.

²⁴¹ Prestearkivet, dokument: Skriv, Skancke/Feyling, 6. oktober 1941.

Etter krigsutbrotet i september 1939 har Lande spissartikkelen, med apokalyptisk innhold: «Vi visste at krigen måtte koma. Guds ord talar klårt nokk om det. Gudsløysa og antikristånda må gå lina ut.» I april 1940 er spissartikkelen «Audmjuk dykk då under Guds veldighe hand». Artikkelen er innleidd med orda «så kom det som vi alle frykta» og avslutta med «Gud signe vårt dyre fedraland.» Same avslutninga har spissartikkelen i mainummeret, her er overskrifta «Land, land, land, høyr Herrens ord». Stoffet utover i året 1940 har det same preget, som spissartikkelen i august: «Så kom krigen og okkupasjonen. Eit vekkjerop som burde vekkja folk til ettertanke og alvor.» Det er gjennomgåande at Lande framstilte krigen som ei straff for synd: «Ufreden har til sist sin grunn og sitt utspring i gudløysa, synda.» Kanskje lesarane tolka «gudløysa» som tyskarane og NS? Konteksten ga ofte meninga.

I mars 1941, etter det første hyrdebrevet var lese i kyrkjene, gjenga menighetsbladet «Hilsen fra Den norske kirkes biskoper». Det inneholdt setninga: «Her står vi bundet av vår samvittighet, og ber alle om å være tro mot sin hellige overbevisning.» Markeringa var tydeleg, med hensvisning til «samvittighet» og «hellige overbevisning», kanskje med allusjon til *Martin Luthers* tale på riksdagen i Worms i april 1521.

I aprilnummeret av bladet blei det kunngjort gudsteneste i alle sokna 17. mai 1941, som var ein laurdag. I Tørdal var gudstenesta på «Gråtopp-plassen», ein minnepark over bondeoprøraren Hallvard Gråtopp, som etter soga heldt til på Vrålstad, mellom Bostrak og kyrkjestaden Bø. Historia markerte kamp mot overmakta. Den aktuelle gudstenesta var kl 10, slik at presten kunne nå til Drangedal kyrkje kl 13. Og om kvelden 17. mai var det avertert fest i Drangedal kristeloge ungdomslag. Dagen etter, søndag 18. mai, var det gudstenester i to av bedehusa i Drangedal sokn kl 11, så begge prestane hadde ei travel helg. På den tida var det verken NS-lensmann eller tyskarar i Drangedal, så det gjekk tydeligvis å ha arrangement 17. mai. Etter krigen, då 17. mai kunne feirast som før, tok Lande initiativet til Olsokstemne på Gråtopp-plassen.

St. Hans-stemnet på Heftøya i Toke-vatnet hadde bruka å vere på kvelden, men i 1940 måtte det vere om ettermiddagen.²⁴² Både mai- og juninummeret i 1941 hadde notis om St. Hans-stemnet. Det året var det annonseret tre talarar, mellom anna sokneprest *Nils Høimyr* i Bamble

²⁴² Menighetsbladet, mai 1940, s. 4.

og Lande. Dei hadde nok å snakke om, motstandsprestar som dei var. Nettverket var ope og blei styrka gjennom dei første krigsåra.

I mai 1941 hadde menighetsbladet ei helsing på vegne av *Det norske Bibelselskap* frå formannen, Eivind Berggrav, på «Bibelens dag» den 25. mai. Formelt var helsinga nøytral, men det blei nok lese meinings i denne samanhengen: «Like etter at vi hadde vunnet vår frihet i 1814 var det at vi også vant fram til å få vårt eget bibelselskap.»

Juninummeret hadde ei helsing frå Agder bispedømmeråd «Til menighetsrådene». Den er datert «påsken 1940», men av innhaldet går det fram at det skal vere 1941: «Bispedømmets årsstatistikk for 1940 viste, tross det avbrekk krigen, mørkleggingen, trafikkvanskighetene og kvegpesten har voldt, allikevel betydelig fremskritt.» Helsinga var innhaldsrik, gjekk over meir enn ei side, og inneheldt oppmuntring og oppbygging: «Det er den (seiersvisse tro) som skal stå sin prøve, øves og vokse i denne trengslenes tid.» Dette kunne også sjå «nøytralt» ut, men lese «mellom linjene», såg ein at dette var førebuing og varsel om ein lang og hard strid.

I oktober 1941 kom det eit trykt skriv frå biskop Berggrav, med oppfordring om å ta inn i menighetsbladet teksten «Avtale om bønn» før Bededag (31. oktober: Reformasjonsdagen). Teksten var underskriven av tre menn som skulle representere heile breidda i kristenfolket: Eivind Berggrav, O. Hallesby og *Arnold Øhrn* (generalsekretær i Baptistsamfunnet og forman i Dissentertinget).²⁴³ Det viktige her var at det blei forkynt for alle at kristenfolket var samla, og når det blei lagt opp til ei spesiell, ekstra bønnemarkering så var det eit signal om at det gjekk mot alvorlige tider. Denne ekstra bønna refererer Lande til i menighetsbladet frå desember 1941: «At det ikkje er så liten ein flokk som kjenner både alvåret og ansvaret som er lagt på oss, fekk vi ei levande kjensle av Bots- og bededag, då bøna steig mot nådens kongsstad frå tusind heimar.» Her knytta Lande saman dei som ba i Drangedal med dei bedande over heile landet. Han skreiv om bønna «i heimane», det var den ekstra bønna kl 9, og ikkje den faste Bededagsbønna i kyrkja.

Menighetsbladet kom ut kvar månad, fire sider i A4-format. Det var ingen direkte omtale av kyrkjekampen i menighetsbladet, verken i 1941 eller 1942. Det var i det heile lite i menig-

²⁴³ Prestarkivet, dokument: Skriv, Eivind Berggrav, udatert (oktober 1941).

hetsbladet som hadde med krigen og krigssituasjonen å gjøre. Lande hadde gjort bladet til eit oppbyggingsblad, skreiv mykje sjølv, og tok inn diverse artiklar og andaktar av forkynnurar. Men eksempla over viser at holdningane som opptakt til kyrkjekampen var tydelige for dei som såg det, trass i sensuren. Folk blei flinke til å tolke meininger og lese mellom linene.

6.2.3 Kyrkjeklokkene

Sommaren 1941 kom det ordre om at kyrkjeklokkene skulle samlast inn. I Tyskland var dei fleste kyrkjeklokkene alt tatt.²⁴⁴ Innsamlinga skulle skje i løpet av august, og det kom rundskriv frå KUD om at sokneprestane snarast skulle opplyse talet på kyrkjeklokker i prestegjeldet, vekta og metallt i dei.²⁴⁵ Beskjeden frå Hitler til Terboven kom 5. juli,²⁴⁶ skrivet frå KUD var sendt 9. juli, og Terboven informerte biskop Berggrav dagen etter.²⁴⁷ Det blei handla raskt frå begge sider. Same dagen, 10. juli, kalte Berggrav biskopane inn til møte i Oslo mandag 14. juli. Etter møtet blei det sendt eit notat til prestane, der det blei presisert at «saken om kirkeklokkene skal være konfidensiell». Det blei også opplyst at dei tyske styremaktene «ønsker å gå fram med skånsomhet» og at klokkene i første omgang bare skulle samlast og lagrast «inntil endelig avgjørelse faller om deres skjebne.» Biskopane arbeidde med saka, og ba prestane ikkje omtale den.²⁴⁸ Lande nemnte den ikkje i sine notat.

Å ta kyrkjeklokkene til tysk krigsindustri ville skape stor motstand, og verken tyske eller norske styremakter var lystne på oppgåva. Etter ein månad kom det eit «beleilig» skriv frå Riksantikvaren, om kulturhistorisk registrering, i sju omfattande punkt, blant anna bestemming av tone, pluss oppmåling og teikning.²⁴⁹ Det er rimelig å tru at dette var eit initiativ som skulle utsette innsamlinga.²⁵⁰ Det blei til slutt ikkje noko av innsamlinga i Norge. Det er ikkje kjent om klokkene i Drangedal og Kroken blei registrerte, men for Tørdal laga kyrkjeverje eit svar om dei to klokkene der. Soknepresten sendte avskrift til Riksantikvaren, med ei skisse.²⁵¹

²⁴⁴ <http://www.ikff.no/wp-content/uploads/2013/04/2011-Fred-og-frihet-Number-3.pdf>

²⁴⁵ Prestarkivet, dokument: Skriv, Skancke/Feyling, 9. juli 1941.

²⁴⁶ Berg, Pål 1999, s. 69.

²⁴⁷ <http://no.wikipedia.org/wiki/Kirkekampen>.

²⁴⁸ Prestarkivet, mappe: Skriv, Berggrav 17. juli 1941.

²⁴⁹ Prestarkivet, dokument: Skriv, Harry Fett, 9. august 1941.

²⁵⁰ Norrman 1998, s. 93.

²⁵¹ Prestarkivet, dokument: Kladd, Kraakenes, 15. september 1941.

6.2.4 Flagget

Eit av dei første skriva frå KUD/Administrasjonsrådet meldte at 17. mai 1940 skulle vere arbeidsdag, utan flagging.²⁵² I 1941 kom det telegram frå KUD til biskopane om at det ikkje skulle flaggast første påskedag, og domprosten i Agder skreiv melding til prostane om det.²⁵³ Ein handelsmann i Drangedal fekk ein gong under krigen tak i eit parti skistavar, noko som var etterspurt, men handstroppane var i nasjonalfargar, og det gjekk ikkje.²⁵⁴ Lensmann Gaarder ville beslaglegge dei, men etter ein heftig diskusjon blei det til at stroppane skulle fargast mørkeblå. Dette er eit eksempel på at lensmann Gaarder kunne vere litt fleksibel. Handelsmannen og familien brukte ein lang kveld på denne farginga. Stavane fekk avsetning, og etter litt bruk kom dei røde og hvite stripene fram att. Nasjonal Samling brukte det norske flagget saman med sine solkors-flagg og hird-faner, men for «Jøssingar» var det risikabelt å bruke flagget og andre symbol på motstand.

Lande kom opp i ein flaggstrid med lensmann Gaarder frå første stund. Slik skeiv han om den i eit notat etter krigen:

Fyrste vitjinga av han på prestegården var straks etter han var kome. Det gjaldt offentlig flagging for Viborgs «gjennerobring». [Den skjedde 29. august 1941.] Fyrst ringte han opp i telefonen om det, men fekk sjølvsagt tvert avslag. Men presten skulle flagge, det skulle han vere mann for, og dermed kom han farande opp som eit uver. Han var visst meint på å heise flagget sjølv. Nå hadde han heller därleg syn, og då han skulle ordne med snora fant han ut at det var knute på, og dermed måtte han gi opp. Etter den dag hadde han eit serleg øye med prestane.²⁵⁵

Dottera Berit hugsa historia om flagging hausten 1941. Begge dei to, soknepresten og lensmannen, ville nok markere seg overfor den andre. Lande hadde god kontakt med den avsette lensmannen, John Bustrak, og visste litt om kva slags kar den nye lensmannen var. Lande ville ha avklart dette med flagging i prestegarden, og spurte biskopen. Lande viste til at slik beskjed tidligare hadde komme frå KUD og gjennom overordna. Han peika også på at flagg

²⁵² Prestarkivet, dokument: Skriv, KUD v. Seip/Oftenæs 14. mai 1940.

²⁵³ Prestarkivet, dokument: Brev, Kobro, 7. april 1941.

²⁵⁴ Haustveit 2014, jf. Drangedal historielag, Bok 18, s. 97.

²⁵⁵ Prestarkivet: Lande, notat.

og flaggstong var privat, og var då usikker omkring spørsmålet om offentlig flagging. Svaret frå biskop Maroni var klart nok: «Krav om flagging på prestegård må fremkomme gjennem kirkedepartementet. Privat flagg kan ikke idetheletatt kreves heist.»²⁵⁶ Flaggstonga på prestegården var å rekne som privat, i og med at det var presten sin bustad. At det offentlige prestekontoret den tida var i ein del av prestegarden endra ikkje det. Denne flaggstriden viser at NS ønska detaljstyring og la særleg vekt på symbol. Dessutan reflekterer den presten si rolle i lokalsamfunnet. Flagging på prestegarden som markering av ein tysk-alliert siger ville ha vore eit sterkt signal til bygdefolket. Nektinga blei ei markering av motstand, som kanskje også blei kjent i bygda.

Kort tid etter sendte KUD skriv (for ein gongs skuld på nynorsk, med gammal rettskriving) der det vil «uppmoda um» flagging til minning av 700-årsdagen for Snorre Sturlasons død. Skrivet er direkte til sokneprestane, og ikkje om Biskopen.²⁵⁷ Norrøne heltar som *Olav Tryggvason*, *Olav Haraldson* (den heilage) og *Snorre Sturlason* blei løfta fram av NS.

Reglar og praksis for privat flagging skifta gjennom krigsåra. Offentlig flagging skulle departementet bestemme.²⁵⁸ Sett i ettertid kan reglane og konfrontasjonane virke forvirrande og inkonsekvente. Flagget og bruken av det var ei symbolsak, derfor var det viktig ikkje å flagge når NS-styret ville det, og heller bruke flagg og nasjonalfargar i uoffisiell samanheng.

Nest siste krigsåret kom det plutselig krav frå NS-ordføraren til Lande om at det skulle flaggast på prestegarden 17. mai 1944.²⁵⁹ Det var telegram frå «Kirkedepartementet» til «Stiftsdireksjonen»²⁶⁰ om at ordførarane i Telemark og Aust-Agder fylke skulle sørge for flagging frå offentlige bygningar. Og det blei presisert: «Bør søkes gjennemført så vidt mulig også på prestegårdene. Der hvor presten har nedlagt embedet bør tilsynsmannen anmodes søke utlånt flagg hos kommunen og sørge for flagging forutsatt at der er flaggstang. [...]» Og ordføraren «anmodes» av biskop Zwigmeyer «om å sørge for at det blir flagget på prestegården.» An-

²⁵⁶ Prestearkivet, dokument: Lande 3. september/Maroni 4. september 1941.

²⁵⁷ Prestearkivet, dokument: Skiv: Feyling, 13. september 1941.

²⁵⁸ Dahl 1995, s. 106.

²⁵⁹ Prestearkivet, dokument: Avskrift, Haugen 13. mai 1944.

²⁶⁰ Prestearkivet, dokument: Avskrift, L.D. Zwigmeyer 10. mai 1944 13. mai 1944.

modninga gjekk skriftlig frå NS-ordføraren til tilsynsmannen for prestegarden, som var driftsstyrar Lauritz Kloster, leiar for den sivile motstandsrørsla i Drangedal, der Lande var med.

Kravet blei avvist, og ordføraren hadde tydelegvis hatt ein konfrontasjon med tilsynsmannen, for Lande skreiv 18. mai til ordføraren:

[...] De skuldar ingeniør Kloster ei orsaking i flaggingsaka. Før De tala med Kloster, sa eg ifrå om at det ikkje er off. flagg eller flaggstong på prestegården. Begge er private. Like eins sa eg i frå om at stonga ikkje var i brukande stand. At det er så, kann De overtyda Dykk om ved ettersyn, eller ved å venda Dykk til fv. Lensmann Gårder. Han var her og undersøkte i eit liknande flagghøve. [...] Og eg vonar ordføraren er så stor at han kann be om orsaking. Og så får De heller ta meg som den skuldige.²⁶¹

At desse to, Kloster og Lande, tok konfrontasjonen og sto på prinsippa syner igjen at flagget og flagginga var viktige symbol. Og det syner også at dei to var uredde motstandarar av NS-styret og at represantantane for «den nye tid» ikkje kunne eller ville ta dei ytterste konsekvensane av motstanden.

Gaarder sin flagg-aksjon i 1941 var ein enkeltmanns-framstøyt; han var heilt ny i bygda og hadde inga støtte. Seinare under krigen kunne nok ein slik konfrontasjon ha enda alvorleg for Lande, men dette var før kyrkjestriden blei open og før det var blitt praktisert unntakstilstand.

Skien-biskopen og ordføraren handla i 1944 på vegne av overordna NS-styremakter, men departementet hadde tydeligvis liten vilje til omfattande strid. Ordføraren ønskete nok ikkje å føre denne konflikten med Lande vidare, og Skien-biskop Zwilgmeyer såg kanskje nå for seg at krigen og NS-styret kunne få ein annan ende enn han hadde satsa på. I eit privat brev til Feyling (etter januar 1944) skreiv Zwilgmeyer: «Begivenhetene på frontene har gitt anledning til mange betraktninger.»²⁶²

²⁶¹ Prestearkivet, dokument: Brev, Lande 18. mai 1944.

²⁶² Riksarkivet, Landssviksak, Ludvig Daae Zwilgmeyer, dok 37d.

6.2.5 «Kristen Samling»

I Prestearkivet låg det eit einaste eksemplar av «Kristen Samling», nr 14 – 1. desember 1941. Bladet Kristen Samling blei utgitt i Skien, og organisasjonen med same namnet starta der.²⁶³ Dei samla kristne NS-folk til møte og landsstevne, det siste i Oslo i januar 1945.²⁶⁴ Bladet var stensilert, litt større enn eit A4-ark, og hadde to artiklar av Sigmund Feyling: «Kirken og den nye tid» og ein slags andakt for «20. søndag e. tref.», med teksten frå Matt 22, 1-14, om kongesonens bryllup: «Avslått innbydelse og ansvar».

Den første artikkelen presenterte dei måla Feyling såg for seg for kyrkja i framtida. Den skulle vere ei norsk «nasjonalkirke» og samarbeide med staten. Kyrkja skulle løyse sine oppgåver «innenfor rammen av den nye tid», og det norske folk skulle løyse si oppgåve «innenfor det storgermanske fellesskap». ²⁶⁵ Dette ga uttrykk for Feyling sin visjon for Den norske kyrkja, og gjekk mykje lenger enn det dagsaktuelle politiske programmet. Feyling og NS kunne kjenne seg sikre på tysk siger, og det ga mot til å gå langt i sine visjonar. Hausten 1941 var Tyskland på toppen av si makt. Tyske tropper sto utanfor Moskva og Leningrad, dei kontrollerte det meste av det europeiske fastlandet og Nord-Afrika, og USA var ennå ikkje med i krigen.

Den andre artikkelen hadde stått i Fritt Folk 25. oktober 1941, og blei nå gjengitt i «Kristen Samling». Artikkelen samanlikna kongen si innbyding til bryllupet i Matteus 22 med invitasjonen til å bli med «inn i den nye tid», og nytta straffa for dei som ikkje kom i bryllupet til ein advarsel: «Det norske folks fører kan også engang tape tålmodigheten.» Dette var sterkt kost, helst berekna på NS-folk som trong ein oppstivar etter som tilslutninga til NS såg ut til å stagnere. Quisling var då bare førar for partiet NS, og ennå ikkje for Norge.

6.2.6 Dokument frå kampen, rundskriv og Hyrdebrev

Hendingane hausten 1940 var grunnlaget for eit omfattande brev frå biskopane til statsråd Skancke.²⁶⁶ Brevet tok tak i tre forhold: Valdsverk frå Hirden, rettstilstanden etter at Høyestrett gjekk av og forsøk på å oppheve teieplikta for prestane. Alle sakene knytta seg til rettssta-

²⁶³ Dahl 1995, s. 233.

²⁶⁴ www.nb.no/nbsok/nb/45e08db288c6f7bc6998709dfeef45b7

²⁶⁵ Prestearkivet, dokument: Kristen Samling, 1. desember 1941.

²⁶⁶ Prestearkivet, mappe: Avskrift, brev frå biskopane, 15. januar 1941.

ten, og spørsmålsformuleringa var «om staten [...] aksepterer og føler seg bundet av de retts- og moralforpliktelser som kirkens trogrunnlag, Bibelen og bekjennelsen, inneholder.» Brevet var grunnlaget for Hyrdebrevet frå biskopane i februar 1941.

Hyrdebrevet kom fram til Drangedal, med posten den 14. februar 1941, dagen før det skulle lesast opp.²⁶⁷ Det blei ikkje beslaglagt, motstandsmannen John Bustrak var då ennå lensmann. Originalen var eit 12-siders hefte med trykk på 10 sider.²⁶⁸ Med blyant skreiv Lande nederst: «Guds faste grunnvoll står». Det synte ei forvissning om å vere på den rette sida som blei delt av dei som sto saman i kyrkjemøtet.

Hyrdebevet blei lese opp i alle tre kyrkjene, og menigheten støtta innhaldet med å reise seg.²⁶⁹ Det var eit signal som var med å styrke einskapen i menigheten og mellom prest og kyrjefolk. Dei som hadde vore i kyrkjene fortalte vidare om hendinga, så det blei kjent av alle. Ein såg nå konturane av to «kyrkjer», ei statlig med NS som styrte eit tomt skal, og ei der folket og prestane sto saman med biskopane i motstand, til vern av rettstat og demokratiske verdiar.

Sigmund Feyling prega departementet straks han begynte som ekspedisjonssjef. Det første rundskrivet frå KUD ved Skancke/Feyling presiserte Feylings syn på forholdet mellom staten og kyrkja: «Nå som før trenger kirken staten for å være en virkelig folkekirke, og staten trenger kirken for å kunne opprettholde orden, rettferd og fred. Stat og kirke hører sammen i tjeneste for det dem betrodde folk. »²⁷⁰

Dette var som ei programerklæreing frå Feyling si side. NS sitt syn på forholdet mellom stat og kyrkje tilsvarte forholdet mellom Hitler-staten og den tyske evangeliske kyrkja, men forholda i Tyskland var jo fundamentalt annleis, teologisk og organisatorisk.²⁷¹ I Tyskland var det ikkje éi «folkekirkje» slik som i Norge. Sekulariseringa var komen langt i Tyskland i mellomkrigstida, og anti-kyrkjelige krefter sto sterkt. Det hadde vore eit stort kommunistparti til

²⁶⁷ Lande 1946.

²⁶⁸ Prestearkivet, mappe: Februar 1941, Grøndahl & Søn, Oslo 2.41.

²⁶⁹ Lande 1946.

²⁷⁰ Prestearkivet, dokument: Skriv, Feyling/Skancke 5. februar 1941 [understrekning i skrivet].

²⁷¹ Oftestad 1984, s. 21.

1933, og i nazi-partiet var det store grupper av ny-heidenske og «Deutsche Christen», med sterke innslag av apoteose og rasisme. Kyrkjekampen i Tyskland hadde retta seg mest mot «Deutsche Christen», altså innover i kyrkja, og i mindre grad utover, mot Nazi-styret.²⁷² Ytre sett var kyrkjekampen tapt i Tyskland: Dei fleste menigheter og prestar slutta opp om den offisielle kyrkja, mens opposisjonelle prestar og lekfolk var avsett, arrestert eller sendt til fronten.

I april 1941 kom det rundskriv frå KUD om NS-medlemmar og NS-prestar, om radiogudstenester og om menighetsblada.²⁷³ Det politisk sentrale her var kravet til prestane om i forkynninga «inntil videre» å la «det rent oppbyggelige og det evighetsmessige i evangeliet stå i forgrunnen [...]» og «[...] ikke berøres av den politisk spaltning [...]». Dette var i realiteten sensur av forkynninga.

Eit firesiders skriv frå biskopane i juni kommenterte dette skrivet frå departementet, særleg om det politiske og forkynninga, med uttrykket «inntil videre». Biskopane peika på at det «har fremkalt usikkerhet om hva meningen er.» Vidare er formuleringane til biskopane ikkje heilt klare, men tydelig for dei som forsto: «I en syndig verden er det uunngåelig at der blir ting i den enkeltes så vel som i samfunnets liv som under Guds ords lys får dommen over seg.»²⁷⁴ Til slutt framhevar svaret kyrkja sine ordningar, «som ikke kan fravikes uten at kirkens vesen og ordets frihet blir forfusket.» Det blir presisert at desse ordningane hører under biskopane, «ordinerte og forpliktede tilsynsmenn». Dette er et tydelig markering av kor frontlina gjekk: Ved spørsmålet om kven som skulle styre «de innerste hellige ting» i kyrkja. Dette var etter det første Hyrdebrevet og før den avgjørande kampen.

Biskopane heldt på prinsippa. I Prestearkivet var det eit skriv frå dei der det blei slått fast at lærebøker i kristendomskunnskap etter norsk lov skulle bli lagt fram for menighetsrådet og at den nye utgåva av læreboka til Sigmund Feyling ikkje var godkjent av biskopane og ikkje ville ha blitt det.²⁷⁵ Det føregreip den konflikten som kom hausten 1941, om biskopane og

²⁷² Oftestad 1984, s. 21.

²⁷³ Prestearkivet, mappe: Skriv, Skancke/Feyling, 5. april 1941.

²⁷⁴ Prestearkivet, mappe: Skriv, Biskopene, 12. juni 1941, s. 3.

²⁷⁵ Prestearkivet, mappe: Skriv, 5. juni 1941 (signert J. Maroni 7. juni).

departementet si rolle i forhold til prestane og menighetene, i samband med KUD-rundskrivet om «orgel spill» (jf. kap. 6.2.7: «Kirkens orden»).

Biskopskrivet refererte ikkje det som var uakseptabelt i læreboka, men meldinga skulle nok også svekke den teologiske autoriteteten til Feyling. Det uakseptable var i gjennomgangen av Det fjerde bodet, der det mellom anna sto: «Fremfor alt skylder vi Føreren og statsstyret lydighet.» Og framsida på boka var nå pryda av eit slags solkors, og solkorset var med til slutt i boka, «Nå skal det gamle solkorssymbolet på ny samle det norske folk om Norge og om Gud.»²⁷⁶ Dette minnte om den teologien som Deutsche Christen sto for. Prestar og lærarar flest ville klart avvise dette, og gamle lærebøker blei nok brukta vidare, sjølv om KUD ikkje godkjente nye opplag.

Hendingar sommaren 1941 varsla ein ny fase i forholdet mellom kyrkja og NS-staten. Tre veker etter det tyske angrepet på Sovjetunionen 22. juni kom det eit opprop, med namna på 27 prestar «For Norge og Finland mot bolsjevismen».²⁷⁷ Det såkalla «Bolsjhevikoppropet» blei også kalla «Legonæreroppropet» fordi det blei sett på som ei oppfordring til å støtte «Den norske legion» av frivillige på tysk side. Det opprinnelige oppropet sto i avisene 15. juli 1941. Ein litt endra versjon fanst som vedlegg til brev frå KUD i Prestearkivet, med oppfordring til prestane å slutte seg til.²⁷⁸ Slutlinja var nå meir kristelig og mindre krigersk: «for kirke og krisentro, mot bolsjevismen.» Oppropet fekk minimal oppslutning, men det tente til å gjøre offentlig dei prestane som var medlem eller støtta i NS. Desse prestane fekk neppe seinare informasjonen frå Kristen Samling og DMK, så aksjonen med å seie frå seg stillingane i april 1942 kom overraskande på dei.²⁷⁹

Det er vanskelig å tenke at ein verkelig trudde at biskopane og den store mengda av prestar skulle støtte den tyske krigføringa. Men anti-bolsjevisme var ei drivkraft for mange til å støtte NS og Tyskland, og NS-propagandaen brukta den i aviser og plakatar resten av krigen. Prestar flest sympatiserte ikkje med kommunismen og Sovjetunionen, men den tyske okkupasjonen

²⁷⁶ Sitat frå Berg, Pål 1999, s.75f.

²⁷⁷ Norrman 1998, s. 94.

²⁷⁸ Prestearkivet, mappe: Skriv, Skancke/Feyling 11. september 1941.

²⁷⁹ Jf. Hjelset 2011, s. 92 (om sokneprest Charles Ring, Tromøy) og Øybakk 2001 s. 24 (om Lars Frøyland).

og NS-styret si framferd det året dei hadde vore i maktposisjon gjorde at dei i alle fall ikkje ville slå lag med dei som nå var den nære fienden. Den same holdninga hadde det store fleirtalet av folket, ja i løpet av krigen var det mange som fekk sympati for Sovjetunionen og den kommunistiske motstandsrørsla. Norges Kommunistiske parti fekk oppslutning av 11,9 % ved Stortingsvalet hausten 1945. I Telemark fekk partiet endå større oppslutning: 16,9 % i byane og 12,5 % i bygdene, men i Drangedal bare 4,7 % (113 stemmer).²⁸⁰

Det blei sendt to skriv til prestane om å delta i radiogudstenester.²⁸¹ Dei var nå under «nyordning», underlagt KUD og med Feyling som ansvarleg. Det første skrivet, frå 5. april 1941, finst ikkje i Prestearkivet. Det andre kom etter at radioapparata var inndratt for alle som ikkje var medlem av NS. Der ba KUD dei prestane som «er villig til å la sine gudstjenester kringkaste» om å melde frå om det. Dei som ikkje gjorde det «setter seg selvsagt i årevis utenfor ved embetsutnevnelser».²⁸² Radiogudstenester var neppe aktuelt frå kyrkjene i Drangedal, og det var stort sett bare «lojale» prestar som meldte seg.²⁸³ Åtvaringa om at det kunne bli stans i karrieren for dei som ikkje gjorde det var ein tom trussel, sidan dei aller fleste boikotta. Det ga nok KUD eit realistisk bilde av kor prestane sto.

I desember 1941 kom det skriv frå KUD om Nasjonal Samlings Hjelpeorganisasjon, og om å gje organisasjonen opplysningar om «det kirkelig-filantropiske arbeidet i menighetene».²⁸⁴ Drangedal hadde menighetssøster, finansiert av kyrkjeofringar, og til 1941 var det Agnes Wefald, ho som blei den andre kona til Lande. Det er lite sannsynleg at saka blei følgt opp.

Det var mange måtar folk viste si holdning på under krigen. Eit udatert dokument, trulig frå hausten 1943, gjer att leiarkommentarar i Fritt Folk frå 17.oktober 1941.²⁸⁵ NS' hovudorgan samanliknar dei folkelige demonstrasjonane med aktivitetar frå biskopane: «Det er en kjent sak at jøssingmentaliteten har gitt seg like mange underfundige og utspekulerte som fåpelige

²⁸⁰ SSB 1947, s. 22 f.

²⁸¹ Norrman 1998, s. 67.

²⁸² Prestearkivet, mappe: Skriv, Skancke/Feyling 27. august 1941.

²⁸³ Norrman 1998, s.69.

²⁸⁴ Prestearkivet, dokument: Skriv, Skancke/Feyling, 8. desember 1941.

²⁸⁵ Prestearkivet, mappe: Illegalt skriv i mappa for 1943, udatert og utan avsendar.

og barnslige utslag i landet vårt, like fra topplue og binders til hyrdebrev og tvetydige prekener av bisper og likesinnede.»

Kommentaren går over til eit angrep på Berggrav, og ironiserer så over at han og Ole Hallesby, saman med Arnold Øhrn har sendt ut ein appell: «Avtale om bønn» (jf. Kapittel 6.2.2: «Menighetsbladet»):

Biskop Berggrav som ved sin egen demonstrative, ja nær sagt agitatoriske taushet er blitt litt av et symbol for toppluegjengen, har i disse dager endelig gitt livstegn fra seg. Han har sendt alle landets prester et hyrdebrev, undertegnet av ham selv og Hallesby. Nå vet jo ethvert barn i Norge at avstanden mellom disse to personer er like skrikende som motsettingen var i 1939 mellom Churchill og Josef Stalin. At Arnold Øhrn også har funnet å burde være tredjemann i henvendelsen til statskirkens prester gjør ikke saken mindre ei-endommelig. [...]

Leiaren vendte seg til NS-folk, kanskje som førebuing til ein strid som var i gang og som kunne bli skjerpa, men skrivet var her tydeligvis eit ledd i motstandskampen, som informasjon om ein taktikk hos NS, å prøve å svekke det teologiske grunnlaget til motstandskyrkja: «Det ligger nær å anta at denne opfordring til en helt uevangelisk bønnmekanikk stikk i strid med vår kirkes lutherske prinsipper bare kan være begrunnet i et slags ønske om å styrke en viss ulmende front.» Kva slags «lutherske prinsipper» det var tale om står ikkje. Det kan vere det økumeniske, med å stå saman med formannen for Dissenteringet, eller kanskje tradisjonell luthersk tolking av Romarbrevet, om lydnad mot staten.

6.2.7 «Kirkens orden»

Eit trykt rundskriv om «Retningslinjer for det gudstjenelige orgelspill»²⁸⁶ kom til å gje startsignalet for den prinsipielle kampen om kven som skulle styre Den norske kyrkja, biskopane eller KUD.

Reaksjonen frå biskopane finst som stensilert avskrift i Prestearkivet.²⁸⁷ Biskopane ved Berggrav sa at «i alle ting som rører gudstjenesten er det biskopene som i kraft av sitt oppdrag re-

²⁸⁶ Prestearkivet, mappe: Rundskriv, Skancke/Feyling 4. november 1941.

²⁸⁷ Prestearkivet, mappe: Skriv, Berggrav 19. november 1941.

presenterer kirkens kjerne, og ikke det administrative departement». Tilsvaret frå KUD var på tre sider, også det finst som stensilert avskrift.²⁸⁸ KUD tok utgangspunkt i det referete kjernepunktet frå biskopane, etter å ha slått fast «at Oslo biskop uttaler seg på vegne av samtlige biskoper, ikke har noe medhold i gjeldende bestemmelser.»

Om kjernepunktet skreiv KUD at «vår gjeldende kirkerett alldeles ikke tillegger biskopene noen selvstendig biskoppelig rett til noen som helst avgjørelsesmyndighet ved siden av eller mot Kirkedepartementet.» Som svar på det, og for å gje ei grundig avklaring og grunngiving av standpunktet sitt, sendte eit samla bispekollegium eit nytt tilsvar til KUD, også det gjekk til prestane.²⁸⁹ Det er første skrivet i Prestearkivet for 1942, som eit 8-sider trykt hefte med overskifta «Kirkens orden».²⁹⁰ Heftet fanst også som stensilert avskrift i *Prestearkivet, Mappe*. Det var tydeligvis trykt og sendt til menighetsråda i januar 1942. Først kom ei innleiing som bakgrunn og grunn til at heftet blir sendt ut: «For at menighetene skal kunne få det rette syn på saken [...]» Deretter sto brevet av 15. desember 1941 frå eit samla bispekollegium til KUD, med bilag. (Kongelig resolusjon av 15. februar 1885, om at biskopane skal ha uttalt seg før endringar med salmebøker og rituale, lærebøker i kristendomskunnskap og presteutnemningar blir avgjort.) I brevet presenterte biskopane kva ordning som var den lovlige i styringa av Den norske kyrkja, og biskopane sitt ansvar i behandling av kyrkjesaker. Saka var referert i felles menighetsråd for Drangedal og Tørdal i februar 1942.

Tilsvaret frå KUD av 23. desember 1941 blei gjengitt i skriv til prestane på nyåret 1942.²⁹¹ Det la opp til ei forsonande linje, og siterte frå bispeskrivet «med særlig glede», litt unøyaktig: «Det tillitsforhold som hos oss er etablert mellom [bispeskrivet: *mellom*] kyrkje og stat, er basert på [ordet *en* er utelete her] gjensidighet.» Det var nok ikkje biskopane si meinings å søke forsoning på dette grunnlaget, men KUD ønska tydeligvis å dempe konflikten.

²⁸⁸ Prestearkivet, mappe: Skriv Skancke/Feyling 29. november 1941.

²⁸⁹ Prestearkivet, mappe: Skriv, «den norske kirkes biskoper» 15. desember 1941.

²⁹⁰ Prestearkivet, dokument: Trykt skriv, underskrive av alle biskopane, Grøndahl & Søn. Oslo 1.42.

²⁹¹ Prestearkivet, mappe: Rundskriv, Skancke/Feyling 6. januar 1942.

6.3 Frå året 1942, «*Ut fidelis quis inveniatur*»

Skriva i arkivet til Lande viser at han var godt orientert på nasjonalt plan, og notata hans syner at han appliserte det på lokale forhold. Med sin posisjon som prost og aktiv i frivillige kristne organisasjoner hadde han godt kjennskap til situasjonen i den nasjonale kyrkjekampen, og var førebudd då han sjølv måtte inn i den. I prestarkivet fanst talrike rundskriv frå DMK og parolar utan avsendar som oppdaterte situasjonen og ga retningsliner. Den norske kyrkja var den einaste omfattande organisasjonen på nasjonalt plan som beholdt leiing og kontinuitet i så stor grad, både sentralt og lokalt. Skriva om Kirkens Grunn er omtala i kapittel 6.3.3.

6.3.1 Dokument frå kampen

Februar, mars og april 1942 var dei skilsettande månadene i kyrkjekampen. Domprost *Arne Fjellbu* blei fråtatt gudstenesta i Nidarosdomen 1. februar (av KUD, ved Feyling). NS-presten *P. J. Blessing Dahle* (då sokneprest i Ullern, seinare NS-biskop i Bjørgvin) skulle i staden ha festgudsteneste i samband med «Statsakten» på Akershus, der Quisling blei innsett som ministerpresident. Som følgje av at Fjellbu likevel gjennomførte gudsteneste i Nidarosdomen om ettermiddagen blei han torsdag 19. februar avsett av Quisling.²⁹² Dette blei utgangspunktet for at alle biskopane sa frå seg det statlige embetet 24. februar, og sendte ut det hyrdebrevet som blei lese eller refert i kyrkjene i Drangedal som i det meste av landet søndag 1. mars. Deretter kom utarbeidingsa av Kirkens Grunn, som grunngiving for at dei aller fleste prestane i Den norske kyrkja sa frå seg embetet sitt, påskedag 5. april eller like etter.

I regjeringsmøtet torsdag 26. februar fekk biskop Berggrav avskjed.²⁹³ Same datoен hadde «Rundskriv til alle prester i den norske statskirke. Fra ministerpresident Vidkun Quisling.» Det er trykt, og på fire sider i A4-format. Her opplyste Quisling at dei andre biskopane var suspendert. Han hevda å vere «[...] den som for tiden utøver den myndighet i kirkeforvaltingen som før tillå Kongen og Stortinget [...]»²⁹⁴ Han viste til § 16 i Grunnlova. Der sto det: «Kongen anordner al offentlig Kirke- og Gudstjeneste, alle Møder og Forsamlinger om Religionssager, og paaser, at Religionens offentlige Lærere følge de dem foreskrevne Normer.»

²⁹² Berg, Pål 1999, s. 96.

²⁹³ Ibid, s. 104.

²⁹⁴ Prestarkivet, mappe og i Prestarkivet, dokument: Rundskriv, Vidkun Quisling 26. februar 1942.

Det var Kongen (d.v.s. Kongen i statsråd = regjeringa) som styrt i statskyrkja, i samsvar med lover gitt av Stortinget.

Det kunne verke som Quisling her tenkte på seg sjølv som ein ny Kong Sverre. Han skal i si tid ha sagt, etter sigeren i slaget på Kalvskinnet (Nidaros) i 1179: Her står éin mann for dei tre: Konge, jarl og erkebiskop, og den mannen er eg.²⁹⁵ I ein tale i september 1941 hadde Quisling samanlikna biskop Berggrav med «bisp Nikolas» (kong Sverres motstandar).²⁹⁶ I brevet omtalte Quisling dei suspenderte motstandsbiskopane som «baglerbisper» (Sverre og etterfølgjarane sine fremste motstandarar var baglarane, etter bagall = bispestav). Ministerpresidenten tiltok seg den lovgivingsmakta som Stortinget har etter Grunnlova, utan å vise til dei aktuelle paragrafane, § 49: «Folket udøver den lovgivende Magt ved Storthinget [...]» og § 75: «Det tilkommer Storthinget: a. at give og ophæve love [...]» Grunnlova hadde hange i skulestovene, og var vel kjent for folket, i Drangedal som i andre bygder. Den 5. februar hadde den nye NS-regjeringa vedtatt dei to nye lovane som kom til å starte ein brei og omfattande motstand mot NS-styret: «Lov om nasjonal ungdomstjeneste» og «Lov om Norges Lærersamband».

Utan avsendar finst det ein «Oversikt over de kirkelige begivenheter i Norge siden 1. februar 1942».²⁹⁷ Oversikten var på tre sider. Den fjerde sida gjenga brevet til KUD med tilslutning til Kirkens Grunn frå 16 frivillige organisasjonar pluss «Dissentertinget, Den Norsk-lutherske Frikirke og Pinsemenighetenes forstandere i Oslo.» Eit P.S. fortel at byråsjef Kr. Hansson er fengsla.

At Frikirka og pinsevenner var med var viktig i Drangedal, der dei to menighetene sto forholdsvis sterkt. Samen med dei kristelige foreiningane og menighetene i Den norske kyrkja, utgjorde dei ein samla kristenfront mot NS, også lokalt.

Samtidig med Kyrkjekampen blei Lærarstriden landsomfattande ved at KUD innførte ein månads «brenselsferie», i skulane frå fredag 27. februar. I Drangedal var det eit stort fleirtal, men

²⁹⁵ Etter *Sverresoga*, gravtale over Erling Skakke, ref. i Fritt Folk 01.02. 1942, hos Wisløff 1971, s. 436.

²⁹⁶ Dahl 1992, s. 238.

²⁹⁷ Prestarkivet, mappe, underskrift: (avsl 26. 4.42.).

ikkje alle lærarar som sa nei til Norsk Lærersamband. Lande oppgir 16 nei og 6 ja,²⁹⁸ men i medlemslista for Norsk lærarlag 1940 er det 26 namn.²⁹⁹ Fem lærarar i Drangedal blei suspendert etter frigjøringa.³⁰⁰

I full fart blei Hyrdebrevet frå biskopane om embetsnedlegginga laga og spreidd over heile landet. Det var ikkje noko eksemplar av det i Prestearkivet, sidan Lande hadde gitt det frå seg til lensmannen.³⁰¹ Brevet hadde ganske enkelt komme med sjåføren på birluta Kragerø-Drangedal. Det same gjorde ein del av dei andre hyrdebrevra.³⁰²

Det gjekk fort også i KUD. Skrivet om «Bestyrelsen av domprost- og bispekontorene» var datert 4. mars, og mellom dei sju prestane som nå skulle overta i bispedømma sto sokneprest *Christian Hansteen* i Herefoss i Aust-Agder som ansvarlig i Agder. Den første som var tiltenkt oppgava som fungerande domprost og konstituert biskop i Agder var sokneprest *Reidulf Wormdal* i Holum i Vest-Agder. Han nekta å ta i mot konstitueringa; var utmeldt av NS og blei motstandsprest,³⁰³ men fekk ein tragisk lagnad etter frigjøringa.³⁰⁴ Hansteen var svoger til NS-kulturminister *Gulbrand Lunde*.³⁰⁵ Etter ein samtale med biskop Maroni sa Hansteen frå seg oppdraget.³⁰⁶ (Som sokneprest i Uranienborg sto han 7. februar³⁰⁷ 1943 fram som utmeldt av NS og slutta seg offentlig til Kirkens Grunn.³⁰⁸) Hansteen fekk ikkje komme tilbake til Herefoss etter krigen,³⁰⁹ Maroni meinte nok han hadde vore for sein med å slutte seg til Kir-

²⁹⁸ Lande 1946.

²⁹⁹ NHI 177. Bredo Henriksen. Sivorg i Telemark Serie F – Krigstidsdokumenter: Norges Lærerlag Medlemsliste for 1940 Tillegg til «Norsk Skuleblad». Nr 7, 1940.

³⁰⁰ Vestmar, 7. juni 1945.

³⁰¹ Jf. kapittel 2. «Preludium».

³⁰² Lande 1946.

³⁰³ Støylen 1984, s. 128.

³⁰⁴ Han blei funnen død Jonsok 1945. Det er uavklart om det var sjølvdrap eller likvidering. Jf boka: *I Jesu navn Krigens siste offer*, av Egil Ulateig, 2008.

³⁰⁵ Norrman 1998, s. 143.

³⁰⁶ Støylen 1984, s. 128.

³⁰⁷ Norrman 1998, s. 366: «31.januari ».

³⁰⁸ <http://www.nrk.no/programmer/radioarkiv/gudstjenesten/1439756.html> dato: 27.09. 2014.

³⁰⁹ Støylen 1984, s. 128.

³⁰⁹ Maroni 1944: "Fhv. sogneprest i Herefoss Hansteen kan ikke atter overta embedet."

kens Grunn. Hansteen flytta til Modum (Buskerud), der han fekk gjøre assistent-teneste og blei hjelpeprest og seinare res.kap. 1949-1965.³¹⁰

Etter at Hansteen nekta å overta i Agder gjekk oppgåva til sokneprest Ludvig Daae Zwilgmeyer i Porsgrunn «hvortil all post vedrørende disse embeter best sendt.»³¹¹

Den 4. mars hadde sokneprest Lande som andre prestar sendt brev til KUD ut frå at biskopane i Den norske kyrkja hadde lagt ned sine statlige embete, men ville halde fram «som tilsynsmenn, preikarar og sjelesyrgjarar.» Lande stilte seg «solidarisk med min biskop Maroni, og kann ikkje godkjenna nokon annan biskop.» Lande sendte kopi av brevet til Maroni og til menighetsrådet.³¹² Same datering har eit skriv til menighetsråda i Agder bispedømme frå bispedømmerådet,³¹³ der det «anser fremdeles biskop J. Maroni for rettelig å være biskop i Agder i henhold til den åndelige myndighet [...].» Skrivet fanst i to eksemplar, adresserte med blyant, det eine til menighetsrådet, det andre til soknepresten.

Reaksjonane frå KUD kom i form av to nye rundskriv. I det første, frå 12. mars blei det (ironisk) bedt om at der presten har lese opp hyrdebrevet av 24. februar burde han «overensstemmende med kristen tankegang» også lese opp svarbrevet frå Quisling. Det blei vidare gitt beskjed om at «nye skrivelser fra de forhenværende biskoper» ikkje måtte bli kunngjort i kyrkjene. Skrivet avslutta med ein tydelig trussel: «Fortsatt illojal opptreden og nye forsøk på å skape panikkartede forhold innen menigheterne må nødvendigvis bli møtt med en fast oppreten fra departementets side.»³¹⁴

Eit nytt hyrdebrev³¹⁵ hadde overskrifta «Leses fra prekstolen umiddelbart etter den frie bønn.» Det var til Maria Bodskapsdag, 22. mars 1942. Den dagen var det gudsteneste i Tørdal kyrkje, ved hjelpeprest Ingolfstad.³¹⁶ Hyrdebrevet handla om ungdomstenesta og at biskopa-

³¹⁰ Prester 1972, s. 98

³¹¹ Prestearkivet, dokument: Rundskriv, Skancke/Feyling, 10. mars 1942.

³¹² Prestearkivet, dokument: Brev, Lande 4. mars 1942.

³¹³ Prestearkivet, mappe: Skriv, Agder bispedømmeråd 4. mars 1942.

³¹⁴ Prestearkivet, dokument: Rundskriv, Skancke/Feyling, 12. mars 1942.

³¹⁵ Prestearkivet, mappe: Gjennomsalg, udatert, trulig frå 15.-20. mars 1942.

³¹⁶ Menighetsblad, februar 1942, s. 4.

ne har lagt ned embeta. Den frie bønna kunne ha innhold som gjekk på sitasjonen; det blei sannsynligvis bedt spesielt for biskopane og kyrkja den dagen i Tørdal kyrkje. Sist det hadde vore gudsteneste i Tørdal kyrkje var 1. mars, då lensmann Gaarder overvaka gudstenesta, men det er ingen dokumentasjon av overvåking 22. mars, så då kunne presten be og tale fritt. Slutten av brevet er eit ultimatum: «[...] min fortsatte forbliven i min nåværende prestestilling er avhengig av at kirkens synsmåter her og i andre forhold som i dag er omtvistet blir respektert.» Det var ei altomfattande kravsfomulering som i praksis var umuleg for styremaktene å oppfylle.

Eit brev frå prestane i Bamble prosti nådde KUD nokre dagar før.³¹⁷ Det er også eit ultimatum; vilkåret for å «bli stående i våre prestetjenester» er at inngrepa overfor biskop Maroni blei oppheva.

Eit skriv frå KUD er praktisk retta.³¹⁸ Det blir åtvara mot å bruke tenestemerker til brev «som statspolitiet har funnet illegalt» og truga med «fengsel på inntil livstid» for å bruke gudstenester til å «[...] lese opp resolusjoner og rundskriv hvis innhold direkte eller indirekte tilskikter å uttale og så mistillit til det bestående statsstyre [...].» Sidan prestane i Drangedal og elles i landet sa frå seg statstenesta, ville det uansett blitt slutt med å bruke tenestefrimerke. Det var lite handlingsrom for styremaktene, sidan dei fleste prestane fortsette å lese opp skriv frå biskopane og DMK. I Drangedal blei situasjonen etter Gaarders avreise nokså stabil. Dei lokale NS-folka slutta etter kvart å «overvåke» gudstenestene. Lande fortalte bare om éin demonstrativ utmarsj frå gudsteneste, jula 1944. (Jf kapittel 6.5.2 «Lokale NS-reaksjonar».)

Det siste dokumentet knytta til kyrkjekampen våren 1942 er brev frå «Fylkespresseleder» Lien 20. april, med forbod mot «å omtale kirkestriden i noen form [...]».³¹⁹ Det var for seint. Kyrkjekampen var godt kjent gjennom opplesingar i kyrkjene og skriv til prestane, og dessutan refert i NS-avisene og ikkje minst gjennom radio-lytting frå London, som var svært utbreidd i Drangedal.³²⁰

³¹⁷ Prestearkivet, mappe: Brev i gjennomslag, 19. mars 1942.

³¹⁸ Prestearkivet, dokument: Rundskriv, Skancke/Feyling, 30. mars 1942.

³¹⁹ Prestearkivet, dokument: Skriv i gjennomslag, Lien, 20. april 1942.

³²⁰ Vogslund 1995, s 54-64.

Det fanst nokre fleire praktiske skriv frå KUD i Prestearkivet. Det kom rundskriv om eventuelle krigsskader på kyrkjer, prestegardar og anna som hørte til Opplysningsvesenets Fond.³²¹ Fleire månader etter Lande si embetsfråseiing var det eit skriv om Jordavgift.³²² Brevet var frå «1ste fondskontor», som etter omorganiseringa i februar 1941 hørte inn under «Avdelingen for formuesforvaltning», der *Otto Theisen* var ekspedisjonssjef, og altså ikkje under Feyling, før ei ny omorgnisering i 1944.³²³ Desse sakene var ikkje kyrkjepolitiske, og Lande har då tatt i mot skriva og truleg svara på dei, i eigenskap av å bu i prestegarden. Elles returnerte han brev og skriv til embetet u-opna.³²⁴

Eit dokument frå 1942 som har overskrifta: «Til prester! “Ut fidelis quis inveniatur”».³²⁵ Sitatet er frå Vulgata, 1.Kor 4,2 b: «at dei må verta funne true.» Det gir ei oversikt over hendingane frå 19. februar til 24. april. Avslutninga kunne tyde på at brevet var forfatta i Telemark: «Soknepresten i Seljord fikk brev fra ”bispen” i Porsgrunn. Han aapnet ikke brevet, strók bare navnet sitt og satte adressen Porsgrunn. ”Bispen” ble meget ”bós.”»

Prestane fekk orientering om mulige forhandlingar sommaren 1942,³²⁶ og om ordinasjonane av «prestene Zwigmeyer og Frøyland (...) til biskoper.»³²⁷ Saman med dette i mappa er «Avskrift av artikkel fra høsten 1935», to tettkskrivne stensilsider frå Sigmund Feyling si skildring av kyrkjekampen i Tyskland.³²⁸ Feyling tok då sterkt avstand frå «De tyske kristne» og «denne radikale venstre fløi innen rikskirken som har makten». Og oppsiktsvekkande for ettertida per 1943 konkluderte han både framsynt og optimistisk på vegne av «den evangeliske kristendom i Tyskland»: «Den nye ”Bekjennelseskirke” går inn i en fimbulvinter, men det er også denne friske evangeliske kirkeopposisjon som gir grunn til å tro at de tyske folkekirker vil gå renset

³²¹ Prestearkivet, dokument: Rundskriv, Theisen, 12. mars 1942.

³²² Prestearkivet, dokument: Rundskriv, Arnulf, 9. juli 1942.

³²³ Norrman, 1998, s.42f.

³²⁴ Prestearkivet, Lande, udatert.

³²⁵ Prestearkivet, mappe: Paroleskriv, udatert.

³²⁶ Prestearkivet, mappe: Skriv, Hallesby og Hygen, 19. juni 1942.

³²⁷ Prestearkivet, mappe: Stensil, udatert og utan underskrift.

³²⁸ Prestearkivet, mappe: Stensil, udatert og utan underskrift.

ut av lutringens ild.» Nederst står «Avskriverens anmerkning: Tempus mutantur et Feyling cum illis», eit latinsk ordtak med ein vri: *Tidene endrar seg og Feyling med dei.*

Det kom skriv frå KUD 11. august 1942 om at funksjonen til dei menighetsråda som blei valt i 1936 var over. Utan å referere til «nyordninga» ba departementet om at protokolar og arkiv «blir oversendt den nye formann når melding derom kommer fra vedkommende biskop.»³²⁹ Lande skreiv i si oppsummering etter krigen at det blei oppnemnt menighetsråd både i Drangedal og Tørdal sokn, men at dei som blei oppnemnt nekta å vere med, «så det vart med formennene».³³⁰ Og dei måtte konstatere at dei ikkje fekk noko samarbeid med prestane, og valde ikkje å legge seg bort i prestetenesta. Protokollar og arkiv blei ikkje kravd utlevert. Sidan tenestebrev blei returnert u-opna slutta dei å komme.

Det formelle skulle på plass. Den Midlertidige Kirkeledelse (DMK) sendte i august 1942 rundskriv til prestane om bruk av nye blankettar og stempel.³³¹ Det skulle stå «menighet» og ikkje lenger «sokneprest». I oktober kom ein parole frå DMK om at prestane skulle fortsette i eventuelle legatstyre, sidan dei gjekk ut frå menighetene og ikkje frå det statlige embetet.³³²

Utover hausten 1942 kom det fleire parolar frå DMK. Dei var som gjennomslag eller som stensil, og udaterte. Ein var om praksis, for prestar som var fråtatt prestedrakt eller forvist; om fødselsregisteret og om dødsmeldingar.³³³ Ein gjekk ut frå at dei gamle menighetsråda fortsette, slik det skjedde i Drangedal og Tørdal, og at det blei gjort kjent uformelt. Dei kunne ikkje lenger lage kyrkjebudsjett til kommunen, men i Drangedal ordna dei seg ved å vedta budsjett som dei overlét til kyrkjevergen. Det var kommunalt valte kyrkjeverger som hadde ansvaret for budsjettet, som omfatta drift av kyrkjene og lønn til kyrkjeteriarar og organistar. Ei lita remse frå eit gjennomlagsark har ein parole på fire liner om å motsette seg kontorvisitas.³³⁴ I Drangedal blei det aldri aktuelt.³³⁵ Etter at Lande sa frå seg prostestillinga 16. mars 1942 gjekk det meir enn eitt år før han blei avsett av KUD.

³²⁹ Prestearkivet, dokument: Rundskriv, Skancke/Feyling, 11. august 1942.

³³⁰ Lande 1950, s. 112

³³¹ Prestearkivet, mappe: Rundskriv, Hygen, 21. august 1942.

³³² Prestearkivet, mappe: Parole, gjennomslag, DMK, 19. oktober 1942.

³³³ Prestearkivet, mappe: Parole, gjennomslag, DMK, udatert (oktober 1942?).

³³⁴ Prestearkivet, mappe: Parole, gjennomslag, utan dato og avsendar.

³³⁵ Lande 1950, s. 112.

I oktober 1942 kom det eit skriv frå biskop Maroni, om hans situasjon med daglig meldeplikt. Han kan då ikkje delta i arbeidet i DMK, møte andre biskopar eller reise rundt i bispedømmet.³³⁶ Skrivet frå DMK om forfølginga av jødane blei opplese i kyrkjene i Drangedal, sjølv om det ikkje var tenkt til opplesing.³³⁷ Opplesinga blei følgt av bøn for jødane. Dei blei bedne for også i seinare gudstenester.³³⁸ Skrivet var bretta til A6-format og slite, som om det hadde vore i ei jakkelomme. Lande har ikkje vore svært forsiktig med papira.

Lande var ansvarlig for informasjonen til prestekollegane i prostiet, med sokneprest Høimyr i Bamble som varamann.³³⁹ Brevet med oppnemninga er frå biskop Maroni. Når det står at det er «tatt hensyn til at ansvarshavende bør bo på et sentralt sted», så kan det virke merkelig, sidan Drangedal er i den geografiske utkanten av prostiet. Men Sørlandsbanen gjekk gjennom bygda, den var ferdig til Kristiansand. Det var sidespor til Kragerø, til Arendal og til Grimstad/Lillesand, og jernbanen var det viktigaste kommunikasjonsmidlet under krigen. Jernbanetilsette fungerte som kuresar. At det ikkje var tyskarar i Drangedal til vanlig kan ha gjort at ein kjente seg forholdsvis trygg der.

6.3.2 Overvaking

Det var NS-leiarar lokalt som tok til med overvaking av gudstenester.³⁴⁰ Men i samband med hyrdebrevet i februar-mars 1942 blei overvaking pålagt frå det tyske sikkerhetspoliti, ³⁴¹ ved lensmennene, eventuelt med hjelp av NS-partilag/Hirden. Overvaking med rapportering av gudstenester var ikkje det vanlige i Drangedal. Det kan ein sjå av det at Lande fortel om dei enkelte hendingane, og at han slår fast at overvakingsa tok slutt.³⁴²

Hendinga i Tørdal kyrkje (omtalt i kap. 2, Preludium) kunne beskrivast på ulik måte, men fakta var tydelig: Prost Lande visste at denne gudstenesta blei overvaka av lensmannen, men

³³⁶ Prestearkivet, mappe: Skriv, Maroni, oktober 1942.

³³⁷ Lande 1946.

³³⁸ Nasjonalbiblioteket, Ms. 4° 3713 B2.

³³⁹ Prestearkivet, mappe: Udatert gjennomsalg, utan datering og avsendar, arkivert mellom dokument frå august og oktober 1942.

³⁴⁰ Austad 2005, s. 82f.

³⁴¹ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307, Gaarder: Rapport-bok.

³⁴² Prestearkivet, Lande, udatert.

las likevel opp hyrdebrevet. Han fekk konfrontasjonen rett etter gudstenesta, men ga tilsynelatande etter for krava frå lensmannen. Lande ga frå seg brevet, og kan ha uttrykt seg som om det ikkje fanst fleire eksemplar og at han ikkje ville gjøre noko meir for å gjere brevet kjent. Lande hadde dagen før gjort klart for gudsteneste i Drangedal om kvelden. Han hadde ikkje kopi av brevet, men kapellan Ingolfstad hadde også fått det.

Om hendingane i Kroken har vi tre versjonar: Rapporten frå hirdmann Kjendsheim dagen etter, Lande si framstilling i boka frå 1950 (kanskje etter samtidig notat), og Kjendsheim si politiforklaring i Kragerø 23. august 1946:

Det var vinteren 1942 da jeg var ansatt hos lensmann Gårder som betj. Gårder beordret meg til å reise til Kroken kapell for å overhøre pastor Ingolfstad's preken. Ingolfstad nevnte under prekenen at han hadde fått tilsendt et hyrdebrev fra biskop Berggrav og at han ønsket å lese opp dette hvilket han også gjorde. Brevet inneheldt at prester og biskoper var overgrepne fra NS's side og videre at Berggrav var avsatt som biskop men at han ikke følte dette som noen avsettelse. Noe mer av betydning kan jeg ikke huske at brevet inneheldt. Dette meddelte jeg muntlig til lensmann Gårder, som innkalte Ingolfstad på sitt kontor, avhørte ham om hvorfra han hadde mottatt brevet m.m. uten at det ble noen ytterligere følger for Ingolfstad.³⁴³

I rapporten til lensmannen, som i strid med det Kjendsheim hevda i politiforklaringa var skriftlig, og blei sendt vidare til det tyske sikkerhetspolitiet³⁴⁴ står det at Ingolfstad ikkje las opp brevet, men refererte det:

Etter han var ferdig med sin preken sa han omtrent følgende [...]. Det var ikke vanskelig å forstå hvem han siktet til som Antikrist og motstandere av Kristi lære. Hele pastor Ingolfstads tale var den rene propagande mot N.S. og nyordningen i landet vårt. En propaganda som blir drevet på en meget farlig måte, og som ganske sikkert har sin store virkning på folk.

Lensmannen bekrefta dette i ein supplerande rapport til det tyske sikkerhetspoliti, Larvik:

³⁴³ Riksarkivet, Landsviksak Vadsø politikammer Landssviksak 284/45, dokument nr. 30, 24, til sak Kragerø Politikammer nr. 94.

³⁴⁴ Prestearkivet, dokument: Avskrift, Kjendsheim 3. mars 1942.

«At han ikke leste opp hyrdebrevet kan nok nå ene og alene tilskrives den omstendighet at hirdman Kjendsheim var tilstede.»³⁴⁵ Dermed er det sannsynlig at hyrdebrevet ikkje blei lese, men referert. Dette var ikkje så viktig for hendinga, men det syner at samtidige dokument og seinare vitnemål ikkje alltid samsvarer.

Overvakingane var nok ikkje ufarlige for dei to prestane, og grunnen til at dei ikkje fekk følgjer var kanskje at både lensmannen og hirdmannen forlét bygda i løpet av mars 1942, og dei var der ikkje då «Kirkens Grunn» og nedlegginga av embeta kom.

I Riksarkivet finst Gaarders handskrivne «Rapport-bok» frå hans tid som lensmann i Drangedal. Den går frå 28/10-41 til 14/3-42. Her er notert forhør og granskningar etter kontrollar og anmeldelser, ulykker og tjuveri. Jakta på radioar i januar 1942 har stor plass.

Om overvakinga 1. mars er det 28/2-42 innført: «Politimesteren telefonerer telegram fra sikkerhetspolitiet kl. 12: Alle biskopper er trådt tilbake Berggrav er avsatt». På motsett side står namna «Aasulv Lande prost Drangedal Birger Ingolfstad hjelpeprest Drangedal». At namna er skrivne ned kan vere diktat etter telefonen, eller det kunne tyde på at Gaarder ikkje kjente så godt til kyrkja og prestane i Drangedal. Notatet fortsette på neste side:

«Nye biskopper fra NS er satt inn. Derfor nødvendig å overvåke alle gudstjenester i Alle slags kirker og religiøse sekter. Dertil skal man legge merke til hyrdebrev eller rundskrivelser, som eventuelt blir sendt rundt. Rapp. Om forholdet i Deres distrikt skal sendes til politimesteren. (hver uke?)»³⁴⁶

Gaarder forklarte i forhør 5. juni 1946:³⁴⁷ «Til punkt I e³⁴⁸ i siktelsen mot meg av 18.1.46 vil jeg bemerke at jeg personlig ikke har vært i kirke eller på gudstjeneste som politimster i Skien. Siste gang jeg var på gudstjeneste mens jeg var lensmann i Drangedal var omkring månedskiftet febr.-mars 1941 [feil for 1942]. »

³⁴⁵ Prestearkivet, dokument: Avskrift, Gaarder 3. mars 1942.

³⁴⁶ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307: Gaarder, Rapportbok.

³⁴⁷ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307: Rapport til politimesteren i Skien, 5. juni 1946.

³⁴⁸ Det punktet galldt overvaking av gudstenester i Skien.

Etterforskaren sendte 21. mai 1946 spørsmål til lensmannen i Drangedal om rapportane frå Gaarder «hadde noen følger for de 2 prester.» Gjeninnsett lensmann John Bustrak sendte eit brev «fra prost Lande, tiltrådt av pastor Ingolfstad»:

[...] med opplysning om at omtalte melding frå Gårder ikkje fekk direkte fylgle for nokon av oss. - Men vi stod under hans «oppsikt» så lenge han var i Drangedal. Og truleg har han sendt fleire slike meldingar. Såleis fortalte han meg at han hadde sendt rapport til kirkedepartementet 2. mars 1942. - Om desse rapportane var medverkande til dei strengare åtgjerder som seinare var sett i verk mot prestane, er ikkje godt å si.³⁴⁹

Overvakkinga av gudstenester kjentest nok som ein trussel, mot kyrkja og mot presten personleg. Men når den ikkje fekk så store følgjer så hang det nok saman med dei generelle tilhøva i Drangedal. (Jf. kapittel 3.1 «Prestane med allierte».)

6.3.3 Kirkens Grunn³⁵⁰

Til dokumentet Kirkens Grunn var det ei utgreiing frå Menighetsfakultetet om luthersk tolking av Det fjerde bodet, med utgangspunkt i «en skriftveksel mellom Norges biskoper og kirkeminister Skancke».³⁵¹ Det er datert same dagen som biskopane la ned embetet.

Teksten til Kirkens Grunn fanst stensilert på fire tettskrivne sider.³⁵² Norrman opplyser at det blei sendt eitt eksemplar til kvart bispedømme, med kurér.³⁵³ Dokumentet i Prestearkivet er tydeligvis sekundært. Samanlikna med originalteksten³⁵⁴ så er det eit litt anna oppsett, og nokre mindre avvik med understrekningar og skilnader i teiknsetting og stavning.

³⁴⁹ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307: Brev av 21. mai 1946 og 23. mai 1946.

³⁵⁰ Erklæringa *Kirkens Grunn* er behandla inngåande av Torleiv Austad i avhandlinga frå 1974, og handlingane omkring den er referert av mange, blant andre: C.F. Wisløff i *Norsk kirkehistorie III*, 1971.s.448-453, Ragnar Norrman i *Qusilingkyrkan*, 1998, s. 154-157, Pål A. Berg i *Kirke i Krig*, 1999, s. 109f og Bernt T. Oftestad i *Norsk Kirkehistorie* 2005, s. 274-276. Kristian Hansson, som var jurist og ein av dei som hadde laga eit forarbeid, har ein gjennomgang av innhaldet i si bok *Stat og Kirke*, 1945, s. 99-102. (Den andre med eit forarbeid var kapellan *Olav Valen Sendstad* i Stavanger.)

³⁵¹ Prestearkivet, mappe: Skriv, signert Olaf Moe, O. Hallesby, Karl Vold, Andr. Seierstad, 24. februar 1942.

³⁵² Prestearkivet, mappe: Skriv, datert påskeaften 1942.

³⁵³ Norrman 1998, s. 154.

³⁵⁴ Berg, Pål 1999, s. 209-211.

Det er ingen ord som manglar. Skipsreiar *Arnt J. Mørland* i Arendal, som var fungerande leiar i Agder Bispedømmeråd, organiserte distribusjonen. Til Bamble prosti kom skriftet i drosje med soknepresten i Barbu (Arendal).³⁵⁵ I svar til Kirkekampens sentralarkiv i januar 1946 opplyste Lande at skrivet kom med sjåføren på rutebussen frå Kragerø laurdag 4. april.³⁵⁶

Det teologiske grunnlaget for «Kirkens Grunn» var i ei tolking av Rom. 13,1-7, om lydigheit mot styremaktene, som avveik frå den tradisjonelle lutherske. Det var å vere lydig mot staten, etter Rom 13, 1f: «Kvar mann vere lydig mot dei styremaktene han hev yver seg! For det finst ikkje styremakt utan av Gud. Men dei som finst, dei hev Gud skipa, so den som set seg imot styremakti han stend imot Guds skipnad; men dei som stend imot skal få sin dom.» Lutherske stats- og fyrstekyrkjer i Norden og Tyskland har tolka dette som at staten skal styre kyrkja, tidligare under «konge av Guds nåde».

Berggrav hadde med liknande argumentasjonen som biskop Dibelius (jf. Kapittel 4.2.2, frå Kirke og Kultur 1933) det synet at det går an å skilje mellom presten som statens embetsmann og som hyrding for menigheten. Argumentasjonen i Kirkens Grunn gjekk ut på at lydnad mot staten har som vilkår at staten er ein rettsstat. Luther kan også tolkast i den retningen: «han (Paulus) trekker opp grensene både for statsmakten og for lydigheten» og «På same måte begrenser han statsmakten når han sier (Rom 13,3) “De styrende er ikke til skrekke for de gode gjerningene, men for de onde”»³⁵⁷. Dette er, særlig på bakgrunn av nettopp kyrkjekampen, det vanlege synet hos lutherske teologar i Norge i dag. I innleiinga til ei norsk Luther-utgåva skriver redaktøren: «Luther la stor vekt på at det verdslige regiment som institusjon skulle være overvåker og opprettholder av rett og orden i samfunnet [...].»³⁵⁸

6.3.4 Embetsnedlegging

Prestane i Drangedal sendte inn erklæringa om at dei la ned embetet «men akter fortsatt å utføre alt arbeid og all tjeneste i vår menighet som kan skjøttes av en ikke-embetsmann [...].» Saman med teksten til Kirkens Grunn låg eit stensilert førelegg til erklæringa der prestane ga

³⁵⁵ Masdalen 1991, s. 315.

³⁵⁶ Lande 1946.

³⁵⁷ Luther 1980, s. 186.

³⁵⁸ Rasmussen 1980, s. 29.

tilslutning til Kirkens Grunn og la ned embetet.³⁵⁹ Det var underskrive med blyant av Lande og Ingulfstad; i overskrifta var ordet *menn* endra med blyant til *prester* og *Drangedal* er skrive på den prikka linja. Orginalen finst i Riksarkivet, datert 7. april 1942 (3. påskedag).³⁶⁰ Brevet blei journalført i KUD 10. april. Det var tydeligvis Lande som skreiv det, ein skrivesfeil «kann» er frå nynorsk 1917-rettskriving. Brevet er elles på bokmål etter stensilen, med *Ærbødigst* før underskriftene, Lande først. Før KUD mottok brevet sendte Feyling³⁶¹ telegram til prestane, med klare truslar: «embetsnedleggelse [...] vil bli behandlet som en oprørshandling [...] De som [...] deltar i denne farlige aksjon må regne med å bli behandlet deretter» Og trusseken kan også gå ut over heim og familie: «må den prest som nedlegger sitt embete og deretter får avskjed innen 8 dage ha fraflyttet såvæll boligen som distriktet.»³⁶² Telegrammet er sendt den 8. april kl 20.25 og kom inn 9. april kl 11. Det er sendt før Feyling visste kor stort omfang presteaksjonen hadde.

Eit rundskriv frå KUD veka etter har ein juridisk vri: «Å nedlegge sitt embete i Statskirken er en rettstridig handling og derfor ugyldig.»³⁶³ Deretter blei tonen forsonlig: «Det arbeides i disse dager med å få utviklet at det blir gitt anledning til gjensidig orientering mellom departementet og representanter for de prester som finner seg å stå i opposisjon til Kirkedepartementet.» Om dette skreiv Kristian Hansson rett etter krigen:³⁶⁴

Etter de store ord ventet de fleste at det ville skje drastiske ting. Men dagene gikk uten at noe hendte. [...] Årsakene til denne moderasjon i kirkestyrets holdning lar seg ikke etterspe på det nåværende tidspunkt. Den kan skyldes direktiver fra okkupasjonsmakten, men kan også henge sammen med taktiske spekulasjoner om å vinne tid [...].

Wisløff gir eit svar i si kyrkjehistorie: «Tyskerne hadde grepet inn, så meget er sikkert – selv om hendelsesforløpet ikke er helt klarlagt.»³⁶⁵ Pål A. Berg støttar denne forklaringa: «Tysker-

³⁵⁹ Prestearkivet, mappe: Skriv, udatert, trulig frå april 1942.

³⁶⁰ Riksarkivet, «Feyling-arkivet», L 0005/0012.

³⁶¹ Berg, Pål 1999, s. 131.

³⁶² Prestearkivet, mappe: Telegram, tre halv-sider, sendar: Kirkedepartementet.

³⁶³ Prestearkivet, mappe: RundskrivSkancke/Feyling, 15. april 1942.

³⁶⁴ Hansson 1945, s. 104.

³⁶⁵ Wisløff 1971, s. 454.

ne stoppet Quisling»,³⁶⁶ og han trekker inn at ei rettsak mot Berggrav blei avlyst dei same dagane. På NS-hald var det ei oppfatning at Terboven ønska å sette ein kjelke i vegen for Quisling.³⁶⁷ Dette skulle også gjelde forsøk på forhandling med biskopane, ved *Finn Støren* (sentral i Quisling-administrasjonen og nevø av Nidaros-biskop Johan Støren).³⁶⁸

Feyling tenkte nok på straffetiltak mot dei illojale prestane, og hadde tydeligvis leita etter eit juridisk grunnlag for i alle fall å straffe dei økonomisk. Riksadvokaten åtvara mot dette. Rett nok kunne embetsmenn få store bøter «for embedsforsømmelse» (opp til 5000 kr, som tilsvrar 100 000 etter dagens pengeverdi), men viss bota ikkje blei vedtatt ville det bli rettsak mot prestar, og det ville ikkje dei tyske styremaktene ha.³⁶⁹

Den felles utgreiinga frå dei to teologiske fakulteta om Kirkens Grunn fanst i mappa i Prestearkivet, og Lande opplyste etter krigen at den blei lesen opp i kyrkjene.³⁷⁰

Saman med over 90 % av kollegane la prestane i Drangedal ned den statlige delen av tenesta. Det innebar at dei kunne fortsette å holde gudstenester i kyrkja og forette gravferd og dåp, i «kappe og krage». Dei kunne ikkje lenger forrette vigsar, men velsigna gjerne borgarlig inn-gåtte ekteskap. Dei heldt også andaktar på bedehus og i privathus i Drangedal.³⁷¹ Andre stader blei prestar utestengt frå kyrkjene, forvist frå soknet og distriktet, og fråtatt prestekleda.

I Prestearkivet var det eit skriv om ordinasjonane av Zwigmeyer og Frøyland 28. juli 1942.³⁷² Det hadde form av hyrdebrev, som skulle lesast frå prekestolane. Dette blei gjort i Drangedal.³⁷³ Innhaldet gjekk dels på det formelle: «Og da de ordineres av en prost, er deres ordinasjon ulovlig, idet den er i strid med alterboken.» Vidare sa ein at ordinasjonen ville skape pre-

³⁶⁶ Berg, Pål 1999, s.132f.

³⁶⁷ Thrana 2001, s.182f.

³⁶⁸ Melsom 1975, s.172.

³⁶⁹ NHM 285/4 Sam Knutzen Serie F – Krigstidsdokumenter: Avskrift fra Riksadvokaten L. st. 411/42, Oslo 4. november 1942 Nordvik.

³⁷⁰ Lande 1946.

³⁷¹ NHM 285/4 Sam Knutzen Serie F – Krigstidsdokumenter: Situasjonen den 8. april 1942 (skrive etter 10. mars 1942)

³⁷² Prestearkivet, mappe: Skriv utan dato, adressat og avsendar.

³⁷³ Lande 1946.

sedens: «[...] det som i dag vederfares Oslo og Agder bispedømmer er bare en begynnelse. Turen kommer snart til de øvrige bispedømmer.» Det gjekk ikkje heilt slik. Frøyland ordinererte to biskopar 5. desember 1943, med assistanse av Zwilgmeyer. Det var *Ole Johan B. Kvannes* til Stavanger og *Jørgen Sivertsen* til det nyoppretta Trondenes stift. Dei resterande seks NS-biskopane blei ikkje ordinerte, men fortsette å vere «konstituerte». ³⁷⁴ Trøsta til slutt i skrivet frå 28. juli er «at kirkens herre er den almektige Gud som styrer alt i himmel og på jord.» Dei kjempande stolte på at dei hadde Gud på si side.

6.3.4 Ikkje lenger statskyrkje

I juli 1942 kom det to skriv til prestar og menigheter som klargjorde den nye situasjonen etter embetsfråseiingane og Kirkens Grunn. Biskopane (med unntak av Støren i Nidaros som ikkje var aktiv lenger og med domprost Hygen som vikar for Berggrav) sto som underskrivarar av eit kort skriv «Til Norges prester, menighetsråd og menigheter.»³⁷⁵ Det fortelte at det er «blitt nødvendig å opprette et nytt øverste kirkestyre.» Så kom namna på medlemene i «Den midlertidige kirkeledelse», tre biskopar og tre organisasjonsledarar: Biskop Berggrav, biskop Maroni, biskop Hille (Hamar), professor Hallesby, Ludvig Hope, pastor H. E. Wisløff. Dei fleste parolane i Prestearkivet er sannsynligvis frå DMK.

Eit langt skriv i fire punkt frå den nye kyrkjeleiinga ga først bakgrunnen for den aktuelle situasjonen: «1. Kirkens kamp.» Så følgjer på dei neste tre tettskrivne sidene: «2. Stillingen i dag», «3. Kampens mål» og «4. Våre arbeidsoppgaver». Stillingen i dag blir presentert som «en åndelig seier». Kampens mål «er ikke av politisk art», «ikke av kirkepolitisk art» men «av åndelig art». Arbeidsoppgåvene var å halde fram arbeidet «i vår kirke», etter brot med statsstyret: Menighetsråd, prestar, prostar og biskopar skulle halde fram, og «når det nå også er opprettet en kirkeledelse som skal ta sig av spørsmål som angår den hele kirke, har vår kirke hele sitt arbeidsapparat i gang.»³⁷⁶ Lande opplyste at rundskrivet om DMK blei lese opp i kyrkjene.³⁷⁷ Det var heile tida viktig å understreke at kyrkjekampen var åndelig, ikkje politisk.

³⁷⁴ Norrman 1998, s. 233.

³⁷⁵ Prestearkivet, mappe: Skriv, juli 1942, Maroni, Fleischer, Hille, Skagestad, Krohn-Hansen og Hygen.

³⁷⁶ Prestearkivet, mappe: Skriv juli 1942, Hallesby, Hille, Hope, Hygen, Maroni, H.E. Wisløff.

³⁷⁷ Lande 1946.

6.3.5 Felles menighetsråd

Menighetsråda i Drangedal og Tørdal sto samla bak prestane og Kirkens Grunn. Dei NS-oppnemte menighetsråda i kommunen fungerte knapt, og gjorde ingen skade, i følgje Lande: «Deira oppgåve var visstnok helst å sende melding til «prosten» (prostiet var nå flytta til Solum), serleg om kyrkjesøknaden. - Men det var aldri spørsmål om utlevering av protokollar og slikt.»³⁷⁸

Dei som var valt i 1936 kom til å fungere under heile krigen. Det blei protokollert fellesmøte mellom Drangedal og Tørdal, og ingen eigne møte. I 1945 var det ikkje møte før frigjøringa. I alle krigsåra, frå februar 1940 til oktober 1945 var det eitt eller to fellesmøte. I 1942 var det to: 23. februar i prestegarden og 9. mars heime hos menighetsrådsledaren i Drangedal, Per Fineid. Alle dei andre fellesmøta var i prestegarden. Møta blei refererte i begge protokollane.

I 1941 var det møte 13. februar. Det blei vedtatt at formennene i menighetsråda saman med kyrkjeverje skulle lage budsjett for 1941/42, og ordninga blei vidareført dei andre krigsåra. Kyrkjeverjene var valde av det gamle formannskapet. I 1943 og 1944 fekk formannen fullmakt til å bestemme kyrkjeofringane. I 1941 er sak 1: «Referert Hyrdebrev til våre menigheter fra Den Norske Kirkes biskoper (februar 1941) derunder også Kst. statsråd Skanckes svar til biskopene på deres brev 15 jan. i år.»³⁷⁹ På møtet var også hjelpeprest Ingolfstad til stades.

Dei to fellesmøta i 1942 var med bare to vekers mellomrom i februar/mars. Det var den mest avgjørande tida i kyrkjekampen. Frå møtet 23. februar er det i Tørdals-protokollen bare referert summarisk, utan saksnummer: «Rundskr. frå Kirke og underv.deptm. til Rikets prester. Jrnr. 4684 A 1941, dagset 12-10.1941- og 4/11-41 og Rundskr. nr 4870 A 1941. dagsett 2/2-1942.» Drangedals-protokollen klargjør innhaldet i desse rundskriva. Sak 3 Referat b):

Svar til prester og menighetsråd på en del stillede spørsmål fra biskopene.

Rundskriv fra Kirkedep: Retningslinjer for det gudstjenestlige orgel spill.³⁸⁰

³⁷⁸ Lande 1950, s. 112.

³⁷⁹ Sitert etter protokollen for Drangedal. Tørdal har tilsvarende ordlyd, på nynorsk. Jf. *Det første hyrdebrevet i Berg*, Pål 1999 s.62-67.

³⁸⁰ Jf Berg, Pål 1999, s. 77: «Departementet hadde gitt sin autorisasjon til et dokument som grep inn i kirkens gudstjeneste, uten at biskopene hadde fått uttalt seg.»

Rundskriv fra Kirkedepet: ang.klagemål til dept om nektelse av kirker til N.S. stevne og gudstjeneste.

Rundskriv fra Kirkedepet: Altergangsordningen.

Det er rimelig å rekne med at det blei sagt ein del omkring desse skriva. Orgelsaka ga jo ein prinsippiell konflikt mellom departementet og biskopane, som sendte ei grundig utgreiing til prestane. Denne utgreiinga finst i Prestearkivet.

Det var heilt uvanlig å ha eit nyt møte så kort tid etter. Sokneprest Lande har ikkje skrive under på protokollane frå møtet 9. mars, men det står ikkje at han var fråverende. Det er 14 underskrifter, seks frå Tørdal (alle) og åtte (av ti) frå Drangedal. Underskriftene er identiske i dei to protokollane. Vedtaka er på bokmål i begge, og har same ordlyden, bortsett frå eit *og* som manglar i Tørdal, noko som tyder på at Drangedal sitt er opprinnelig.

Det er ei overstryking i Tørdal-protokollen, i innleiinga til sjølve vedtaket, som elles er likt i dei to protokollane. Strykinga i innleiinga frå Tørdal ser ut som starten på ei oppsummering. Det viser at situasjonen i kyrkja har vore kjent og drøfta. Begynnelsen av innleiinga er på nynorsk, men etter strykinga er den på bokmål og identisk med teksten i Drangedals-protokollen. Det peikar også på at vedtaket er opprinnelig i Drangedals-protokollen. I Tørdals-protokollen står det:

Menighetsråda kom saman for å drøfte den kirkelige situasjon, ~~etter att biskopane, prostane og mange prester har tatt~~ og ta standpunkt til det biskopene, domprostene, prostene, mange prester og Agder bispedømmeråd tidligere har drøftet: Man blev enige om å sende Kirkedepartementet følgende skrivelse: [...]

Møtet 9. mars var måndagen etter besøket i prestegarden av lensmannen og lagføreren, og det kan vere sannsynlig at dei kjente det tryggast ikkje å ha menighetsrådmøtet der. Vedtaket var elles klart nok:

Til Kirkedepartementet. Oslo. Drangedal og Tørdal menighetsråd har hatt anledning til å sette seg inn i biskopenes skriv til Kirkedepartementet av 24. februar 1942 og vil uttale at vi slutter oss til den oppfatning av menighetenes *og* prestenes [Tørdal: menighetens preseters] rett og plikt som biskopene heri har gitt uttrykk for. Da menighetsrådet vet at menighetens prester har inntatt det samme standpunktet som biskoppene, ønsker det å uttale at Drangedal og Tørdal menighetsråd tillitsfullt står sammen med sine prester som vi mener har opptrått i full overensstemlse med vår kirkes tro og bekjennelse. Det som er skjedd

forandrer ikke menighetens forhold til prestene som hyrde og sjelesørgere, og hva biskop J. Maroni angår, så betrakter vi ham fremdeles som menighetens rette tilsynsmann.

6.3.6 Prestelønn og prestegard

Prestelønna på landet var etter eit svært komplisert system, med statstilskot, kommunal løying og inntekt frå prestegarden. Drangedal kommune dekte skyssutgiftene for 1. kvartal 1940, men reduserte den kommunale delen av lønna til 100 kr (i månaden).³⁸¹ Statslønna (andel av embetsinntektene) i Drangedal blei sett ned til 6900 kr frå 1. juli 1940. Frå det gjekk 600 kr i tilskott til hjelpepresten.³⁸² Samla årsløn for sokneprest Lande skulle då bli 7500 kr (6300+1200).

I menigheter over heile landet blei det samla inn pengar til å lønne dei prestane som hadde sagt frå seg statsembetet og som ikkje lenger tok mot lønn frå staten. I alle tre Drangedalskyrkjene var det ofring til prestane 17. mai 1942, som var ein søndag. Det kom i alt inn ca 1700 kr, av det fekk soknepresten 1000 kr og hjelpepresten 700 kr.³⁸³ Dette var ein eksepsjonelt stor sum;³⁸⁴ på alle kyrkjeofringar til saman i 1941 kom det inn 2296 kr.³⁸⁵

Lande og familien blei buande på prestegarden under heile krigen, men etter at han hadde sagt frå seg statsstilliga mista han inntekt og naturalia frå gardsdrifta. Frå juli 1942 til mai 1945 fekk soknepresten utbetalt 500 kr i månaden. Hjelpepresten fekk 350 kr (av det 50 kr som klokkarlønn), det var meir enn førkrigs-lønna.³⁸⁶ Desse summane sto fast, men det var varemangel og inflasjon i krigsåra, så verdien av lønna gjekk ned.³⁸⁷ Inflasjonskalkulert svarar 500 kr i 1942 til 10.030 kr i 2014, 500 kr i 1945 tilsvarer 9.450 kr

³⁸¹ Prestearkivet, dokument: Brev frå Herredskassereren 1. mai 1940.

³⁸² Prestearkivet, dokument: Brev frå KUD til Agder biskop 26. november 1940.

³⁸³ Menighetsblad, juni 1945.

³⁸⁴ Ca 35 000 kr etter pengeverdien i 2014.

³⁸⁵ Menighetsblad, januar 1942.

³⁸⁶ Menighetsblad, juni 1945.

³⁸⁷ <http://www.abcnyheter.no/penger/kalkulatorer/2009/01/25/inflasjonskalkulator>

I Agder bispedømme laga Arnt J. Mørland i Arendal opplegget for effektiv penge-innsamling. Han starta også organiseringa på landsplan, på oppdrag av leiaren i DMK, Ole Hallesby.³⁸⁸ Det var kraftverkstyrar Lauritz Kloster som organiserte innsamlinga i Drangedal prestegjeld. Kloster hadde også ansvaret for Bamble prosti, på oppdrag av sokneprest Nils Høimyr i Bamle.³⁸⁹ Kloster skreiv om dette i ein rapport som er gjengitt i Menighetsbladet i første nummeret etter frigjøringa: «dette siste har vært lett, da hver menighetsleder klarte sin lønn [...] Jeg har da stått som mellomledd mellom bispedømme-lederen og menighetslederen.»³⁹⁰

Saman med menighetsrådsleiar Per Fineid sette Kloster opp ei liste med 16 namn, eitt for kvar skulekrins. Seks av dei var medlem eller varamann i eitt av menighetsråda. Kloster oppsøkte kvar enkelt personlig, og alle sa ja, mellom dei den avsette ordføraren, Tor Lundtveit. Pengane kom inn, gjennom innsamlarane, direkte til prestane eller frå foreiningar. Bidraga var frå 10 kr og opp til 1000 kr. Kloster opplyste at det til saman kom inn ca. 25 000, pluss at han tok opp eit lån på vel 2000 kr. Det vil seie at det årlig blei samla inn til prestelønn om lag det tredoble av dei samla ofringane i 1941. Det var uråd å gje eit korrekt rekneskap; innsamlinga var jo illegal, og av sikkerheitsgrunnar skulle ingenting skrivast. (Jf. kap. 3.1.1 Prost Lande.)

I arkivet etter «Den norske kirkes økonomileder» *Sam Knutzen*³⁹¹ er det ikkje noko frå Drangedal prestegjeld eller Bamble prosti. Det tyder på at dei greidde seg sjølv. Menighetene slutta opp om prestane sine, det blei nok sett på som ein del av den sivile motstanden.

³⁸⁸ Masdalen 1991, s. 318f.

³⁸⁹ HHI 506, Rapport nr 28, s. 1. Rapport fra H.F, i Drangedal, Sivilorg., L. Kloster, 7. august 1945.

³⁹⁰ Menighetsblad, juni 1945, s. 4.

³⁹¹ HHI Sam Knutzen Serie F – Krigstidsdokumenter.

6.3.7 Menighetsbladet 1942

I januarnummeret kommenterte Lande året som hadde gått. Opningsorda virkar underlege, når ein veit kor mykje som skjedde på toppen, frå det første Hydrebrevet til «Kirkens orden»: «Kyrkjelig sett har 1941 vore eit stille år.» Men Lande skreiv om det lokale, og der er det liv og død for den enkelte som er i fokus: «Det er 4 fødde utanfor ekteskap. Dødstalet er svært stort i år. Det talet skulle ingen gå forbi utan alvorstankar.»³⁹²

I mars, etter at biskopane hadde lagt ned embetet sitt, var spissartikkelen av «Biskop Maroni», (med tittel). Artikkelen handla om nattverden, og var utan spor av den kyrkjepolitiske situasjonen. Teksten var sannsynligvis sendt menighetsblada som påskeandakt på førehand, og den blei tatt inn nå, utan omsyn til sensuren. Det same galdt ein «hilsen» frå *Kirkens Samråd*. Det hadde betydning at det blei offentliggjort i Menighetsbadet at «Rådet representerer det fellesansvar som de ordinerte og de uordinerte, menigheter så vel som de frivillige organisasjoner, har for kristendommens sak i vårt land.»³⁹³ Det var eit signal til lokalplanet om at kyrkje og organisasjonar står saman, noko som var naturlig i Drangedal, der dei aktive i menighetene også var aktive i foreiningane.

Eit sitat frå innlegget «Kirken» av den leiande personen i Bustrak Misjonsforening, kjøpmann *Peder Vogsland*, i det same bladet syner dette: «Venner, - la oss slutte mannjevnt opp om Heimen i Hans kirke på jorden.» Den same tendensen har eit innlegg (signert A.H.) i juni-nummeret 1942: «[...] minning om kva fedrenekyrkja har vore for vårt folk gjennom tidene, slekt etter slekt i århundrar, i låke tider med myrke, tunge dagar ikkje minst, treng vi nå som aldri før.»³⁹⁴

Frå og med juni sto «A.T. Lande» som bladstyrar i staden for det tidligare «Prost Lande». Det var ei markering av hans nye status: Ikkje lenger i statlig embete. Den første meldinga om «Kyrkeleg velsigning av ekteskap» sto i Menighetsbladet for juli-august. «Biskop J. Maroni» skreiv spissartikkelen også i september-nummeret. Det var ein andakt, om Maria ved Jesu

³⁹² Menighetsblad, januar 1942, s. 4.

³⁹³ Menighetsblad, mars 1942, s. 2.

³⁹⁴ Menighetsblad, mars 1942, s. 4.

føter. «Alle verdens stormer stilner av der»,³⁹⁵ skeiv han, men elles er det vanskelig å finne allusjonar til den aktuelle krigs-situasjonen, anna enn at nettopp Agder biskop er der, med sin titel. At han hadde sagt frå seg statsemabetet var kjent, nå blei det understreka at han likevel og fortsatt var den rette biskop.

Det siste menighetsbladet som kom ut under krigen var oktober-nummeret 1942. Her hadde Lande spissartikkelen/andakten, for Bot- og bededag: «Mitt folk!» Innhaldet var forkynnande som før: «Vi skal sjå våre synder, våge møte dei, og gjera bot.» Fortsettelsen kan tolkast dagsaktuelt: «Synda **er** ulukke og fører **til** ulukke. **Det** må vi ha lært nå – med domen heng over oss.»³⁹⁶ Elles er det ikkje «politikk» i bladet, og det er gjennomgåande at menighetbladet i krigsåra var omtrent som før okkupasjonen.

I det første menighetsbladet etter frigjøringa, juni 1945, fortalte Lande at det var presseleiaren i Telemark, Olav Lien, som ga ordre om å stanse bladet. Lande fekk ikkje noko svar då han spurte om grunnen, men han tenkte den sjølv: «Dei var dessutan fårlege som bindeledd i kyrkjelydane, og millom kyrkjelydane og dei forviste bispar og prestar.»³⁹⁷

6.4. Frå året 1943, «Adelfoi, Andriseste, krataiouste.»

1943 blei innleia med det tyske nederlaget i Stalingrad. I Norge blei den sivile motstanden styrka, og mange stader blei det arrestasjonar og dødsdommar. Sivorg blei organisert i Drangedal og det blei tysk nærvær i Kroken og på Bostrak.

6.4. 1 Det har snudd

Prestetenesta heldt fram som før i Drangedal, med unntak av at det ikkje blei forretta vigsel seinare enn i påska 1942. Dei einaste sakene som finst i Prestearkivet i Drangedal frå Skien-

³⁹⁵ Menighetsblad, september 1942, s. 1.

³⁹⁶ Menighetsblad, oktober 1942, s 1.

³⁹⁷ Menighetsblad, juni 1945, s. 3.

biskop Zwigmeyer i 1943 er meldinga om at Lande er avsett som prost,³⁹⁸ eitt år etter at han hadde sagt frå seg embetet, og spørsmålet om flagging i 1944. Kapellan Joh. Løken i Solum var NS-prest, og blei utnemnt til sokneprest og prost i Nedre Telemark prosti. Då Lande blei avsett, fekk Løken i oppdrag av Zwigmeyer å ta seg av prostesakene i Bamble. Lande nekta å samarbeide med Løken, og sendte ikkje protokollar og prestearkiv.³⁹⁹

Sjølv om alle Bamble-prestane hadde sagt frå seg statsembetet. var det bare soknepresten i Langesund, Rolf Knudsen, som blei avsett i Bamble prosti. Bortsett frå Knudsen, så sto alle sokneprestane i Bamble prosti i statskalenderen i utgåvene frå 1942 til 1945, men prostestillinga sto open frå 1943-utgåva. Frå 1942-utgåva står soknepreststillinga i Langesund open. I tillegg til Lande, så hadde sokneprest Tande i Sannidal og sokneprest Høimyr i Bamble viktige funksjonar i den sivile motstanden.

6.4.2 Dokument frå kampen, parolar og brev

1943 er det året det var færrast dokument frå. Dei var for det meste udaterte og utan avsendar. Alle var maskinskrivne. Eit dokument var eit gjennomslag med fire parolar, i øverste høgre hjørnet er handskrive «Drangedal», skrifta liknar på Lande si, noko som viser at dokumentet er til fleire prestegjeld for fordeling. Innhaldet tyder på at det er skrive for Nedre Telemark, Skien og Bamble prosti. Parole 1. er at dersom ein menighetsprest skulle bli utskriven til arbeidstenesta, noko som er lite truleg, så «må man hevde at man av samvittighetsgrunner ikke kan forlate sin menighet». Parole 2. galdt «ligningen», der ein må hevde at det ein har fått er «anonyme gaver og lån.» Det skal det ikkje skattast av. Parole 3. galdt helsing til biskop Maroni på 70-årsdagen 15. juni, der det går fram at prost Henrik Seip er organisatoren. Sokneprest Nils Høimyr i Bamble er også namngitt. Parole 4. handlar om at dersom prestane blei stengt ute frå kyrkjene skulle dei utføre kyrkjelige handlingar i «bedehus eller forsamlingshus».⁴⁰⁰

³⁹⁸ Prestearkivet, dokument: Brev, Zwigmeyer, 8. april 1943.

³⁹⁹ Lande 1946.

⁴⁰⁰ Prestearkivet, dokument: Brev i gjennomslag, utan dato.

Motstandskyrkja hadde fått tak i eit brev frå KUD «til N.S. Fylkesførere». ⁴⁰¹ Etter ei oppsummering av innleiinga blei hovudinnhaldet i brevet sitert. Det var nyttig å få kjennskap til korleis motstandaren tenkte etter at kyrkjekampen hadde vara ei tid: «Den beste måten vi no kan gagne Fører og parti på er å forsøke å tåkelegge kirkefronten og la prestene være som om de ikke eksisterte.» Det måtte vere beroligande for dei protesterande prestane å få vite at bare alvorlige saker skulle bli gjort noko med og «i motsatt fall vil en i denne krisetid mest mulig overse denne kirkelige uorden.» Brevet siterer også ei vurdering av at dei nye lekmennene fungerte dårlig: «[...] prester som meneskelig og utdannelsessmessig ikke har holdt mål.»⁴⁰²

Det kom to brev til embetet frå Norges Røde Kors. Først var det dødsbod til pårørande til matros Kaare Løite som døde 6. mars 1943.⁴⁰³ Lande hadde utført oppdraget, og skreiv tilbake dagen etter at brevet kom, med spørsmål frå pårørande om kor han døde og når og kor han blei gravlagt. Svarbrevet frå Røde Kors gjekk ut på at dei hadde sendt spørsmåla vidare til svensk Røde Kors, som dødsmeldinga kom frå.⁴⁰⁴ Det finst ikkje noko nytt brev med desse opplysningane. Matrosen døde av sjukdom om bord i ein norsk båt, og blei gravlagt i havet.⁴⁰⁵

To eksemplar av eit illegalt skrift: «Kirkelige blokkblader. 20/2-43»⁴⁰⁶ er på seks sider med rapportar og kommentarar om kyrkjekampen. Det ser ut til å vere fleire forfattarar. På den første sida skifta tonen frå kamprop til oppmuntring: «Vi er gått inn i striden under korsfarerropet “Deo lo vult” [Gud vil det], og [...] stadig flere legger ned sine embeter. Den siste er Hansteen som har forlatt Uranienborg og underordnet seg D.M.K. [...].» Så kom 1 ½ side med teologisk utlegging av forholdet til øvrigheitene, «Ting i tiden i lys fra Luther.» Etter avsnittstegn kom «Ungdomstjenesten, en oversikt pr. 20. februar 1943.» Dei siste 2 ½ sidene er med ulike notisar; tal for dei som har lagt ned embetet og dei som ikkje har gjort det, avsette og forviste; diverse nyheitsmeldingar og til slutt saftige omtaler av seks NS-prestar. Den første er om han som erstatta den forviste Irgens i Quislings fødestad Fyrisdal:

⁴⁰¹ Prestearkivet, dokument: Brev, avskrift i gjennomslag, Skancke/Feyling 20. september 1943.

⁴⁰² Ibid.

⁴⁰³ Prestearkivet, dokument: Brev, Dagny Martens, 24. juni 1943.

⁴⁰⁴ Prestearkivet, dokument: Brev, Dagny Martens, 1. juli 1943.

⁴⁰⁵ Vogslund 1995, s. 275.

⁴⁰⁶ Prestearkivet, mappe: Stensil utan avsendar.

Karl Flatland tiltrådte i oktober og skal ha lønn fra 1. august. Han er beryktet for sin pengekjærhet. I Fyrisdal kalles han ågerkarl. Han er fra før en rik mann. Han er skatessnyder, er gjentagne ganger blitt grepert i å hugge annen manns skog, og har forgrepet seg på fellesfløtningens tømmer [...]. I Fyrisdal benytter familien Flatland sogneprest Irgens innbo, sengetøy, sølvstøy, skrivemaskin og sykler. Det sies at Flatland bruker Irgens frakk.

Til slutt i skrivet var ein rapport frå festen på Grand etter det andre «kirkelige rådsmøte» 27. januar 1943, der det «var dekket til 30»⁴⁰⁷ og dei åt for 1188 kr (tilsvarer ca 20 000 i dag). «Der var utstedt ekstrakvote på 12 kg kjøtt, 22 egg, hvetemel, kaffe, sukker m.m., 200 sigarettar, 50 sigarer og 34 flasker original brennevin og vin. Utgiftene til festen skal dekkes av Opplysningsvesenets fond [...]» Denne informasjonen sverta og nedvurdete motstandarane, noko som var ein del også av den kyrkjelige «holdningskampen».

Det neste skrivet var nyttårshelsinga frå DMK. Lande las den opp i kyrkja.⁴⁰⁸ Brevet starta med å slå fast at «Det år som er gått [1942] vil for alltid stå som et merkeår i den norske kirkes historie.» Elles var det orientering om situasjonen for kyrkja utover landet, og kampen mot ungdomstenesta. Så blei det opplyst at Ministerpresidenten ikkje har svart på brevet om «den grufulle behandling av jødene».⁴⁰⁹

Mappa var ikkje kronologisk frå 1943, og det siste skrivet var brevet frå DMK om «Den nasjonale arbeidsinnsats». ⁴¹⁰ Det var avskrift av brev til ministerpresident Quisling, med opplysning om at «gjenpart av denne skrivelse sendes landets prester til personlig orientering.» Det var altså ikkje meininga at det skulle lesast opp i kyrkjene, men i svaret til *Kirkekampen sentralarkiv* opplyste Lande at det blei gjort i Drangedal, og at han også ellers talte mot arbeidsinnsatsen og mot ungdomstenesta.⁴¹¹

⁴⁰⁷ Norrman 1998, s. 236: «Sammanlagt 27 personer deltog i denna middag i Rokkokosalen i Grand Hotel.»

⁴⁰⁸ Nasjonalbiblioteket, Ms. 4° 3713 B2.

⁴⁰⁹ Prestearkivet, mappe: Stensil, to sider, Januar 1943, Hallesby og Hope.

⁴¹⁰ Mappe, Kyrkjekampen: Stensil, 8. mai 1943, Hallesby og Hope.

⁴¹¹ Lande 1946.

Eit firesiders trykk frå slutten av 1943, med tre sider tekst hadde overskrifta «Til mine kolleger. Første brev».⁴¹² Det var underteikna «En lojal prest.» Innhaldet var ei beklaging av situasjonen og ei beskriving av korleis det kjentest «å være utestengt». NS-presten var i ein større by der han møtte tidligare kollegaer: «Når [...] jeg hilser med hatten, hilser han nok tilbake, men med en mine som uttrykker et ubeskrivelig ubehag [...].» Den «lojale» bekrefta at det var auka oppslutning om gudstenestene til motstandsprestane og minimalt med folk på gudstenestene til NS-prestane: «Når jeg nå hver søndag er på vei til min kirke og den lille flokk, og møter den store folkevandring til de andre presters forsamlinger, trøster jeg meg med at det i grunnen er gledelig at det norske folk etter er på kirkevei.» Deretter kom ei negativ beskriving av «kirkefrontens tilhengere» og kampen, slik den lojale såg den. Han håpa at krigen ikkje ville ende med «aksemaktenes betingelsesløse kapitulasjon og likvideringen av NS». Mot slutten identifiserte han seg direkte med NS: «Vi synes kirkens menn burde være våre naturlige allierte og ikke stille seg i kompaniskap med bolsjevisme og mammonisme og amerikanisme.» Dette var kjent argumentasjon frå NS-hald, som i rundskrivet frå Quisling til prestane i februar 1942: «unasjonal politikk i den antikristelige kapitalismens og kommunismens tjeneste.»⁴¹³ Den lojale presten plasserte seg sentralt i partiet: «Vidkun Quislings kjærighet til den norske kirke er ekte og naturlig. Det vet vi som kjenner ham.»

Det siste paroleskrivet mellom dokumenta i Prestearkivet frå 1943 går på praktiske forhold.⁴¹⁴ Det er ein kommentar til eit rundskriv frå KUD av 30. november 1943 om pensjonsinnskot og diverse avgiftsinnbetalingar. Øverst står «Lande» handskrive, så skrivet er fordelt til prestekollegane, kanskje frå Høymyr i Bamble. Poenget til slutt er «Ingen korrespondanse med depitet i sakens anledning.». Nederst står det på transkribert gresk: «Adelfoi, Andriseste, kратaiouste.» Det tyder: *Brør, ver de sterke*, og er etter 1. Kor 16, 13: «Vak, statt støde i trui, ver mannlege, ver sterke!» Bruk av gresk og latinske sitat, «prestespråk», i parolar og andre skriv frå motstandskyrkja til prestane var truleg meint å styrke lagånda, fellesskapen.

Ei nyttårshelsing «mellem prestebrodre» hadde også «Lande» skrive med blyant øverst. Innleiinga var optimistisk: « [...] fortsatt stor åpenhet for Guds ord og om vedvarende søkering til

⁴¹² Prestarkivet, dokument: Anonymt trykk utan dato, J.C.G.1555/XII, 43. 1500.

⁴¹³ Jf. kap. 6.3.1 «Dokument frå kampen (1942).»

⁴¹⁴ Prestarkivet, dokument: Stensil, Parole, omkring årsskiftet 1943/1944.

forkynnelsen og nattverbordet». Eit oversyn over hendingar i 1943 var i kristeleg ramme: «Men vi har også meget å be om. Biskop Bergrav, professor Hallesby og Ludvig Hope som sitter innesperret [...]»⁴¹⁵ Det er litt merkeleg at avsendaren ikkje har fått med seg at Hope slapp ut frå Grini i slutten av august 1943.⁴¹⁶

6.5. Frå året 1944, «*Vexilla regis prodeunt!*»

Motstandskampen i Norge blei meir omfattande i 1944, med «skaugutta» og opptrapping av Milorg. Tyskarane og NS-folk såg nok nederlaget i møte, og hos alle var det uro for korleis avslutninga skulle bli. Konfirmantane frå Lunde blei konfirmert i Drangedal 24. september 1944.⁴¹⁷ Soknepresten i Lunde, *Einar Kindingstad*, var forvist til Lillehammer.⁴¹⁸ Lande kunne ope ta kyrkjelige tenester frå ein forvist kollega. Det same skjedde andre stader, mellom anna i Søndeled.⁴¹⁹

6.5.1 Dokument frå kampen, fleire parolar og brev

Det var 15 dokument i *Prestearkivet* frå 1944, dei fleste var udaterte og med anonym forfatar. Av dei var sju parolar og informasjon i motstandskampen. Det første var utan overskrift, datert januar 1944, og handla om sjølvmelding for inntektsåret 1943.⁴²⁰ Skrivet viste til den rettleinga som kom frå DMK året før. Det som presten hadde fått som kollekt i samband med gudstenester eller som honorar for kyrkjelige tenester var skattepliktig, men gåver til «nødvendig livsophold» var det ikkje.

I eit offisielt brev skreiv lensmannen til «Herr pastor A.T. Lande», om forpaktningskontrakten og festekontraktar.⁴²¹ «Pastor» var den tittelen prestane skulle bruke etter å ha sagt frå seg

⁴¹⁵ Prestearkivet, dokument: udatert 1943.

⁴¹⁶ Christophersen, 1995, s. 183.

⁴¹⁷ Kirkebok for Drangedal 1935-1949, s. 135.

⁴¹⁸ Prestearkivet, mappe: Skriv, N. Høimyr, udatert (etter 25. august 1944).

⁴¹⁹ Jf. kap. 8.2, om Søndeled.

⁴²⁰ Prestearkivet, dokument: Skriv, utan avsendar januar 1944.

⁴²¹ Prestearkivet, dokument: Fagerli, 27. mars 1944.

statsemabetet. Eit nytt brev ein månad seinare er om den same saka.⁴²² Deretter kom «Flaggsaka» (omtalt i kapittel 6.2.4) med tre brev frå 10., 13. og 18. mai 1944, i avskrift. Eit dødsbod frå Botne kommune er adressert til «Herr pastor Lande», retta frå Sande.⁴²³

Det var to eksemplar av ein dobbel parole om arbeidstenesta i mappa. Skrivet var truleg frå heimefronten, og innhaldet daterer det til våren 1944: «Det kunde ha vært farlig nok alt ifjor, men det er farlig i år.»⁴²⁴ Den første parolen «Til A.T.gutter og gjenter» (med NS-rettskriving, g i ordet *jenter*) viste til arrestasjonen av studentane 30. november 1943. Den andre parolen «Til de norske bønder» oppfordra bøndene til ikkje å ta i mot AT-ungdom.

Saman med denne var eit anna skriv med to parolar, ein detaljert om «Den “nasjonale” arbeidsinnsats» og ein kort om at «Tilgangen til lærerskolen er derfor blokkert. Enhver som søker disse kurser må gjøre regning med å bli kastet ut av lærerposten etter krigen.»⁴²⁵ Dette arket hadde vore bretta to gonger, først til 1/3 ark, som igjen var bretta. Det har truleg vore gjømt unna. Sidan Lande var med i Sivorg, er det vel rimeleg at han også har hatt parolar frå heimefronten. Motstandsbevegelsen hadde hardna: Her var ikkje bare apell, men klare truslar. I Drangedal, som andre stader, blei «Sambandslærarar» suspenderte etter krigen.⁴²⁶

Eit skriv, som inneholdt «Intimasjon ved påskedagsgudstjenester 1944» og bønn «efter prekenen» har også vore bretta ekstra, i åtte ruter. I intimasjonen skulle ein minnast «det alvorlige skridt flertallet av vår kirkes prester så sig nødt til å ta i påsken for 2 år siden [...]», og vidare: «det som siden er skjedd og fremdeles skjer overfor vår kirke [...] har befestet oss i vissheten om at det som skjedde, måtte skje.»⁴²⁷ Eit brev til Lande frå Nils Høimyr følgde med, der han åtvarar: «Vedlagte bør skrives av snarest og originalen tilintetgjøres. En kan vente politi 1. påskedag (9. april)»⁴²⁸ Deretter hadde Høimyr ein del nyheiter, om prestegardane og om pres-tekollegaer. Han hadde fått med den NS-gudstenesta som blei publisert frå motstandshold

⁴²² Prestearkivet, dokument: Fagerli, 17. april 1944.

⁴²³ Prestearkivet, dokument: Botne kommunale kontor, 3. juli 1944.

⁴²⁴ Prestearkivet, mappe: udatert, utan avsendar.

⁴²⁵ Do.

⁴²⁶ Muntlig opplysning frå lærar, født 1924 og Vestmar, 7. juni 1945.

⁴²⁷ Prestearkivet, mappe: udatert, utan avsendar.

⁴²⁸ Prestearkivet, mappe: 3. april 1944, signert N. Høimyr.

med fotografi som propaganda for kyrkjemotstanden: «den nye»prest i Hjørundfjord, Sunnmøre, en tidligere pinsevenn, har forlatt stedet, Han holdt gudstjeneste for en mann.»

Brevet er som gjennomslag, og har tydeligvis gått til sokneprestane i prostiet; nederst var underskrifta med penn: N. Høimyr, og påskrifta «Hils pastor Ingolfstad så mye.»

Høimyr hadde hatt ein tur til Lillehammer. I Prestearkivet var eit gjennomslag med liste over 32 prestar og dei fire biskopane som var forvist dit per 25. august 1944, med namn, stilling og adresse med telefonnummer i Lillehammer-distriktet.⁴²⁹ Det var også ei helsing frå biskop Maroni med fleire, ein del informasjon om prestar og andre nyheter.

I eit skriv om å ha ekstra bededag i kyrkjene 29. oktober 1944 gjekk ein (DMK?) ut frå at den forordna bededagen 3. november ville bli oppheva, som det hadde skjedd tidligare år. Denne ekstra bededagsgudstenesta måtte gjørast kjent «underhånden» og «i god tid forut». Den tilsendte bønna hadde for ein gongs skuld også med «landsmålteksten».⁴³⁰ Bønna hadde klar brodd mot NS-prestane og styremaktene: «[...] (me) tenkjer med sorg og otte på dei kyrkjelydane som gjennom vald og urett har mist dei prestar som arbeidde innan dei. [...] gjev dine kyrkjelydar attende deira rette hyrdingar som kan føra dei på sannings veg etter ditt ord!» Denne bønna blei nok lesen på gudsteneste i Drangedal; på bokmålsida står det namn på tre dåpsbarn.

Frå 1944 dukka det opp eit meldingsblad, «Kirken i dag», til saman seks nummer. Det første hadde påskrifta «Personlig orientering» med blyant, og overskrifta Påske 1944.⁴³¹ Dokumentet var stensilert, tosidig. Situasjonen for kyrkja og prestane var summert opp i fem punkt: 1. Fleire forvisningar av prestar; 2. Restriksjonar for frivillig kristelig arbeid; 3. Meir usikre livskår for prestane; 4. Stenginga av Universitetet; 5. Stansing av MF, også det praktisk-teologiske seminaret. Men avslutninga var optimistisk: «Guds ord er ikke bundet. Vexilla regis prodeunt! » (*Kongens faner går fram.*) Lande skreiv «Fane» under det første ordet i opningslina i denne gamle langfredags hymnen.

⁴²⁹ Prestearkivet, mappe: N. Høimyr, udatert (etter 25. august 1944).

⁴³⁰ Prestearkivet, mappe: Stensil, utan dato og avsendar.

⁴³¹ Do.

Det neste nummeret kom etter aksjonen mot NMS (3. juli 1944).⁴³² Det hadde tekst bare på ei side, og inneholdt meldingar om arrestasjonar og andre hindringar for prestar og organisert kristent arbeid. Nederst var ein gjennomgang av vanskane for «nasikirken» og «nasiprest».

Det tredje var datert «Primo september»,⁴³³ ein to-siders stensil med blyant-utfyllingar der teksten mangla. Framsida handla om aksjonen mot NMS og behandlinga av dei tilsette der. Baksida hadde meldingar frå kyrkjekampen.

Det fjerde, med datering «Primo oktober 1944»⁴³⁴ hadde litt avis-preg; tilnærma avishovud med ei salmelinje på kvar side, gamle Landstad nr. 327, v.1 «Rettens spir det er alt brekket [...]» og «Løgn er ført i sannhets drakt [...]» Det passa nok på det synet ein hadde på NS-styret, men denne Kingo-salmen for Langfredag var eit svært uheldig val, viss ein såg vidare til vers 4: «Jøderne sig frygte ikke For den Skyld i Jesu Død». ⁴³⁵ Det fanst to eksemplar av skrivet; namna Ingolfstad og Lande var skrivne med blyant øverst på dei respektive. Nyheitsmeldingane var på framsida, ei av dei er på nynorsk. Mesteparten av skrivet deretter var ei drøfting av ulike styreformer, med sikte på tida etter okkupasjonen. «Kirken og demokratiet». Konklusjonen var optimistisk: «Hos oss trådte parolen øyeblinkelig fram som uskreven lov. Og folket fulgte parolen, tvunget av sitt rettsinstinkt. Domstolene og skolen støttet opp om vårt folks rettsbevissthet, og den ble redningen for vår demokratiske stat.»

Her blir «parolen» og «rettsbevissthet» knytta saman. Det synet kom til å prege rettsoppgjøret etter krigen: «Parolen» var «lov». Ein såg nå for seg ei snarlig avslutning av krigen. Det var då viktig å vere førebudd på det som skulle skje etterpå, og gjeninnføring av demokratiet var eit hovudmål. Midlet var den vunne motstandskampen, leda av parolar frå motstandsleiinga. Det er uklart om det var tenkt bare på kyrkjeliinga. Kampen blei knytta til heile folket, med fellesskap i kampen, frå Högsterett sin avgang i desember 1940 til skulekampen frå februar 1942, samtidig og saman med den tilspissa kyrkjekampen.

⁴³² Prestearkivet, mappe: Stensil, utan dato og avsendar.

⁴³³ Prestearkivet, mappe: Stensil, utan avsendar.

⁴³⁴ Prestearkivet, mappe: Stensil, utan avsendar.

⁴³⁵ Landstad 1884, s. 306f.

Innimellanom desse meldingsblada var det eit brev i gjennomslag frå nabopresten Tande,⁴³⁶ tydeligvis sendt til kollegane, «brødrene», der han opplyste at eit vedlagt skriv (mangler i Prestearkivet) ikkje er frå «kirkeledelsen» men «muligens fra dept.s hold, som er interessert i at nazistenes ødeleggelse av kirkens verdier ikke skal få gå sin gang.» Det er ukart kva dette kan vere. Elles var det diverse nyheitsmeldingar frå kyrkjekampen, som «Et ikke helt bekreftet forlydende sier at quisling har fått overdratt Fyresdal prestegård til personlig eiendom.» Dette var sant; han fekk prestegarden, der han hadde sine første barneår, som gav, kjøpt av staten frå Opplysningsvesenets fond.⁴³⁷

Med underskrifta: «Vennlig hilsen Hø.» (truleg Nils Høimyr) er to stensilerte dobbeltsider med u-datert orientering om kyrkjekampen.⁴³⁸ Den eine har overskrifta: «Til orientering (ikke til opplesning fra prekestolen).» Den var om «den planmessige forvisning av prester». Som eksempel nemnte skrivet at ein tredel av menighetene i Telemark var råka, og at Langesund var mellom dei menighetene som er «dominert av statsstyrets prester og dermed avskåret fra rettlig og regulær prestelig tjeneste.»

Den andre har maskinskrive overskrift «Bør oppleses». Den handlar om behandlinga som dei tilsette på hovudkontoret i NMS, Stavanger hadde fått.⁴³⁹ Seks kvinner blei 8. august sendt «til Sola flyplass til vaskeriet for de tyske soldater. Miljøet trosser enhver beskrivelse blant tøser med veneriske sykdom som virker der, men våre folk holder ut med godt mot . - » Mennene hadde blitt henta av statspolitiet 1. september og kjørt til arbeid på Stavanger forsyningsnemnds brenselslager. Denne informasjonen auka nok indignasjonen mot NS-styret.

To parole-brev handla om økonomien for prestane. Det eine var om den kommunale delen av prestelønna, med oveskrift: «De kommunale tilskudd til lønn for de prester som har nedlagt sine embeder.»⁴⁴⁰ Departementet hadde bestemt at tilskotet skulle sendast inn «til utdannelse av lojale prester i den norske kirke». Parolen går ut på at pengane etter lova enten skulle

⁴³⁶ Prestearkivet, mappe: 1/5-44. T.A.T. [Torkel Arnold Tande].

⁴³⁷ Dahl, 1992, s. 498f.

⁴³⁸ Prestearkivet, mappe: Stensil, udatert 1944 (Jf. kapittel 5.1.2 «Skien bispedømme»).

⁴³⁹ Prestearkivet, mappe: Stavanger den 25. august 1944.

⁴⁴⁰ Prestearkivet, mappe: Stensil, udatert frå 1944.

betalast inn til «det geistlige lønningsfond» eller ikkje betalast ut av kommunen. Lande protesterte til NS-ordføraren mot at pengane blei sendt til det oppgitte føremålet. Ordføraren sendte skrivet til Skien-biskop Zwigmeyer, som innrømte at Lande hadde rett «men under de nå rådende forhold måtte vår kirkestyrelse ha rett til å benytte de ledige lønninger til beste for kirken». ⁴⁴¹ Det var stor mangel på brukande NS-prestar, og tanken var å gje ei rask og tilstrekkelig utdanning til lekfolk som kunne bli lojale prestar. Lande opplyste at resultatet blei at kommunen ikkje sendte pengane. Det kom så vidt igang eit utdanningskurs, men det hadde få deltakarar og blei ikkje fullført. ⁴⁴² Sonen til L. D. Zwigmeyer var mellom dei seks som kom inn på utdanningskurset for NS-prestar som blei organisert i 1944. ⁴⁴³

Den andre parolen handla om kyrkjeofringar, som ikkje lenger «kan skje på menighetsmessig måte». Det må vere frå seinhaustes 1944, for temaet var hjelp til dei evakuerte frå Nord-Norge. Det blei opplyst at det var komitear i dei seks bispedømma i Sør-Norge. Skrivet var frå sentralt hold, namnet på bispedømmet sto nederst på prikka line og adressa for sentralkomiteen i bispedømmet var ikkje skriven på. ⁴⁴⁴

Dei to siste skriva var frå desember 1944: «Hilsen mellom prestebrødre julen 1944.» Overskrifta alluderte til juleevangeliet: «Til kirkens hyrder på nattevakt.» ⁴⁴⁵ Innhaldet var generelt, utan nye opplysningar.

Det femte eksemplaret av meldingsbladet «Kirken i dag» hadde datering «Primo desember 1944». ⁴⁴⁶ Den første sida inneholdt meldingar om forviste og arresterte prestar og om anonyme truslar mot namngitte prestar i Drammen. Det meste av baksida handla om «Kirken og folkemoralen», og tok føre seg «folkesynder som svartehandel, drukkenskap og usedelighet.» Det minnte om «lastekatalogen» hos Paulus i Gal. 5. 19-21 og andre stader. Spesiell var påstan den om at «fenomenet tyskertøser (er) mere utbredt hos oss enn i de fleste andre krigsland.»

⁴⁴¹ Lande, notat: Sitatet er frå Lande, som refererer saka i sitt notat.

⁴⁴² Norrman, 1998, s. 336.

⁴⁴³ Ibid, s. 335.

⁴⁴⁴ Prestearkivet, dokument: Stensil, utan avsendar.

⁴⁴⁵ Do.

⁴⁴⁶ Do.

I forhold til talet på tyske soldatar i Norge var det faktisk nokså «normalt». ⁴⁴⁷ Nederst var det ei kort melding om eit ønske frå Riksarkivet om mikrofotografering av kyrkjebøker før 1905. Det burde prestane stille seg velvillig til, «Saken har intet med nyordning å gjøre.» Det var viktig å holde linjene klare.

6.5.2 Lokale NS-reaksjonar

Det siste dokumentet i Prestearkivet frå 1944 var utmelding frå ein NS-medlem: «Melder meg herved ut av Statskirken. På grund av prestenes ukristelige fremfer.»⁴⁴⁸ Sidan dette er det ei-naste utmeldingsbrevet så var kanskje det eit unntak. Lande skreiv: «Under gudstenesta joledag 1944 kom det likevel til eit ”opptrinn” som kunne fått sine fylgjer. I preika kom eg til å nevne sedløysa ”delevis støtta av det nye statstyret”. Det var for mykje. Ein av dei leiande N.S.menn synes nok dette gjekk for vidt. Han reiste seg opp, skau son sin (frontkjempar) føre seg og gjekk demonstrativt ut av kyrkja midt under preika. Etter det eg seinare hørerde ville han ha meg forvist, men lagføraren nekta.»⁴⁴⁹ Midt i den tunge og kalde vinteren 1944-45 ønska nok ikkje den lokale NS-føraren oppflamming av den lokale kyrkjekampen.

6.6. Frå året 1945, «under det Rene Norske flag»

1945 førte med seg militære konfrontasjoner også i Drangedal og distriktet. Så kom freden endeleg, og uventa lett.

6.6.1 Før 8. mai

Det var bare eitt dokument i Prestearkivet frå 1945 før frigjøringsdagen, eit sjette nummer av «Kirken i dag», med datering «Primo januar 1945». ⁴⁵⁰ Også her var det kommenterte nyhetsnotisar på første sida og samanhengande kommentar på baksida. Det var nye tal for arresterte «kirkemenn», til saman 40, av dei var 25 på Grini. Informasjonsskrivet hadde svært negativ omtale av «den høye prelat» Lars Frøyland, NS-biskop i Oslo, og forsøka hans på å stå i mot

⁴⁴⁷ Pedersen 2012, s. 19.

⁴⁴⁸ Prestearkivet, dokument: Brev, NN 18. desember 1944.

⁴⁴⁹ Lande, notat.

⁴⁵⁰ Prestearkivet, dokument: Stensil, utan avsendar.

NS-styret, spesielt ved gravferda for ein likvidert ststspolitimann 8. desember 1944.⁴⁵¹ Då blei han innkalt til politiminister Jonas Lie, og «lydig lusket han avsted». Hendinga blei karakterisert som «et anfall av forloren heroisme», og han «mangler mot», har «indre sammenbrudd.» Dette var eit tydelig varsel om at det ikkje ville bli noken nåde for dei lojale som angra seg. På baksida var karakteristikkane endå krassare: «Kirkedep.tets onde ånd, Sigmund Slettebø Feyling». Skrivet tar også for seg NS-biskop i Stavanger, O.B.J. Kvasnes og aksjonen mot NMS i 1944: «Denne slibrige herre, hvis moralske forhold tidligere førte til embedsfortapelse [...].» Denne påstanden er i strid med det bildet som er gitt av Kvasnes i ein biografi som kom som avhandling for få år sidan.⁴⁵² Elles var det pålitelege opplysningar, som at talet på forviste prestar siste året auka frå 40 til 104, og ei beskriving av situasjonen på Helgøya. Her var også fakta som ikkje var offentlig kjende: At den norske vaktsjefen for biskop Berggrav «forleden ble skutt ned av tyskerne» og at talet på ordinerte NS-prestar hadde gått ned frå 25 i 1943 til 6 i 1944.

6.6.2 Etter 8. mai

Det første dokumentet i Prestearkivet etter frigjøringa var eit brev frå ei kvinne på Hedmark som ba om opplysningar om stesonen, som skulle vere distriktsdyrlege i Drangedal og som ho frykta var NS og at han nå var arrestert. Ho fortalte om sin eigen son, som reiste til sjøs 16 år gammal og som hadde «tjent landet sit under det Rene Norske flag». Ho hadde ikkje sett han på seks år. Ho nemnte to prestar som har budd hos henne (sannsynligvis i samband med forvisning), og oppga den lokale soknepresten som referanse.⁴⁵³

Eit brev frå Menigheten Filadelfia (Oslo) ba på vegne av familien om hjelp til overflytting av liket etter ein av dei to norske flygarane som blei gravlagt i Drangedal kort før frigjøringa.⁴⁵⁴ (Jf. kapittel 4.3.3.)

Det første skrivet frå den gjeninnsette biskop Maroni galdt soldatgraver, tyske og allierte.⁴⁵⁵ Over sommaren kom det eit rundskriv «Fra Den norske kirkes biskoper» med detaljert

⁴⁵¹ Jf, Øybakk 2001, s. 40.

⁴⁵² Torgersen 2011, s. 11-19.

⁴⁵³ Prestearkivet, dokument: Sætersmoen 23. mai 1945.

⁴⁵⁴ Prestearkivet, dokument: Orlien 19. juni 1945.

forskrift om minnegudsteneste for falne som skulle vere 9. september.⁴⁵⁶ Så var det avskrift av eit brev frå Justisdepartementet til KUD, om «Vigsel av norske kvinner og tyske soldater».

Dette var forbode av tyske militære styremakter, men blei nå generelt tilléte, der kvenna hadde barn med eller var gravid med den aktuelle tyske soldaten. I andre tilfelle måtte det søkast til allierte styremakter.⁴⁵⁷ Eit rundskriv frå KUD om «Kremasjon og begravelse av tyskere» slo fast at den allierte overkommandoen ville at dei døde skulle bli flytta til Tyskland, og at dei som hovudregel derfor skulle kremerast, med unntak av romersk-katolske, som kunne få gravlegging.⁴⁵⁸

Biskopane meldte «til prestene» at «40-årsdagen for H.M. kong Haakons ankomst til Norge» (i 1905) skulle markerast i gudstenesta søndag 25. november.⁴⁵⁹ Biskopen orienterte prostane om omtale av «gjenreisningsarbeidet» og ofring til kyrkjer i Finnmark søndag 9. desember.⁴⁶⁰

Til slutt i papira frå 1945 var eit «Fortrolig» skjema til prosten for oppgåve over tap ved krigen og okkupasjonen frå 1. april 1944 til 8. mai 1945.⁴⁶¹ Statistisk Sentralbyrå hadde undersøkt det for tidligare periodar. Skjemaet var ikkje utfylt, det er ikkje kjent at kyrkjene i Drangedal hadde «tap».

6.7. Etterspel, «Nå når Noreg er fritt att»

Overgangen etter okkupasjonen var førebudd, både sentralt og lokalt. Det var tid for feiring og for oppgjør med taparane.

⁴⁵⁵ Prestearkivet, dokument: Maroni 2. juli 1945.

⁴⁵⁶ Prestearkivet, dokument: Den norske kirkes biskoper, Rundskriv nr. 10 (1945).

⁴⁵⁷ Prestearkivet, dokument: Avskrift, gjennomslag, Nygård 12. september 1945.

⁴⁵⁸ Prestearkivet, dokument: Trykt rundskriv, Hansson/Rettestøl 3.oktober 1945.

⁴⁵⁹ Prestearkivet, dokument: Stensil, Den norske kirkes biskoper, 25 oktober 1945.

⁴⁶⁰ Prestearkivet, dokument: Brev, gjennomslag, signert J Maroni 16. november 1945.

⁴⁶¹ Prestearkivet, dokument: Trykt, fire sidet, udatert juni 1945.

6.7.1 Takk, og farvel

Det var ei mappe til i Prestearkivet: *Rundskriv og liknande. 1945. 1947. 1947.* Mange av dei galdt praktiske saker, omkring lønn og prestegarden. Andre var kyrkjepolitiske. Av desse nemner eg tre. Det første er frå «Den norske kirkes biskoper Til Den norske kirkes menigheter og prester.»⁴⁶² Det er trykt, datert 9. mai, og må ha vore skrive før frigjøringa. Det handlar om «overtaking av embedene», og skulle gjørast kjent for menighetene, ventelig på gudsteneste dagen etter, som var Helgetorsdag (Kristi himmelfartsdag), eller søndagen etter. På baksida står ei personlig erklæring frå Lande, som tillegg til skrivet frå biskopane. Der takka han kyrkjelyden for «den samla og heilhuga oppslutning om prestane i den lange kyrkjekampen for åndsfridom sanning og rett.» Og han fortsette: «Nå når Noreg er fritt att, rettssamfunnet oppattretta, grunnlova står ved lag, og konstitusjonell styremakt rår i landet, tar eg oppatt embetet mitt i Den norske kyrkja som eg såg meg nøydd til å leggja ned [...].» Desse momenta er politiske, og viser til grunnlaget for motstanden under okkupasjonen.

Manglande tilslutning til Kirkens Grunn var ikkje med i tiltalen mot NS-prestane ved rettsoppgjøret; bare handlingar, som å la seg utnemne av NS-styret, medvirke til forvisning av mtstandsprestar og NS-medlemskap. Men dei som ikkje hadde slutta seg til KG i løpet av det første året og sagt frå seg statlig embete og lønn fekk ikkje fortsette som prestar.⁴⁶³ Rundskrivet «om suspensjon av prester» var også frå 9. mai. Adressatane er bytta om i forhold til det første rundskrivet, nå var prestene nemnt først. Også det tredje rundskrivet frå biskopane i mai-dagane var adressert «Til prester og menigheter.»⁴⁶⁴ Temaet var utrensning i kyrkjelige stillingar. Dette galdt alle kyrkjelige medarbeidarar, dei som var tilsette av menighetsrådet eller av kommunen.

6.7.2 Akk og farvel

Justisdepartementet orienterte om dei norske kvinnene som valte å gifte seg med tyskarar under og etter krigen. I eit skriv frå juli var Fylkesmannen adressaten:⁴⁶⁵ «Det er etter norsk lov ikke noe til hinder for at norske kvinner og tyske statsborgere (soldater) også under de

⁴⁶² Prestearkivet, mappe II: Rundskriv nr 1, 9. mai 1945.

⁴⁶³ Prestearkivet, mappe II: Rundskriv nr 2, 9. mai 1945, Oftestad 1998, s. 225: «1.3. 1943».

⁴⁶⁴ Prestearkivet, mappe II: Rundskriv nr 3, 11. mai 1945.

⁴⁶⁵ Prestearkivet, mappe II: Rundskriv, Justis- og Politidepartementet, Platau/Nygård 17. juli 1945.

nåværende forhold inngår ekteskap med hverandre. [...] Det foreligger ingen endelig bestemmelse om i hvilke tilfelle norskfødte kvinner vil få anledning til å forlate landet saman med de tyske tropper.» I september blei det sendt skriv til KUD om det same (referet til i kapittel 6.6.2). Innhaldet i skriva frå Justisdepartementet var nøkterne og heldt seg til juridiske fakta.

I rundskrivet frå biskopane med «noen av vedtakene på bispmøtet i juni»⁴⁶⁶ var punkt 4 av 7 om «Ekteskap mellom norske kvinner og utenlandske soldater». På det tidspunktet kunne det også bli aktuelt med ekteskap med allierte soldatar; eit skriv frå Justisdepartementet til fylkesmannen fanst også i denne mappa, om «Vigsel av britiske militærpersoner.»⁴⁶⁷ Men bispebrevet galdt bare dei tyske soldatane. Det tilrådde prestane ikkje å foreta lysing, men vise til borgarlig vigselsmann. Deretter «kan prestene vie om de blir bedt om det.» Det syner ei tydeleg motvillig holdning.

Det var forståelig at ein i Den norske kyrkja ikkje hadde sans for ekteskap med eksokkupanten. Men den neste setninga viste at følelsen har fått uttrykk i dømmande holdning: «For de triste tilfeller med norske kvinner som nå søker om å få inngå ekteskap med tyskere, synes det fra et norsk og moralsk synspunkt rettest å la dem gå over til å bli regulære tyske undersåtter [...].» Sett frå vår tid, når kyrkja er aktiv pådrivar for menneskerettar og for liberal asylpolitikk, så virkar dette verken «moralsk» eller kristent. Men ein må notere det som eit uttrykk for at kyrkja dei dagane, som ein del av det norske samfunnet, var prega av hemntankegang og forakt for dei på den andre sida. Justisdepartementet var ope i spørsmålet om kvinnene kunne få lov til å reise til Tyskland, men biskopane var innstilt på at dei skulle reise. Resultatet blei at dei omkring 1000 kvinnene⁴⁶⁸ blei tvinga til å forlate Norge.⁴⁶⁹

⁴⁶⁶ Prestearkivet, mappe II: Rundskriv nr 7, juni 1945.

⁴⁶⁷ Prestearkivet, mappe II: Platau/Nygård 27. juli 1945.

⁴⁶⁸ Ellingsen 1995, s. 428.

⁴⁶⁹ Pedersen 2012, s. 55f.

7. Postludium

Lande slo fast at kyrkja fekk auka oppslutning under krigen, at optimismen var stor då freden kom, men at etterkrigstida skuffa. Alt falt tilbake til det gamle. Det same synspunktet finn ein hos kyrkjehistorikarar og andre historikarar.⁴⁷⁰

Lande skreiv i tilbakeblikk:

Aldri har det vel vore så mange bedande, leitande, søkerjande som i fyrste krigstida. Det synter seg også i søkerjinga til kyrkje og bedehus. Det var fulle hus overalt. Og einskilde her og der tok steget heilt over til Gud. Men stort sett gjekk det nå som så ofte i slike krisetider, det vart ein rus som dovna av etter kvart.⁴⁷¹

På spørsmålet frå «Kirkekampen sentralarkiv» svara han at kyrkjedeltakinga auka sterkt etter 9. april 1940 og at toppen blei nådd under kyrkjekampen i 1942. Ein «Rapport om Menighetsraadet her»⁴⁷² frå Tørdal var adressert «Til Bamble Prosti». Den hadde påskrift frå Lande: «Oppsnappa melding frå “form i Tørdal nasist-menighetsråd” til “prost” Løken i Solum. (avskr.) A.L.» Rapporten bekrefta for så vidt at det blei nedgang etter 1942: «Det er liden søgnad til kirkene her til vanlige messe grunden kan nok verre saa mange her er lange veier og det er ikke biler som gaar til kirken nu [...]» Dei talrike kristne foreiningane eksisterte og var aktive i krigsåra, og oppslutninga og aktiviteten auka. Det blei også bekrefta utanfrå, brevet frå NS-formannen i Tørdal fortsetter: « [...] så er her mange møter i bedehusene som samler meget folk om sig».

⁴⁷⁰ Oftestad 2005, s.271+273/279: «Oppslutningen om gudstjenester og kristelige møter økte... Etter krigen falt den religiøse interessen i folket stort sett tilbake i førkrigsleiet.»

Wisløff 1971, s. 475: «Under krigen ble det tenkt store tanker om kirkens posisjon i fremtidens Norge. ... På mange måter var de første etterkrigsåra en skuffelsens tid.»

Aagedal 1983, s. 181: «Den norske kyrkja sto så samla i kampen mot okkupasjonsmakta, at kyrkja og kristendomen vart identifisert med kampen for eit fritt Noreg.»

⁴⁷¹ Lande 1950, s. 113.

⁴⁷² Prestarkivet, mappe: Handskriven kopi av brev frå NN, 15. november 1943.

7.1. Den norske kyrkja, «ein rus som dovna av»

Etter at krigen var over og kyrkjekampen var vunne, var det stor tru på at framgangen for kyrkja og oppslutninga om gudstenestene skulle bli varig. Mange håpa og rekna med at kyrkja også skulle få ei friare stilling til å styre eigne saker. Slik gjekk det ikkje.

Optimismen hadde synt seg også hos dei kristne organisasjonane, her Norges Kristelige Ungdomsforbund: «Det siste krigsåret var preget av ukuelig optimisme [...]. Den vårløsning som nå alle opplevde [...] skulle gå over til sol og sommer, vekst og modning? Men det skulle vise seg at det ble annerledes!»⁴⁷³ I ei jubileumsbok for Presteforeningen er vurderinga to år etter krigen: «Det var så å si gått over all forventning, og en måtte jo både tro og håpe at det også ville fortsette å gå bra. Men skuffelsene inntraff, den ene etter den andre.»⁴⁷⁴

Skuffelsane var av to slag; Oppslutninga om gudstenestene og den kristelige aktiviteten elles fall tilbake til «det normale», og kyrkja fekk ikkje den friare stillinga mange hadde venta etter kyrkjekampen.⁴⁷⁵

7.1.1 Den lokale kyrkja⁴⁷⁶

Dei kyrkjelige tenestene i Drangedal gjekk sin gang i alle krigsåra, og det var ikkje påtakelige endringar samanlikna med heile tiåret 1939-1947. Talet på dåp i prestegjeldet varierte med årskulla. Gjennomsnittstalet var 79,4, og snittet for dei fem krigsåra 1941-1945 var 86,0. Det vil seie at det faktisk blei født fleire barn under krigen enn i fredstid. Dødstala har variasjonar som kan avspegle «harde tider», dei er høgast i 1943 og 1944.

Konfirmanttalet var høgast i 1942 (110). Prosentdelen av konfirmantar i 1942 var på 77 % av 1927-kullet, litt mindre enn snittet på 80,6 %. Flytting og tidlig død er nok hovudårsakene til fråfall. Litt færre konfirmasjonar i krigsåra kan både skuldast mindre lyst til feiring og at det var vanskelig med gåver og festmat, men det er verd å merke seg at tala likevel er nokså høge.

⁴⁷³ Kullerud, Erik 1980. s. 262.

⁴⁷⁴ Svendsen 1954, s. 75.

⁴⁷⁵ Oftestad 2005, s. 283f.

⁴⁷⁶ Etter Kirkebok for Drangedal 1935-1949 og Kirkebok for Tørdal 1920-1952.

Talet på inngåtte ekteskap toppa faktisk i krigsåra. Dei høgaste tala var i 1944 (43), 1940 (41) og 1942 (40). Gjennomsnitt for alle åra 1939-1948 var 36, gjennomsnitt for krigsåra 1940-45 var 37. Lande oppga at om lag halvdelen av ektepara søkte kyrkjeleg velsigning etter at det blei slutt med kyrkjeleg vigsel.⁴⁷⁷

Talet på nattverdsgjester syntre auke. I perioden 1937-1941 var snittet 1007 for året, i perioden 1945-1949 var det 1560. Det høgaste talet var i 1945 (1687). Frå 1941 til 1945 var det auke kvart år.⁴⁷⁸ Etter 1945 gjekk det litt opp og ned, men tendensen var ein moderat nedgang; i 1951 var talet 1467.⁴⁷⁹

7.1.2 Menighetsråda 1945

Straks etter frigjøringa var det protokollert møte mellom soknepresten og formannen i menighetsrådet, 25. mai for Drangedal og 2. juni for Tørdal. Der vedtok dei at menighetsråda skulle fortsette til nytt val kunne holdast, supplert med varamedlemmer for dei som var døde eller flytta i løpet av krigsåra, det var éin i Tørdal og fire i Drangedal. Ingen blei utelukka etter krigen.⁴⁸⁰

Det var fellesmøte for dei to menighetsråda i prestegarden 31. oktober 1945, der dei refererte rundskriv frå «Den midlertidige kirkeledelse», mellom anna om «opprensning i medl. i menighetsråd.»⁴⁸¹ Det blei også laga liste til dei kommande menighetsrådsvala. Dei som var valte for tre år i 1936 hadde blitt sittande i ni, så der er rimelig at mange ikkje stilte opp att. For Tørdal sto tre av dei gamle medlemene på lista. Ved valet 16. desember blei Svein Kraakenes valt som nr 1 med 61 stemmer av 72. Av ni medlemmar og varamedlemmar var seks nye i 1945. Kraakenes fortsette som formann til han flytta frå bygda hausten 1949.⁴⁸²

⁴⁷⁷ Lande 1946.

⁴⁷⁸ Ibid.

⁴⁷⁹ Menighetsblad, Januar 1952, s. 3.

⁴⁸⁰ Menighetsrådsprotokoll Drangedal og Menighetsrådsprotokoll Tørdal.

⁴⁸¹ Ibid.

⁴⁸² Menighetsrådsprotokoll Tørdal.

I Drangedal var den nye lista sett opp alfabetisk med 30 namn. Åtte av dei femten nåverande var med. Fem av dei blei medlemmar og to blei varamedlem i det nye soknerådet, som hadde ti medlemmar. Ved valet hausten 1945 fekk Per Fineid flest stemmer, 92 av 106, men han ønska nok ein pause, og den nyvalte Lauritz Kloster (nr fem med 70 stemmer) blei formann for 1946, med Lande som nestformann.⁴⁸³

7.2 Kristne organisasjonar

Det var særlig stor oppslutning om arbeidet for barn og unge under krigen. I 1941 blei det starta barneforening for NMS i Prestetranda.⁴⁸⁴ Same året kom det Yngres Avdeling i Heldal (Kroken), og året etter i Prestetranda.⁴⁸⁵ På Bostrak blei det «Yngres» i 1943.⁴⁸⁶ Stiftingsmøtet var i sløydsalen på Bostrak skule. Etter at tyskarane okkuperte skulen til fangeleir fekk dei ha møta på Frikyrkja.⁴⁸⁷ Første kvelden meldte det seg 11 ungar fra 11 år og oppover. Snart var talet over 30, praktisk talt alle ungane i kretsen blei med.⁴⁸⁸

KFUK-speidarane blei lagt ned av forbundssstyret i Norges Kristelige Ungdomsforbund 12. september 1941, då meldinga kom frå den tyske politisjefen at speidar-organisasjonen var oppløyst.⁴⁸⁹ I Drangedal fortsette likevel aktiviteten for speidarjentene, med båtturar og anna friluftsliv, også i uniform.⁴⁹⁰

Bedehusaktivitet er referert i protokollen for *Prestestranda Misjonsforening* 1931-1947. Den arbeidde for både ytre- og indre misjon. Her var referat frå årsmøtet og «årsberetning» for dei fleste åra frå 1932. Frammøtet var ikkje notert, men det var dei samla kollekt-inntektene i

⁴⁸³ Menighetsrådsprotokoll Drangedal.

⁴⁸⁴ Forhandlingsprotokol, Aarsberetning 1941.

⁴⁸⁵ Lande 1950, s. 98f.

⁴⁸⁶ Vogsland, Dorthe 1943 - s. 1-18.

⁴⁸⁷ Vogsland 2013.

⁴⁸⁸ Vogsland 2003.

⁴⁸⁹ Kullerud, Erik s.256f.

⁴⁹⁰ Teigen 20 14 og Stavnes 2014.

foreininga. Dei var delt i tre: Til ytremisjon, til indremisjon og til bedehuset. I 1940 var dei samla kollektinntektene på eit lågmål: 739 kr. I krigsåra låg tala mykje høgare, dei fleste åra hadde ein auke frå året før. Toppåra var 1943 med 1300 kr og 1945 med 1374, omrekna til 1940-kroner. I dei første etterkrigsåra blei resultatet mindre enn halvdelen: 606 kr i 1946 og bare 494 kr i 1947. Seinare er det høgare tal, men for dei fleste åra er dei ikkje ført inn. I 1954 var talet 906 kr og i 1956 var det 1114 kr (omrekna)⁴⁹¹. Ein del av forklaringa kan vere at det var lite å bruke pengar på under krigen, og eit oppdempt kjøpebehov i etterkrigsåra.

Referata varierte i innhald, talet på møte var ikkje alltid ført inn. I 1938 var det 43 møte og arrangement, og det er tal for tre av krigsåra: 37 møte i 1941 og 1942, og 44 i 1943. Årsmeldinga frå 1941 peika på at det økonomiske resultatet låg langt over det som hadde vore vanlig. Året etter sto det at 1942 hadde vore eit godt arbeidsår. «Møter og fester har vært godt besøkt, trangen etter aa høre Guds ord har vært sterkt og vedvarende.»⁴⁹² I 1943 blei krigen kommentert for første gongen: «Paa trods av krigen også i 1943, og de mange vanskeligheter som denne har brakt, har foreningsarbeide gaatt som før.»⁴⁹³ Det var ikkje ført inn årsmelding for 1944. I meldinga for 1945 blei det konstaterat at «arbeidet i Herrens vingård har gått saa-noenlunde uhindret [...]»⁴⁹⁴ Det var «vekkelse» i nokre av nabobygdene,⁴⁹⁵ men ikkje i Drangedal, og den «landsvekkelsen» som mange av misjonsfolket håpa på og ba for kom ikkje.

Alt i alt kan vi altså sjå at dei kristelige aktivitetane hadde tydeleg auke under krigen og nedgang etterpå. Det er eit teikn på at sivilsamfunnet fungerte gjennom krigstida, men litt annleis. Kyrkja og dei kristelege foreiningane hadde stort sett fungert gjennom heile krigen, mens anna organisert arbeid var lagt ned, forbode eller overtatt av NS. Oppslutning om kyrkja var oppslutning om kyrkjekampen, ein kamp som blei enkel for folk flest å forstå og vere med på.

⁴⁹¹ Forhandlingsprotokol, Aarsberetning 1942.

⁴⁹² Forhandlingsprotokol, årsberetning 1954 og 1956.

⁴⁹³ Forhandlingsprotokol, Aarsberetning 1943.

⁴⁹⁴ Forhandlingsprotokol, Aarsberetning 1944.

⁴⁹⁵ Vevstad 1998, s. 117f.

7.3 Frimenigheter

Kampen som Den norske kyrkja førte i okkupasjonstida fekk støtte frå frikyrkjene. Dissentertinget og den ledande pinsemenigheten, Filadelfia i Oslo, var med på brev og protestar til NS-styremaktene.⁴⁹⁶ Lokalt kunne det variere. Nokre forkynnalar og tidligare aktive i frimenigheter tok teneste som NS-prestar, og i den uroa som følgte med okkupasjonen og kyrkjekampen var det tendensar den første tida til å prøve å utnytte situasjonen. Aktiviteten i frimenighetene heldt seg oppe og auka gjennom krigsåra. I ein rapport frå mars 1943 skreiv Skien Biskop: «Dissenterne fisker i rørt vanne. De samler nogen fler enn før men utmeldelsene av Den Norske Kirke er minimale for hele bispedömmet.»⁴⁹⁷

I folketellinga frå 1946 var det i Drangedal 398 personar i (7,8 %) utafor statskyrkja, ein auke frå 204 (4,3 %) i 1930.⁴⁹⁸ I Telemarks bygder var auken frå 5,3 til 7,3 prosent. Sannidal hadde nokså liten auke, frå 5,7 til 6,1 prosent. I Søndeled i Aust-Agder var auken frå 12,6 til 14,1. Det kan tenkast at kyrkjekampen har hatt noko å seie for ulik overgang frå statskyrkja i Søndeled og Sannidal. Den store endringa i Drangedal skuldast nok mest pinsemenigheten, som var ny i 1930.

7.3.1 Den Evangelisk Lutherske Frikirke

Frikyrkja hadde stor aktivitet under krigen, særlig var det mange med på søndagsskulane. Mange ungar gjekk på søndagsskule både på Bedehuset og i Frikyrkja. To bilde frå Frikyrkja sin søndagskule i Prestestranda i krigsåra hadde med 75 og 81 ungar, flest på det nyaste, som trulig er frå 1944.⁴⁹⁹ Eldsterådet var stabilt, tre medlemmar sat alle frå 1931/1933 til 1962-1969, og i 1944 kom to til som sat til 1956/1957. Det var litt anstrengt forhold mellom Frikyrkja og Den norske kyrkja før krigen.⁵⁰⁰ Lande var kritisk til leiinga i frikyrkja og hevdta at

⁴⁹⁶ Jf. Kap. 6.3.1 Dokument frå kampen: Prestearkivet, mappe, underskrift: (avsl 26. 4.42.).

⁴⁹⁷ Riksarkivet, Landssviksak: L.D. Zwilgmeyer, Dok 11 t.

⁴⁹⁸ SSB 1934, SSB 1950.

⁴⁹⁹ Den Evangelisk Lutherske Frikirke, s. 34.

⁵⁰⁰ Lande 1950, s. 110.

dei den første tida etter embetsnedlegginga våren 1942 prøvde å dra folk til seg med argument om at «nå ramla heile statskyrkja».⁵⁰¹

7.3.2 Pinsemenigheten Sion

Sion fekk eigen forstandar då den blei sjølvstendig menighet i 1942, og.⁵⁰² var svært aktiv i krigsåra. Lande var forarga for at dei med løyve frå NS-styresmaktene fekk låne skulelokale som elles var stengde for dei.⁵⁰³

7.4 Bygda

Som andre stader blei det glede og fest i Drangedal då freden kom, med flagging og tog. Milorg arresterte NS-medlemmane, og etter krav frå dei mange frammøtte måtte dei ut av bussen og paradere inn på «arrestlokalet», den nye skulen i Prestestranda. Dei fleste blei frakta til Kragerø etter kvart, for framstilling i forhørsretten.⁵⁰⁴

Olav Kjendsheim var i frigjøringsdagane ikkje mistenkt for anna enn NS-aktivitetar i heimbygda. Han var født og oppvachsen i Drangedal, og etter soninga blei han buande i bygda. Han flytta ut etter at kona døde i 1965, og kom tilbake dei to siste åra han levde. Ei vitneforklaring i saka mot Gaarder tyder på vilje til å unnskylde Kjendsheim (nokre namn er utelate):

[...] Ei natt ved 10- ½11 tiden i januar [1942] etter at vi hadde lagt oss, kom plutselig lensmann Gårder, støtte døra hart opp og trampa inn på golvet i det rommet hvor eg og mannen lå. [...] Inn i det andre rommet stormet fleire hirdmenn [...]. Vi la merke til Seeborg [fylkingsfører i hirden] og Olav Kjendsheim, de andre kjente vi ikke. De var ikke brutale men det var Gårder. [...] Hverken -- eller -- var med ved rassiaen her på --.⁵⁰⁵

Palleesen Mustikay flytta ei tid etter avslutta soning ut av bygda.

⁵⁰¹ Lande 1946.

⁵⁰² Nordby 2005, s.61.

⁵⁰³ Lande 1946.

⁵⁰⁴ Vogslund 1995, s. 259.

⁵⁰⁵ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307, Rapport fra Lensmannen i Drangedal, 18. juni 1945.

Eit avisinnlegg i lokalavisa syner sterkt motvilje mot ei anna utsett gruppe, med overskrifta «*Også et nidingsverk*. Til dem som vil forsvare tyskertøsene.» Det er underteikna med initial.⁵⁰⁶ Ei lokalhistoriebok refererer at tyskerjenter blei snauklypt nedafor jernbanestasjonen i Drangedal.⁵⁰⁷ Den same behandlinga fekk nokre jenter på Søndeled, så dei brukte skaut når dei måtte i butikken.⁵⁰⁸

Ein lærar og ein skule-elev frå etterkrigstida i Drangedal hevdar begge at NS-barna og dei få tyskar-barna ikkje blei spesielt mobba. Det kan ha blitt opplevd annleis for dei det galdt, men dette er også eit inntrykk frå Søndeled. Eldste sonen til NS-lagføraren der (født i 1937) bekrefta det.⁵⁰⁹ Dei vaksne snakka lite og ingenting om krigstida, dei ønska å legge den bak seg.

7.5 *Rettsoppgjøret*

Rettsoppgjøret i Norge omfatta alle som var NS-medlemmer etter 9. april 1940, og alle frontkjemparar utan omsyn til medlemsskap, dessutan andre som hadde samarbeidd med dei tyske okkupantane under krigen. I alt blei vel 46 000 straffa,⁵¹⁰ det var snautt halvparten av dei som var blitt granska. Bygdene i Telemark hadde litt høgare tal på «straffbare» enn landsgjennomsnittet for bygder: 28,8 menn og 14,9 kvinner per 1000 over 14 år, mot gjennomsnitt på 23,1 og 10,8.⁵¹¹ Dette samsvarar med medlemstalet i NS, der Telemark fylke låg litt høgare enn landsgjennomsnittet, med 1,9 % av folkemengda mot 1,7 % på landsplan.⁵¹²

Ved vala hausten 1945 blei dei som kunne bli dømt til «tillitstap» ved Landsvikoppgjøret suspenderte. Det omfatta vesentlig NS-medlemmar, og tala syner store skilnader, både mellom

⁵⁰⁶ Vestmar 19.7.1945, signert: Kj.S.

⁵⁰⁷ Midtbø 2013, s. 25.

⁵⁰⁸ Alfsen 2013, s. 53.

⁵⁰⁹ Jf. Alfsen 2013, s. 27.

⁵¹⁰ SSB 1954, s. 47.

⁵¹¹ SSB 1954, s. 20.

⁵¹² Dahl 2009, s.165.

fylka og kommunane.⁵¹³ Bygdene i Telemark hadde høgare gjennomsnitt-prosent enn i Aust-Agder. Både Drangedal og Søndeled hadde vesentlig lågare tal enn gjennomsnitt for fylka. Sannidal hadde ikkje NS-lag og bare to suspenderte. NS lokalt var ikkje mange nok til å lage alvorlige vanskar for Drangedalsprestane eller støtte «NS-presten» i Søndeled.

Grunnlaget i dei fleste landssvik-sakene var § 86 og § 98 i Straffeloven av 1902, om støtte til fienden og «Forbrydelser mod Norges Statsforfatning og Statsoverhoved». Desse paragrafane blei også bruka mot NS-prestar og biskopar.⁵¹⁴ Paragrafane blei endra i 1950, her er gjeldande ordlyd i 1945:

§ 86 Med Hefte i mindst 3 Aar eller med Fængsel fra 3 Aar indtil paa Livstid straffes den, som retsstridig bærer Vaaben mod Norge, eller som under en Krig, hvori Norge deltager, eller med saadan Krig for Øie yder Fienden Bistand i Raad eller Daad eller svækker Norges eller nogen med Norge forbunden Stats Stridsevne.

§ 98 Den som søger at bevirke eller at medvirke til, at Rigets Statsforfatning ved ulovlige Midler forandres, straffes med Hefte i mindst 5 Aar.⁵¹⁵

I tillegg hadde den norske regjeringa i London under krigen vedtatt nye lovbestemmelser, «provisorisk anordning», med heimel i § 17 i Grunnlova.⁵¹⁶ Dei to mest omdiskuterte «anordninger» var om dødsstraff og at medlemskap i NS etter 8. april 1940 blei straffbart uansett. Dermed blei det svært mange som blei tiltalt.

«Landssvikanordningen» blei vedtatt så seint som 15. desember 1944, og gjorde det lettare å dømme «vanlige NS-medlemmar», ved at minimumstraffene blei redusert.⁵¹⁷ Endringa innebar at fleire kunne dømmast, til fengsel eller bot, pluss «tap av almen tillit»: Den dømte mista stemmeretten og fekk begrensingar med omsyn til yrke.⁵¹⁸ Det omfattande rettsoppgjøret tok tid og kapasitet, og dommane fall over eit langt tidsrom, frå hausten 1945 og til 1949.

⁵¹³ SSB 1947.

⁵¹⁴ Oftestad 1998, s.232.

⁵¹⁵ Norges Lover 1682-1934, Det juridiske fakultet, Grøndahl & Søns Boktrykkeri, Oslo 1934.

⁵¹⁶ «Kongen kan give og ophæve Anordninger [...]. De gjælde provisorisk til næste Storthing.»

⁵¹⁷ <https://snl.no/landssviklovgivningen>

⁵¹⁸ <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Arkivverket/Kristiansand/Nettutstillinger/Andre-verdenskrig/Landssvikoppgjoere/Lovgrunnlaget>

Ankesaker kom for Høgsterett heilt til 1951.⁵¹⁹ Straffene blei mildare etter kvart, og sonings-tida blei mykje redusert for dei siste dømte. Det var gjerne dei mest omfattande sakene som blei pådømt sist. Dermed blei «dei små» straffa forholdsvis strengast. Ettertida ser også at «Straffene for omtrent de samme forbrytelsene endret seg fra 1945 til 1948».⁵²⁰

7.5.1 Rettsoppgjøret for Drangedal

Det blei reist sak mot 52 personar i Drangedal,⁵²¹ og ein kan gå ut frå at det er alle som var eller hadde vore medlem av NS og som levde då krigen var slutt. Det er vel 1 % av folketalet, mindre enn landsgjennomsnittet og bare halvparten av gjennomsnittet i Telemark.

Det var 26 som fekk dom, 22 fekk førelegg og resultatet er ukjent for 4 personar.⁵²² Ved stortingsvalet 1945, med stemmerettsalder 23 år, var det 47 personar i Drangedal som hadde fått suspendert stemmeretten. Det var 1,53 % av dei som hadde stemmerett. På landplan var prosenten 1,90 og i Telemarks bygder 2,10 %.⁵²³

Lensmann Gaarder si sak er ikkje med frå Drangedal; han heldt til i Horten i 1945. I avis Vestmar kunne ein sommaren 1945 finne forhørsrettsaker mot 12 «nazister» frå Drangedal.⁵²⁴ Kyrkjestriden er ikkje referert i desse sakene, men frå notat og arkivet etter prost Lande ser ein at tre av dei arresterte var aktive, saman med Gaarder, i den lokale kyrkjestriden.

Det blei også ein reaksjon mot «Sambandslærarane», dei som ikkje hadde sagt frå seg medlemskap i Norsk Lærersamband i 1942. I første møtet etter krigen valte Drangedal skulestyre med lærar Sigmund Straume som formann og prost Lande som nestformann å suspendere fem lærarar.⁵²⁵ Begge hadde vore aktive i motstandsarbeidet.

⁵¹⁹ SSB 1954, s. 64.

⁵²⁰ Jaklin, 2011, s. 301f.

⁵²¹ Straume 1995, s. 49.

⁵²² I.c.

⁵²³ SSB 1947, s. 8 og 28.

⁵²⁴ Vestmar, juni-august 1945.

⁵²⁵ Vestmar, 7. juni 1945.

Gaarder blei dømt ved lagmannsretten i Skien til 10 års straffearbeid med frådrag av 618 dagar i varetekts.⁵²⁶ Påstanden frå aktor var 15 år. Rutinemessig fekk han rettighetstap i ti år. Han blei også frådømt retten til å drive sakførarpraksis «for bestandig», og blei idømt inndraging av 3000 kr. Det var ein del av den lønna han hadde hatt som sorenskrivar, der han fortengte den tidligare, som blei forvist frå Vestfold fylke, «[...] idet denne fortjeneste maa antas ervervet ved et straffbart forhold.» Etter fem år, den 12. mai 1950 blei han lauslatten på prøve, med «endelig løslatelse 23. mai 1955», på vilkår «at han avholder seg fra all nasistisk virksomhet».⁵²⁷ Utan inntekt og formue hadde han ingen muligkeit til å betale inndraginga, den blei ettergitt 26. oktober 1951.⁵²⁸

Lagfører Pallesen-Mustikay og han som blei Gaarders etterfølgjar som hirdfører, fekk 3 ½ år begge. Kjendsheim blei i første omgang dømt til 5 år ved Kragerø byrett. Seinare etterforsking av tenesta i Hirdvaktbataljonen ga ny rettsak ved Hålogaland lagmannsrett, og han fekk til slutt den strengaste dommen av alle frå Drangedal. Saka kom for retten 16. august 1948⁵²⁹ og han blei då dømt til 14 års tvangsarbeid for forhold som fangevaktar, «blant annet mishandling og medvirkning til drap.»⁵³⁰ Kjendsheim sona vel tre år, inkludert varetekts. Han blei lauslatten ved Sem fengsel 15. august 1951.

7.5.2 Dei sentrale i NS-kyrkja

Skien-biskop Ludvig Daae Zwigmeyer fekk fire års «straffearbeid». Bror hans, *Dagfinn Zwigmeyer*, som trekte seg som biskop etter vel eitt år og meldte seg ut av NS, fekk bare ½ år mindre straff. L.D. Zwigmeyer fekk etter varetektsida utsett dom og soning i 3 ½ år. Han blei dømt 4. desember 1948 og sona til saman 1 år og 1 månad, 210 dagar i varetekts og 182 dagar i fengsel, frå 13. oktober 1949 til 21. mars 1950. I tillegg fekk han tap av rettigheter i 10 år og tap av retten til å bære prestedrakt og gjøre presteteneste. Han slapp kravet om inndragning. Det var lagt ned påstand om inntil 30 000 kr, den lønna han hadde fått som biskop og

⁵²⁶ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307, Agder lagmannsrett Avskrift.

⁵²⁷ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307: S.P.L.Journal 31/50 Løslatelse på prøve, Sem fengsel 12. mai 1950.

⁵²⁸ Riksarkivet, Landsviksak Skien 307: Erstatningsdirektoratet, 6, november 1951.

⁵²⁹ Aftenposten 16 og 17. august 1948.

⁵³⁰ Veum 2013, s. 612.

sokneprest.⁵³¹ I «toppåret» 1944 fekk han heile 20 000 kr, 12 500 som biskop og 7500 som sokneprest i Gjerpen.

Ekspedisjonssjef Sigmund Feyling fekk den strengaste straffen av nokon NS-prest: 15 års tvangsarbeid og tap av retten til presteteneste og av «allmen tillit». Saka hans kom for retten så seint som i 1949.⁵³² Etter lauslating fekk han arbeide i Oslo Indremisjon 1955-1964.⁵³³

Statsråd Ragnar Skancke fekk dødsdom, og blei henretta 28. august 1948.⁵³⁴ Han var den siste som blei henretta etter rettsoppgjøret, og avgjerda var sterkt omstridt. Samanlikna med andre NS-statsrådar var dødsdommen streng. «I denne striden [kirkestrid og lærerstrid] var det langt mer pågående aktører på NS-siden enn Skancke [...]» og han «fikk en påfallende hard dom i rettsoppgjøret [...]»⁵³⁵ Etter dødsdommen mot statsråd Skancke støtta eit stort fleirtal av prestane benådning.⁵³⁶ Det har vore uråd å få greie på om Drangedals-prestane var mellom dei. Det er hevd i ettertid at å la Skancke leve var uakseptabelt i forhold til dei som hadde kjempa i kultukampen.⁵³⁷

⁵³¹ Riksarkivet, Landssviksak: Ludvig Daae Zwilmeyer, kopi av dommen.

⁵³² Oftestad 1997, s. 76.

⁵³³ Prester i den norske kirke 1972, s. 69.

⁵³⁴ Sørensen 1995, s. 381f.

⁵³⁵ Ibid.

⁵³⁶ https://nbl.snl.no/Ragnar_Skancke

⁵³⁷ Etter Hans Fredrik Dahl og Øystein Sørensen, referert i Jaklin 2011, s. 298.

8. Samanlikning: Prestar hos to naboor

Forskjellane mellom prestegjelda i «Skien Stift» under kyrkjestriden 1942-45 var tydeligast når det galdt prestesituasjonen. I naboprestegjelda sør og vest for Drangedal, Sannidal og Gjerstad, fortsette sokneprestane som før, heilt utan lokal kyrkjelig konflikt. I Lunde i aust blei presten forvist, utan at det kom nokon ny. I Søndeled kom det NS-prest, ein lekmann, etter at soknepresten hadde fått ordinær avskjed. Der var det plassert motstands-prest, og konflikten med menigheta blei kvass. I Sannidal var presten leiaren i bygda, også politisk, og u-rokka gjennom krigsåra.

8.1 Sannidal - «*autonom republikk*»⁵³⁸

Sannidal var eigen kommune til 1959, då Kragerø, Sannidal og Skåtøy blei slått saman til Kragerø kommune, som blei eitt prestegjeld. Sokneprest Tande hadde heile si prestetid i Sannidal, 1931-1970. Han blei ordførar i bygda i 1938. Sjølv konstaterer han i ettertid: «Det var vel en fordel i Sannidal at soknepresten også var ordfører. Tyskere og nazister hadde bare én mann å forhandle med.»⁵³⁹ NS såg posisjonen hans som hovudproblemet. Kretsføraren klaga: «Sannidal er håpløs. Bak det hele står presten. Bøndene i Sannidal gjør intet før presten har kremtet og gitt sitt besyv.»⁵⁴⁰ Kyrkjestaben og menighetsrådet heldt fram gjennom krigs-åra og fekk fortsette etter krigen.⁵⁴¹ Det viser at dei alle støtta motstanden.⁵⁴²

NS på kretsplan ønska sterkt at soknepresten skulle bli avsett. Kretsføraren, som budde i Kragerø, skreiv til fylkesføraren om det så tidlig som i september 1942.⁵⁴³ Klagen gjekk vidare til KUD, men dei kyrkjelige NS-styremaktene var ikkje innstilt på konflikt mot ein massiv

⁵³⁸ Dette delkapitlet bygger vesentlig på heftet: *Sannidal i Krigsårene, 1940 til 1945*, med sokneprest Tande som hovudforfattar og hans artiklar om *Sannidal menighet i krigsåra 1940-1945* i Arven nr 37 og 38.

⁵³⁹ Tande 1985, s. 13.

⁵⁴⁰ Rettsreferat, faksimile i Sannidal i Krigsårene, 1985, s. 16.

⁵⁴¹ Tande 1972, s.31f, og s. 34.

⁵⁴² Jf. Kap. 6.7.1 «Takk, og farvel», ref. Rundskriv nr 3, 11. mai 1945 frå biskopane.

⁵⁴³ Rettsreferat, Kragerø Blad, 4. desember 1945, faksimile i Sannidal i Krigsårene, 1985, s. 55.

motstand. Tande hadde god kjennskap til situasjonen i KUD, gjennom ein jurist frå Sannidal, *Nils Juel Lindheim*, som var sekretær på kyrkjekontoret.⁵⁴⁴ Han refererte at ekspedisjonssjef Feyling la klagen bort, fordi det var så mange slike klager.⁵⁴⁵

Gjennom den kontakten visste Tande at «I Kirkedepartementet var det vill forvirring» då presteaksjonen kom,⁵⁴⁶ og den informasjonen gjekk nok til motstandsleiarane. Om den lokale situasjonen skreiv Tande sjølv: «Sannidal var dengang som autonom republikk. Presten og menighetsrådet styrte.»⁵⁴⁷ Då menighetsbladet blei stoppa med grunngivinga at det dreiv «politisk virksomhet» gjekk det under jorda, og blei illegal avis, med kyrkjepolitiske meldingar og nytt frå London.⁵⁴⁸ Då speidararbeidet blei forbode, fortsette det under namna Y.A.G. (Yngres avdeling gutter) og Y.A.J. (Yngres avdeling jenter).

I kommunestyringa var situasjonen nesten like blank for NS. Etter at nyordninga frå desember 1940 blei sett i verk søkte Tande avskjed som ordførar.⁵⁴⁹ Ein tidligare ordførar som blei oppnemnt nekta, og Sannidal var utan ordførar i meir enn to månader. Ein annan som blei oppnemnt 4. mars 1941, *Erling Mørland*, sette som vilkår at Tande skulle vere varaordførar. «Vi ble enig om å ta det på oss og sabotere mest mulig», skreiv Tande.⁵⁵⁰ I protokollane blei pålegg frå NS-hold referert med «Saken foranlediger intet». Herredstinget ba om at dei arresterte lærarane skulle bli frigitt og vedtok å sende takk til den avsette lensmannen *Fredrik Svang* «for hans holdning.» Tande skreiv: «I hans sted fikk vi en fredelig mann fra Drangedal: *Erik Moland*.» Han var før lensmannsbetjent i Drangedal.⁵⁵¹ Motstanden følgte ei hard linje: Herredstinget avviste å skaffe husvære til drangedølen, «man antar at han kan få husrum på et av bygdens pensjonater». Då dei fekk pålegg om å oppnemne eit NS-medlem til fattigstyret var svaret: «Vedtak: Lensmann Moland oppnevnes. Man kjenner ikke andre N.S. folk i

⁵⁴⁴ Tande 1992, s 12 og Norrman 1998, s. 42.

⁵⁴⁵ Tande 1985, s. 15 og s. 58.

⁵⁴⁶ Tande 1992, s 13.

⁵⁴⁷ Tande 1993, s. 12.

⁵⁴⁸ Tande 1972, s. 55.f.

⁵⁴⁹ Jf. kap. 6.2.1 «Kommunal nyordning».

⁵⁵⁰ Tande 1985, s.16.

⁵⁵¹ Prestarkivet, dokument: Brev frå Drangedal lensmannskontor 17. juli 1940.

Sannidal.»⁵⁵² Dette er utfordrande formuleringar, og syner at motstandsfolket i heradstyret kjente seg sterke. Moland blei verande resten av okkupasjonstida, men «ville unngå bråk». ⁵⁵³ Han var ung, født i 1916.⁵⁵⁴

I 1942 blei Mørland avsett som ordførar. Tande trekte seg då, saman med resten av «herredsstinget». Lensmann Moland blei ordførar frå september 1942 og ba seg fritatt i juni 1943, men fortsette likevel. Fylkesmannen oppnemte varaordførar på nyåret 1943. Han fungerte ikkje før i mars 1944. Moland ønska ikkje å vere ordførar, og varaordføraren overtok dei siste månadene. Etter frigjøringa kom det gamle herredstyret tilbake, med Tande som ordførar.⁵⁵⁵

Som i Drangedal så gjorde prestefamilien i Sannidal seg klar til å flytte då presten hadde sagt frå seg den statlige tenesta. Men heller ikkje i Sannidal blei det alvor.⁵⁵⁶ Om kvelden onsdag 15. april 1942, etter embetsnedlegginga og trusseltelegram frå Skancke/Feyling, var det «av-skjedsgudsteneste» i Sannidal kyrkje. Lensmannen var til stades, og Tande refererta at han noterte seg salmar som var «antinasistiske.» Det skjedde ikkje noko meir, og Tande fortsette i tida etter å lese opp brev og sette opp salmar som Landstad 615 (Mektigste Kriste), med strofer som «Demp du vår fiende, driv hans makt tilbake» (v. 2).⁵⁵⁷

Tande har skrive om menighetsbladet og menighetsrådet. Menighetsbladet blei stoppa alt i oktober 1941, eitt år tidligare enn dei andre.⁵⁵⁸ Bladet fortsette illegalt, ei tid i 1943 med namnet «Ukens Nytt» og seinare med overskrifta «Til privat fornøyelse». ⁵⁵⁹ Det gamle menighetsrådet blei avsett i Sannidal som andre stader, men alle som blei oppnemnde til det nye nekta. Ved utgangen av april 1943 skreiv dåverande ordførar, lensmann Moland, til KUD

⁵⁵² Tande 1985, s.17.

⁵⁵³ Tande 1993, s. 13.

⁵⁵⁴ Solberg 2014, s. 157.

⁵⁵⁵ Tande 1985, s.17-19.

⁵⁵⁶ Op.cit., s. 56.

⁵⁵⁷ Tande 1993, s. 12.

⁵⁵⁸ Ibid.

⁵⁵⁹ Tande 1985, s. 48.

at det var nyttelaust. Dermed fortsette det gamle menighetsrådet som før. I tillegg til dei vanlege oppgåvene så samla dei inn til prestelønn.⁵⁶⁰

Tande la i si beretning om krigstida stor vekt på at «Der var i bygda en kompakt motstand mot “den nye tid” [...].»⁵⁶¹ Det kom ein tysk forlegning i Sannidal, og eit kompani hadde ei øving der dei skulle slå tilbake britisk landgang. I øvingsplanen som Tande fekk tak i og sendte vidare, sto det at forsvararane kunne rekne med sabotasjehandlingar og at fienden ville få hjelp frå sivilbefolkinga. «De visste hvor de hadde oss!» kommenterte Tande.⁵⁶² Det var ikkje NS-lag i Sannidal, men Tande fortalte at to ungsommar «lot seg lokke til tjeneste i Regiment Nordland på Østfronten. De kom fra det med livet, og fant seg en plass i arbeidslivet.»⁵⁶³ Dei blei tydeligvis greitt akseptert i etterkrigstida.

Sokneprest Tande hadde studert i Tyskland⁵⁶⁴ og var velorientert om nazismen og den tyske kyrkjekampen. Han blei tidleg motstandsmann, og kretssjef for XU i distriktet Langesund-Risør allereide sommaren 1941.⁵⁶⁵ Som Lande også opplyste gjekk mykje av informasjonen og nødvendig utstyr med Drangedalsbussen (Tørdalsruta).⁵⁶⁶ Sjåførane visste ikkje at det var soknepresten som var sendar eller adressat, sakene gjekk om ein mellomstasjon. Tande fortel at det blei gjømt våpen i sagmuggen på kyrkjeloftet og radioapparat under krybba i stallen.⁵⁶⁷ Han hadde sjølv ein handgranat og ein revolver. Det var likevel ikkje før årsskiftet 1944/45 at Tande blei røpa og måtte gå i dekning. Det var ikkje på grunn av kyrkjekampen, men fordi ein Sverige-flykting blei tatt med «reisetillatelse» som han hadde fått av Tande.⁵⁶⁸ Familien på tre, Tande med kone og 11-årig son, fekk ta inn på ein veglaus gard i nabobygda Gjerstad, mens ryktet blei spreidd at dei var i Sverige. Den nødvendige prestetenesta i

⁵⁶⁰ Tande 1992, s. 12f.

⁵⁶¹ Tande 1985, s. 67.

⁵⁶² Op.cit., s. 38.

⁵⁶³ Op.cit., s. 67.

⁵⁶⁴ Tande 1992, s. 12.

⁵⁶⁵ Østerholt 1991, s. 92.

⁵⁶⁶ Lande 1946. Jf. kap. 6.3.1 «Dokument frå kampen».

⁵⁶⁷ Tande 1985, s. 36.

⁵⁶⁸ Tande 1993, s 12f.

Sannidal tok Kragerø-presten seg av.⁵⁶⁹ «Det var en merkelig sokneprest», uttalte fengselsstyraren i Oslo då Tande i januar 1945 sendte beskjed om at den arresterte Sverige-flyktningen nå kunne «snakke». Tande og familien var trygge.⁵⁷⁰ Presten Tande var nok spesielt aktiv i motstandsarbeidet. Men han var ikkje aleine. Han hadde god kontakt med naboprestane i Kragerø og Drangedal. Soknepresten i Kragerø, Ivar Fougner var kontakt for «Danskehjelpen» (utdeling av matvarer som gavé frå Danmark) frå våren 1944.⁵⁷¹

Den 8. mai 1945 fekk Tande beskjed frå Forsvarets Overkommando om å kontrollere sikringa av NS-folk og NS-materiale i Gjerstad, Risør og Kragerø. Han blei verande ei tid i teneste for XU for å rapportere eventuelle tyske aktivitetar i strid med kapitulasjonen.⁵⁷² Tande fekk tilbake vernet som skulestyreformann etter frigjøringa, og måtte gje beskjed om permittering til den eine læraren (av ni) som ikkje hadde protestert mot Lærarsambandet.⁵⁷³ Tande fortsette som sokneprest til pensjonering i 1970.

8.2 Søndeled- «ingen hjelp i å sende prest til dette distrikt»⁵⁷⁴

Søndeled var eigen kommune og eige prestegjeld til 1963. *Wilhelm Alexander Steffens* var sokneprest i Søndeled og prost i Aust-Nedenes i 1942. Det var to menigheter i prestegjeldet, Indre Søndeled, med Søndeled kyrkje og Ytre Søndeled med Frydental kyrkje. Det var gudsteneste i dei to kyrkjene annankvar søndag. Prestebustaden låg i Ytre Søndeled, nær grensa til Risør. På Indre Søndeled var det sterkt frikyrkje og ein liten pinsemenighet. Det var bedehus i mange av skulekretsane. Søndeled og Risør hadde ein vesentlig større del av innbyggjarane utanfor statskyrkja enn landsgjennomsnittet.⁵⁷⁵

⁵⁶⁹ Tande 1985, s. 58.

⁵⁷⁰ Op.cit., s. 39.

⁵⁷¹ Op.cit., s. 46.

⁵⁷² Op.cit., s. 41f.

⁵⁷³ Op.cit., s. 60.

⁵⁷⁴ Kjeldene til dette delkapitlet er vesentlig frå landssviksakene mot Jac. Haug, og L.D. Zwilgmeyer i Riksarkivet.

⁵⁷⁵ SSB 1950, Folketellingen 1946, annet hefte, s. 21; https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_xi_031.pdf

Det var eit tysk kystfort i Risør, men på Indre Søndeled var det ikkje stasjonert soldatar mens den «lojale» presten var der. Dåverande kyrkjetenar fortalte at tyskarane kom først våren 1944, og beslagla bygningar nær kyrkja: Skulen, kommunelokalet og privathus. Dei hadde gudsteneste med nattverd kvar gong ei avdeling skulle reise, ein gong var det katolsk messe. Det var tysk prest og organist, og kyrkjetenaren fekk råd av sokneprest *Steen Meum* i Risør om at han kunne medverke som vanlig.⁵⁷⁶ Kommunen hadde eit lite NS-lag; lokalavisa oppga 11 namn på NS-medlemmar etter krigen, og 29 i Risør.⁵⁷⁷ Ordføraren var einaste NS-medlem i det Herredstinget som blei oppnemnt i januar 1941.⁵⁷⁸ Lensmann *Kristen Braaten* hadde kontakt med Milorg.⁵⁷⁹ Han var den siste som blei arrestert, 7. mai 1945.⁵⁸⁰

Menighetene fekk søndøling og ordinert prest *Olaf Rolfsen* (37 år) som hjelpeprest for Steffens,⁵⁸¹ og han fortsette etter at Steffens gjekk av, lønna av innsamla midlar. Då dei fleste prestane, mellom anna sokneprest Meum i Risør, sa frå seg embetsdelen og slutta seg til Kirkens Grunn, søkte prost Steffens avskjed, 64 år gammal. Avskjeden blei innvilga av det NS-styrte departementet.

Den 8. november 1942 blei den 58 år gamle pensjonisten⁵⁸² *Jacob Almarinius Kristensen Haug* ordinert til teneste som sokneprest i Søndeled av NS-biskop Lars Frøyland i Oslo. Haug hadde ikkje teologisk utdanning, men handelskule og nokre «misjonskurser».⁵⁸³ Den 7. januar 1943 blei han også konstituert som prost i Aust-Nedenes.⁵⁸⁴ Han hadde vore sekretær i Indremisjonen og i Santalmisjonen, Telemark krets, og assistent på eit prestekontor i Oslo.⁵⁸⁵

⁵⁷⁶ Hannemyr 1995, s. 205.

⁵⁷⁷ Alfsen 2013, s. 24.

⁵⁷⁸ Masdalen 1991, s. 277.

⁵⁷⁹ Alfsen 2013, s. 247.

⁵⁸⁰ Østerholts 1991, s. 97.

⁵⁸¹ Svendsen, 1954, s. 98f.

⁵⁸² Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, dok 69, Rapport om inntekter under okkupasjonen: Invalidepensjon frå Santalmisjonen, 100 kr i månaden.

⁵⁸³ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, dok 22: KUD 28. september 1945 og Øybekk 2001 s. 36.

⁵⁸⁴ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, dok 56, rapport av 22/3-46, Utskrift av Søndeled sokneprest journal, 25. mars 1946.

⁵⁸⁵ Riksarkivet, Landssviksak: L.D. Zwigmeyer, Dok 83: Rettsbok i sak mot J.A.K. Haug.

I 1932 måtte han slutte i Santalmisjonen, ryktet på Søndeled ville ha det til at det var på grunn av underslag.⁵⁸⁶ Under rettsaka blei dette ikkje bekrefta. Haug slutta pga sjukdom, som var årsak til rekneskapsrot. Han hadde hatt ein svulst, som gjorde at han måtte fjerne eit auge.⁵⁸⁷

I august 1943 overtok Haug i tillegg Trefoldighet, hovudmenigheta i Arendal, og året etter Øyestad menighet, der tidligare pinsevenn og vaktmeister *Lars Rabben* i oktober 1944 etter søknad blei forflytta.⁵⁸⁸ Samtidig fortsette Haug med Søndeled-menighetene fram til november 1944. Deretter var det ingen statleg prest i Søndeled. Frå 1. februar til 8. mai 1945 var Haug konstituert domprost i Stavanger. Han var ikkje medlem i NS, men var til stades på NS-møte, både i Risør og i Stavanger, og han gjekk inn for «den nye tids innsats i kirke og mellom folk.»⁵⁸⁹ I følgje *Rikspolisjefens Kjäseterkartotek* bar han NS-merke, og hadde radio. Det var bare tillate for medlemar i NS. Han hadde også gitt 5 kr til Frontkjemperkontoret, kvittert for i Fritt Folk 25. mai 1943.⁵⁹⁰

Rolfsen hadde gudstenester i den kyrkja som Haug ikkje hadde den aktuelle dagen, med godt besøk i motsetning til Haug.⁵⁹¹ Det var sjeldan meir enn 4-5 til stades på gudstenestene til Haug, og oftast bare NS-medlemar.⁵⁹² Dei pårørande ønska Rolfsen til gravferdene, og dette blei det konflikt med Haug om.⁵⁹³ Etter at Haug hadde fått Rolfsen forvist, tok Risør-presten Meum seg av konfirmantane i Søndeled.⁵⁹⁴ Haug klaga til Skien-biskopen over både Rolfsen og soknepresten i Risør, og ønska dei begge ut av distriktet.⁵⁹⁵ Haug vurderte den åndelige tilstanden som «svak», fordi det var «etablert “kirker” i ly av bedehusen(e) i bygda.»⁵⁹⁶

⁵⁸⁶ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, dok 14, rapport frå vitneforklaringer i Risør 17. august 1945. dok 40 og avhørsrapport, Arendal, 28.januar 1946.

⁵⁸⁷ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, dok 18: Brev frå Telemark krets av Santalmisjonen 22. august 1945 og dok 45, brev frå Santalmisjonen, Hovedkontoret 8. februar 1946.

⁵⁸⁸ Hjellset 2011, s. 88f.

⁵⁸⁹ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, sitert i dok 83: Rettsbok i sak mot J.A.K. Haug.

⁵⁹⁰ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, dok 66.

⁵⁹¹ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, dok 14.

⁵⁹² Alfsen 2013, s. 23.

⁵⁹³ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, dok 14.

⁵⁹⁴ Søndeled og Risør Historielag, 2014, foto s. 132.

⁵⁹⁵ Riksarkivet, Landssviksak: L.D. Zwilgmeyer, Dok 83.

⁵⁹⁶ Nasjonalbiblioteket, Jac Haug: Innberetning til Skien biskop 24. mars 1943.

I april 1943 rapporterte Skien Biskop til KUD om «folkefrontens inngrisen i de lovlige pres-ters arbeide»:

Prost Jac. Haug i Søndeled innberetter at pastor Rolfsen tross løfter fra hans side driver prestelig virksomhet i Søndeled i strid med vedtegt og kirkelov. Han vil ikke innordne seg under sogneprestens bestemmelser og volder uorden i menigheten og skaper virvar i kir-kebokførselen. [...] Dessuten blir soknepresten i Risør nevnt som herr Rolfsens medhjel-per.⁵⁹⁷

Konklusjonen var at Rolfsen burde bli forvist «fra Søndeled og til en helt annen kant av lan-det.» Departementet reagerte i brev til Statspolitisjefen 3. mai:

[...] Kirkedepartementet finner at de lojale prester har rett til å fordré beskyttelse slik at de kan utføre sitt kirkelige arbeid i fred for de oppviglere som kirkefrontens ledelse sender inn i menigheten. Departementet må derfor kreve at der utferdiges sikringsbeslutning overfor pastor Rolfsen, for tida Søndeled, og at han sendes til Kirkenes.⁵⁹⁸

Statspolitiet var under tysk kontroll, og reagerte mindre strengt enn Skien-biskopeen og KUD ønska. Rolfsen blei bare utvist frå Aust-Agder fylke.⁵⁹⁹ Han busette seg rett over grensa, i nabologat til fødestaden, og han fortsette å besøke Søndeled.⁶⁰⁰

Av dei breva Haug sendte til Skien-biskop Zwigmeyer kan det sjå ut som om han blei møtt med forakt, ja rett og slett mobba. Prestane i Risør og Søndeled oversåg han, også Steffens, som ei tid blei buande i preste-bustaden saman med Haug.⁶⁰¹ Leiarane for kristenfolket mot-arbeidde og boikotta Haug frå første stund. Han klaga til Skien-biskopen:

[...] Men pastor Rolfsen er bare et redskap i sterkere hender. Bak ham står kjøbmann Hå-versen, O. Wormlid og klokker Kveim, alle tre tidligere ledere av det religiøse arbeide i grenna der, likeså medlemmer av det tidligere menighetsråd. Disse og da i særlig ondartet grad Håversen, som i ly av kirkestyrelsens hensynsfulle og varsomme opptreden driver sitt stygge og ukristelige og målbeviste undergravningsarbeide, med den rene hån av den

⁵⁹⁷ Riksarkivet, Landssviksak:L.D. Zwigmeyer, Dok 11 c.

⁵⁹⁸ Riksarkivet, Landssviksak: L.D. Zwigmeyer, dok 11 m.

⁵⁹⁹ Riksarkivet, Landssviksak,: J.A.K. Haug, dok 15, Sikringsbeslutning 18. mai 1943.

⁶⁰⁰ Svendsen, 1954, s. 99.

⁶⁰¹ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, dok 14, rapport frå vitneforklaringer i Risør 17. august 1945.

myndighet som leder vårt land og vår kirke nu i disse sjebnetunge tider, burde ikke få fortsette.⁶⁰²

Dei tre nemnte personane hadde alle vore medlemmar av heradstyret og budde på Indre Søndeled. *Ludvig Håvorsen* var kyrkjeverje, og dreiv pensjonat, «men var kry av å kunne avvise presten av den nye tid!»⁶⁰³ *Olav Kveim* var formann i menighetsrådet etter at Steffens gjekk av.⁶⁰⁴ Både han og *Olav B. Wormli* var med i leiinga av den lokale indremisjons-foreininga. Lagføraren for det vesle NS-laget i Søndeled, som også var ordførar, prøvde å støtte Haug, men ga opp og ønska «en ny prest til å betjene Søndeled».⁶⁰⁵

I rapporten til KUD for juli 1943 konstaterte Skien Biskop at «[...] Sokneprest Haug i Søndeled har gitt opp og søker seg forflyttet. [...]».⁶⁰⁶ I september takka Haug for forflytting til Arendal,⁶⁰⁷ og L.D. Zwilgmeyer skreiv til departementet: «Det er jo ingen hjelp i å sende prest til dette distrikt foreløpig, da en jo der hittil har klart sig med naboprester. Det var vel ikke rimelig at en ny prest får bedre behandling enn den Jac. Haug har fått. Prestegården kan vel da utleies.»⁶⁰⁸ Rapporten for februar 1944 fortalte at Haug fekk permisjon frå Søndeled då han blei forflytta til Arendal.⁶⁰⁹

Etter at situasjonen for NS-kirken var blitt håplaus i Arendals-distriktet,⁶¹⁰ avslo Haug eit tilbod frå ekspedisjonssjef Feyling om å bli sokneprest i Østre Aker.⁶¹¹ Han blei seinare kalla til Stavanger som domprost, frå 1. februar 1945. Domprost *Kornelius O. Kornelius* var avsett og fengsla i samband med aksjonen mot NMS hausten 1944. Haug likte seg i Stavanger, og

⁶⁰² Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, i dok 1: oversendelsesdelsesomslag, brev til biskopen i Skien 16. april 1943.

⁶⁰³ Nasjonalbiblioteket, innberetning til Skien biskop 24. mars 1943.

⁶⁰⁴ Svendsen 1954, s. 103.

⁶⁰⁵ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, dok 20 i oversendelsesmappe dok 74, brev til biskopen i Skien fra Søndeled Storgruppe, 17. oktober 1944.

⁶⁰⁶ Riksarkivet, Landssviksak: Ludvig Daae Zwilgmeyer, dok 44g.

⁶⁰⁷ Nasjonalbiblioteket, Ms. 4° 3713 C4.

⁶⁰⁸ Nasjonalbiblioteket, Ms. 4° 3713 C4.: Agder 1943 juni-des. 31 bl.28 bl. [1v om Søndeled (Haug)].

⁶⁰⁹ Riksarkivet, Landssviksak: Ludvig Daae Zwilgmeyer, dok 44e.

⁶¹⁰ Riksarkivet, ibid, Dok 11 å.

⁶¹¹ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug: Brev frå KUD, Feyling, Oslo den 24. mai 1944.

følte at han faktisk blei tatt godt i mot i tenesta.⁶¹² Etter dommen fekk han innvilga søknad om å få sone der.⁶¹³ I fengslet hadde han andaktar for dei andre innsette, og fekk godt skotsmål av den gjeninnsette domprosten.⁶¹⁴

Haug var i Arendal byrett 24. september 1946 dømt til to års tvangsarbeid og inndraging av 2500 kr, det han hadde tent etter at «landssvikanordningen» var sett i kraft.⁶¹⁵ Påstanden var 3 år og 1 månad, ingen av partane anka straffa. I «Liste nr. 1» er Haug registrert som NS og angiver,⁶¹⁶ men han blei ikkje dømt for medlemskap eller angiveri. Aktor ga som grunn til å godta dommen at Haug ikkje hadde vore medlem av NS, men det skulle jo i alle fall ha ført til mildare dom. Så tok aktor hensyn til motiva, som han framstiller som nokså menneskelige: «dels for å skaffe seg mat og antagelig dels fordi han syntes det var en stor stilling.»⁶¹⁷ Aktor la også vekt på at Haug angra «alvorlig over sin opptreden». Haug slapp ut på prøve 11. desember 1947, etter å ha sona 197 dagar, i tillegg til varetekts 322 dagar blei det soning i eitt år og fem månader.⁶¹⁸ Han blei buande i Stavanger, der han døde i 1957.

I august 1944 hadde biskop Maroni bestemt ordninga i distriktet etter krigen. Det skulle kons tituerast sokneprest i Søndeled, og embetet bli lyst ledig. Den tidligare soknepresten i Sønde led og prost i prostiet «der ikke sluttet seg til kirkefronten men søkte avskjed av revolutions styret»⁶¹⁹ fekk ikkje att embeta, men han skulle få reglementert avskjed. Rolfsen blei konsti tuert sokneprest i Søndeled.⁶²⁰ Han blei seinare hjelpeprest i Eidanger, med teneste på Herøya. Rolfsen døde av tuberkulose⁶²¹ i 1950, 45 år gammal.⁶²²

⁶¹² Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, dok 11, avhørsprotokoll, Stavanger politi, sak, nr 278.

⁶¹³ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, i oversendelsesomslag dok 1a, Justis- og politidepartementet 19.mai 1947.

⁶¹⁴ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, dok 44, vitneforklaring K.O. Cornelius, Stavanger 31. januar 1946.

⁶¹⁵ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, dok 76, Rettsbok.

⁶¹⁶ Solberg, 2014, s. 256.

⁶¹⁷ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, oversendelsesomslag (2), aktor 28. september 1946, sak nr 278.

⁶¹⁸ Riksarkivet, Landssviksak: J.A.K. Haug, oversendelsesomslag (1), Rogaland Samlefengsel sak, nr 278.

⁶¹⁹ Nasjonalbiblioteket, Ms. 4° 3713 C4, Maroni 9. august 1944.

⁶²⁰ Jakobsen et al. 1977, s. 484

⁶²¹ Opplyst av slektning til naboen.

⁶²² Svendsen 1954, s. 99.

I 1944 var éin prest forvist frå Søndeled og den andre hadde søkt seg bort. Så var det «stille» resten av krigen; nabopresten Meum tok seg av det nødvendige. Rolfsen kom att etter frigjøringa, men ikkje Steffens. Søndeled fekk ein heilt annan sokneprest frå 1947, sjømannsprest *Kaare Helle*.⁶²³

⁶²³ Svendsen 1954, s. 100.

9. Oppsummering og konklusjonar

Forløpet av kyrkjekampen i Drangedal, Sannidal og Søndeled var ein del av forløpet til kyrkjekampen på nasjonalt plan og ein del av motstandskampen i det heile. Kyrkjekampen omfatta i grunnen heile samfunnet. Dei aller fleste var medlemmer i kyrkja, og prestane hadde ein sentral posisjon og viktige rollar i bygda. Bakgrunnen i den nasjonale kampen og bildet i den lokale kampen har komme fram gjennom dei dokumenta som blei tatt vare på i Prestearkivet i Drangedal, og dramatikken våren 1942 blei i tillegg beskrive av aktørane, i notat, bøker og rettsreferat. Kampen var i liten grad fysisk, ei forvisning i Søndeled, nokre utskjellinger i Drangedal og Sannidal var alt. Men som potensiell trussel, om forvisning, angiveri og arrestasjon låg det heile tida eit drama under. Etterverknaden blei lite synleg, men den var der, som ein kapital av fellesskap mellom kyrkje og folk. Det var ein fellesskap som bygde på kulturell og åndelig arv, bevart og styrka i striden. Det var det motsette av den tvang og einsretting, som NS-visjonen om «nasjonalkirke» i og under den totalitære staten ville ha betydd.

9.1 *Kyrkjekampen, både teologi og politikk*

I den personlege erklæringa i kyrkja den første søndagen etter frigjøringa (Jf. kapittel 6.7.1) viser Lande til gjenopprettning av fridom og rettssamfunn som målet for motstanden under okkupasjonen. Det kan sjå ut som om dette er «politiske» og ikkje «teologiske» argument. At kyrkjekampen blei legitimert med nedarva, allmenne norske verdiar kan samsvare med grunnane for den breie støtta motstandskyrkja og dei protesterande prestane fekk i det norske folket. Spørsmålet om saksgangen i retningsliner for orgelspel ville neppe ha fungert like folkeleg som motstandsmarkering. Den saka tente til å «markere revir» for den episkopale kyrkjeleiinga i forhold til NS-administrasjonen.

Men det var heilt nødvendig for DMK og dei protesterande prestane å argumentere teologisk i den vidare kampen. Etter 25. september 1940 var NS einaste tillatne parti, slik som Tyskland hadde eitt einaste tillate parti frå 1933. Dermed ville alle former for politisk opposisjon blitt dømt som ulovleg. Litt forenkla kunne ein seie at mens NS-kyrkja og dei som aksepterte «den nye tid» hadde det teologiske grunnlaget frå Rom 13, 1a: «Kvar mann vere lydig mot dei styremaktene han hev yver seg! » så la Berggrav og motstandskyrkja vekt på Rom 13,3a: «For

dei som styrer, er ikkje til redsla for den gode gjerningi, men for den vonde.» Når styremakta sto for «det vonde» var motstand av «det gode».

Det vonde var krigen, den fekk tyskarane skulda for. NS personifiserte på ein måte både krigsen og undertrykkinga. Dei var reiskap for okkupanten og fordrivar av fridom og demokrati. I krigstida framsto dett som umistelige verdiar. Motstandskampen blei ein kamp for å vinne dei att. Å støtte kyrkjekampen kunne for dei fleste vere nokså risikofritt, det var å gje pengar til prestelønn, eller rett og slett å gå i kyrkja.

Feyling og NS hevda heile tida at motstanden var politisk. Det synet blei halde fast i heile etterkrigstida. Den sentrale NS-leiaren *Finn Thrana* skreiv i sin apologi: «Når striden ble reist fra Berggravs side var det klart på rent politisk grunnlag.»⁶²⁴ NS-prosten som prøvde å overta Bamble prosti utfordra Lande: « [...] skal det fra kirkens side drives gammel liberalistisk partipolitikk [...].»⁶²⁵ Lande svara kort: «De skynar (ikkje) noko av den åndelege kamp det her gjeld.»⁶²⁶ Kampen for fridom og rettsamfunn var for Lande ein åndelig kamp.

Etter kristen tru har historia eit «eskatologisk sluttspunkt», og krigstida blei av nokre oppfatta som «endetida», pga. dei ytre hendingane. Perioden med krig og kyrkjekamp var alvorlig og banebrytande, men som etertida viste: Det blei ikkje eit sluttspunkt i historieløpet. Det kan då vere eit spørsmål om kyrkjekampen blei ein viktig etappe eller ein episode undervegs. Skjedde det varige endringar lokalt og på riksplan som følgje av krigen og kyrkjekampen?

9.2 Samanhengar

Etter fredsrusen sommaren 1945, ønska folk seg tilbake til normale tider. Det betydde trygghet, mat og arbeid. Det blei velstandsauke og nok av varer etter kvart. Bustadmangelen var det som sat i lengst. Vonde minne blei trengt tilbake. Dei aller fleste falne i distriktet var sjøfolk. Dei blei sakna av sine, men hadde elles vore ute av bygda frå før krigen. Dei dømte sona

⁶²⁴ Thrana 2001, s. 179.

⁶²⁵ Nasjonalbiblioteket, Ms. 4° 3713 B2: Løken, 16. april 1943.

⁶²⁶ Nasjonalbiblioteket, Ms. 4° 3713 B2: Lande, 20. april 1943.

sine straffer, som snart blei redusert. Etter ti år fekk tidligare NS-folk på nytt tillit, og kunne få verv i kommunestyre og organisasjoner.

9.2.1 Kyrkjekampen i perspektiv

Kyrkjekampen blei dramatisk våren 1942, og i løpet av det året kom dei aller fleste aktørane på plass. Kyrkjeleiarane sentralt var godt førebudde, og kunne bare vente på situasjonar som løyste ut konfrontasjonen i full breidde. Dei starta med formelle forhold: «Kirkens Orden» og avsettinga av domprost Fjellbu. Så kom det ei dreiling til det som rørte ved folket: Ungdomstenesta og Lærarsambandet.

Motstandskyrkja var avhengig av brei sympati og støtte, og ikkje bare frå dei kyrkjeaktive. I den samanhengen var to faktorar avgjørande viktig: Oppslutning frå eit overveldande fleirtal av prestane og finansiering av lønn til motstandsprestane. Det første blei klart i påskedagane 1942. Hyrdebrevaksjonane hadde vist at oppslutninga var der. Finansieringa kom i orden etter få månader, og ein greidde å få til økonomien i dei tre neste åra. Inga anna yrkesgruppe enn prestane organiserte landsomfattande motstand, og det var ingen tilsvarande organisasjoner som Den norske kyrkja med samla strategisk og økonomisk leiing på riksplan. Dette var lagt til rette, gjennom Berggrav si styrking av Bispemøtet som styrande organ før okkupasjonen⁶²⁷ og førebudd ved hans samling av kristenfolket, innafor og utafor Den norske kyrkja etter okkupasjonen.

NS-styret hadde nok tenkt seg ein heilt annan strid enn den som kom. Det ligger nær å tru at dei ville satse på den «salami-taktikken» som hadde lukkast i Nazi-Tyskland: Få «lojale» prestar inn i leiarposisjonar etter kvart, og satse på at den lutherske tradisjonen med å lyde øvrigheitene ville halde dei fleste andre på plass. KUD var ikkje førebudd på den aksjonen som kom, og skjønte kanskje ikkje den trusselen som låg i brevet til Maria Bodskapsdag 1942,⁶²⁸ eller NS-leiinga tenkte at det bare blei dei mest aktive som ville aksjonere.

⁶²⁷ Jf. Norseth 2012: «En sentral, overordnet statsmakt kan strukturelt sett bare møtes av en sentral, overordnet kirkemakt, episkopatet.»

⁶²⁸ Jf. kap. 6.3.1 «Dokument frå kampen».

9.2.2 Lokale forløp

Kyrkjekampen på lokalplanet kom ulikt ut; viktige variablar var soknepresten og NS-organisasjonen. Både i Drangedal og Sannidal var sokneprestane tradisjonelt sentrale personar. Lande i Drangedal og særleg Tande i Sannidal hadde ei sterk stilling. Dei var kjent av alle og kjente bygda godt. Lande var med i mykje kristeleg foreningsarbeid og kona var frå Drangedal (Kroken). Tande var ordførar, og i 1942 hadde han vore sokneprest i Sannidal i tolv år. Presten var den einaste kongelege embetsmannen i bygda, og prestegarden var ein sentral gard, i Drangedal med mange hundreår som storgard. At begge sokneprestane hadde ungar i skulealder ga dei kontaktar og innsyn i skulekampen. Presten var sjølvskriven medlem i skulestyret, og ofte formann. Når soknepresten sa frå seg statsemabetet og fortsette som *pastor* = «hyrding» så blei det allment kjent og gjorde nok inntrykk.

At Steffens i Søndeled trekte seg då kyrkjekampen kom virka trulig negativt. Han hadde vore sokneprest i bygda i 17 år, og som prost var det ei tyngde som blei borte då han søkte avskjed. Motstandspresten Rolfsen var frå Søndeled og ung, mens «den lojale» Haug var ukjent og litt oppe i åra. Av dei tre kommunane var det bare Drangedal som hadde NS-lag med ein viss styrke, men Gaarder sin person og hans handlingar, og uro i laget etter at han reiste, tok nok bort kampkraft og -vilje.

Kyrkjekampen i *Søndeled* står som den mest omfattande. Den intense perioden varte over eitt år, frå Haug kom i november 1942 til han reiste i januar 1944. I *Drangedal* var konfrontasjonen med lensmannen over då han reiste i mars 1942, men så seint som i april 1943 blei Lande avsett som prost av departementet og truga med utflytting frå prestegarden. Deretter var det bare sporadiske episodar med lokale NS-folk. I *Sannidal* var kampen ulik, motstandskyrkja var massiv, og NS kunne bare prøve seg frå sidelinja, ved kretsførar og fylkesførar. Lensmannen var tilbakehalden. Utan NS i bygda blei det bare ord, frå NS kretsførar og styremakta på fylkesplan i Skien: Biskop, fylkesførar og fylkesmann, og dei sette ikkje makt bak orda. Soknepresten var motstandsmann på brei basis.

Hovudantagonistane i Drangedal var soknepresten og lensmannen, også Gaarders ettermann var NS, sjølv om han ikkje var så nidkjær. Så var det fare for angiveri, med eit aktivt NS-lag. Dersom Gaarder hadde blitt verande i Drangedal er det ikkje godt å seie korleis det hadde gått med prestane der. I Søndeled sto han dei oppfatta som NS-prest mot praktisk talt heile bygda. NS-laget var veikt og lensmannen var motstandsmann.

9.2.3 Etterverknad

Når det nå har gått meir enn to generasjonar ser ein ei bølgje av interesse for krigstida, på film, fjernsyn og ikkje minst i litteraturen, dokumentar og romanar. Kvart år kjem det mange bøker med nye fakta og teoriar om krigen, og lokalhistoriske årbøker drar stadig fram nytt stoff.

Det kom ikkje store endringar som kan knytast til kyrkjekampen. Det blei rettsoppgjør, gjenoppbygging, tryggheit og velstand. Kyrkja var god å ha dei store dagane i livet, kyrkja og prestane hadde stor tillit etter krigen, men etter den første frigjøringsrusen ønska nok dei fleste å vende tilbake til førkrigssituasjonen i sivilsamfunnet. Tendensane i kyrkje- og kristenlivet i etterkrigstida er prega av den allmenne samfunnsutviklinga. Aldring og sekularisering har hatt sin verknad. Sentralisering og nye kommunikasjonar har tatt bort grunnlaget for mange bedehus og lokale foreiningar, i Drangedal som i andre bygder.

I krigsåra var nok kyrkjebakken også i stor grad ein møteplass, der ein kunne få høre nytt. Så var det styrkande å vere med i eit fellesskap, i motstand mot NS og okkupantane. Hyrdebreva og meldingar frå DMK ga både informasjon og ei kjensle av å vere med. Boikotten av NS-prestane sine gudstenester var ein del av «isfronten» i krigstida. Ein skulle ikkje ha kontakt med NS-folk eller tyskarar. Dans, idrett og andre offentlege sekulære arrangement var ulovlige eller skulle boikottast, så særlig basarar og festar på bedehusa fekk stor oppslutning. Det kristne barne- og ungdomsarbeidet var nær dei einaste aktuelle aktivitetane for barn og unge. Kyrkje- og organisasjonsleiarar tolka nok den auka deltakinga for optimistisk. Framgangen blei ikkje varig. Då situasjonen blei normal, med idrett og kino og dansefestar, så blei dei som mest hadde vore «gjester» borte. Nokre var komme med og blei verande, men det var ingen stor og varig framgang.

Etter krigen var det styrka grunnlag for samarbeid på tvers av kyrkjesamfunna, både lokalt og nasjonalt. Også frikyrkjefolk hadde vore med og gitt til presteløn,⁶²⁹ og det var vanskeligare å bruke harde ord om andre sin måte å tru på etter det fellesskapet som hadde vore. Både Lande og Tande skreiv etter krigen om godt forhold til frimenigheter.⁶³⁰ Medlemmaukene i frikyrkjene

⁶²⁹ Tande 1992, s. 12.

⁶³⁰ Lande 1950, s 111, Tande 1972, s. 57.

fortsette ikkje etter krigen.⁶³¹ I 1960 var det omtrent like mange personar utafor Den norske kyrkja i Drangedal som i 1946.⁶³² I Søndeled hadde talet gått ned.⁶³³ Sannidal var ikkje lenger eigen kommune i 1960. Strukturen i kristenlivet i dei tre tidlegare prestegjelda var nokolunde lik, med ei ytre tredeling i kyrkjemenighet, bedehusforsamlingar og frikyrkjer. Dette mønsteret finst ennå, med nokre endringar. Det kan sjå ut til at bedehusforsamlingane har blitt mest svekka i Søndeled og minst i Sannidal. Også frikyrkjene har gått tilbake i Søndeled.

Medlemsprosenten for Den norske kyrkja er høgare i Drangedal kommune enn landsgjenomsnittet, 85,7 mot 74,9 i 2013. For Telemark fylke var prosenten 75,7. Sannidal og Søndeled er nå ein del av samanslätte kommunar, med byane Kragerø og Risør, og prosenttalet der er nær landsgjennomsnittet: 76,7 i Kragerø, 74,9 i Risør.⁶³⁴ Det har gått 70 år, og innvandring og kulturelle forhold gjør samanheng med kjørkekampen usikker. Det finst likevel samanfall i forhold til kyrkjekamp-tida: Sokneprestane frå før krigen fungerte heile krigstida og lenge etterpå i Sannidal og Drangedal, mens Søndeled hadde skifte, boikott og til slutt ingen prest. Det kan ha gjort kyrkja mest stabil i Sannidal og mest ustabil i Søndeled.

Det er vanskelig å seie om den relativt sterke stillinga til Den norske kyrkja i landet vårt skuldast kyrkjekampen, men den hadde «et betydelig aktivum i den nye kirkebevissthet, som var ved krigstidens erfaringer [...].»⁶³⁵ Tankegangen om einskap mellom det norske folket og den norske kyrkja i krisetid finner ein att i markeringa av grunnlovsjubileet i 2014. Svaret på spørsmålet: *Kven er det norske folket?* var då: Dei som er samla om Den norske kyrkja.⁶³⁶

Kontrafaktisk kunne ein spørje: Korleis hadde det blitt om ein ikkje hadde tatt kyrkjekampen, eller om ein hadde «apt» den? Eit svar kan ein kanskje finne i gamle lutherske land, som var under totalitært styre i meir enn ein generasjon. I Estland og det tidligare DDR er det nå bare rundt 20 % som reknar seg som lutheranarar/evangeliske kristne.⁶³⁷

⁶³¹ Den Evangelisk Lutherske Frikirke, Drangedal 2000, s. 32.

⁶³² SSB, http://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1960/kh_1960_0817.pdf

⁶³³ SSB, http://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1960/kh_1960_0913.pdf

⁶³⁴ <https://www.ssb.no/statistikkbanken>SelectVarVal/saveselections.asp>

⁶³⁵ Wisløff 1971, s. 498.

⁶³⁶ Jf. Dahl 2014: «Det norske folket var identisk med kirkefolket».

⁶³⁷ https://snl.no/Religion_i_Estland; <http://www.tysklandguide.com/BRD/Realia/religion.htm>

10. Personar

Etter *Norsk Krigsleksikon*, *Sleksregister for Drangedal*, *Store norske leksikon* 3. utg. og andre kjelder, bl.a. <http://no.wikipedia.org/>; www.geni.com/people/; www.telemarksportalen.no

Berggrav, Eivind (1884-1959) biskop i Hålogaland 1929, Oslo 1937-1950, leiar DMK.

Bustrak, John K. (1887-1969) Lensmann før og etter krigen, med i leiinga av Sivorg, med i Milorg og XU.

Dibelius, Otto (1880-1967) tysk nazi-motstandar, biskop i Berlin 1925-33 og 1945-1950.

Feyling, Sigmund (1895-1980) NS-ekspedisjonssjef i KUD 1941-1945.

Finneid, Per (1893-1978) formann Drangedal menighetsråd 1937-1945.

Gaarder, Alf Georg Wiig (1894-1969) NS-lensmann i Drangedal 1941-42.

Hansteen, Christian Fredrik Scheel (1895-1984) sokneprest i Herefoss 1929-1942.

Haug, Jacob Almarinius Kristensen (1884-1957) NS-prest/prost bl.a.i Søndeled 1942-1945.

Høimyr, Nils (1891-1966) sokneprest i Bamble 1935-1951, kontakt for DMK og innsamling til prestelønn.

Ingolstad, Birger (1902-1997) Hjelpeprest i Drangedal 1939-1947.

Kjendsheim, Olav (1915-1996) hirdmann, Drangedal.

Kloster, Lauritz (1900-1964) kommuneingeniør, leiar for Sivorg i Drangedal.

Kråkenes, Svein (1884-1979) lærar, formann Tørdal sokneråd 1937-1949.

Lande, Aasulv (1893-1963) sokneprest i Drangedal 1934-1963 og prost i Bamble prosti frå 1937.

Maroni, James (1873-1957) biskop i Agder 1930-1947.

Meum, Steen (1899-1978) sokneprest i Risør 1934-1947.

Møystad, Oliver (1892-1956) NS-hirdsjef 1942-1944, politigeneral og sjef for Sikkerhetspoliti 1941-1943.

Niemöller, Martin (1992-1984) tysk nazi-motstandar, biskop i Hessen-Nassau 1947-1964.

Pallesen-Mustikay, Birger Magnus (1893-1977) distriktslege, NS-lagfører i Drangdal.

Rolfsen, Olaf (1905-1950) hjelpeprest i Aust-Nedenes prosti 1941, motstandsprest i Søndeled 1942-1943, konstituert sokneprest i Søndeled 1945-1946.

Skancke, Ragnar (1890-1948) NS-statsråd/Kirke- og Undervisningsminister 1940-1945.

Steffens, Wilhelm Alexander (1878-1968) Sokneprest i Søndeled 1925-1942, prost i Aust-Nedenes frå 1934.

Tande, Torkel Arnold (1901-2000) Sokneprest i Sannidal 1930-1970, prost i Bamble prosti frå 1963, ordførar 1938-1941 og 1945, stortingsrepresentant 1954-1969, kontakt for XU i Kragerø-Risør-distriktet.

Terboven, Josef (1898-1945) Reichskommissar, Hitlers representant i Norge 1940-1945.

Zwigmeyer, Ludvig Daae (1886-1969) NS-biskop i Skien 1942–1945.

11. Litteratur og kjelder

11.1 Trykt litteratur

Aftenposten (1948): <http://www.aftenposten.no/digital/>

Alfsen, Ole Jørn (2013): *Krigens lokale helter – og noen skjebner fra krigsåra 1940-1945 Risør-Gjerstad-Tvedstrand-Vegårshei*, Risør.

Austad, Torleiv (1974): *Kirkens Grunn. Analyse av en kirkelig bekjennelse fra okkupasjonstiden 1940-45*, Luther forlag, Oslo.

Austad, Torleiv (1982): «Fra statskirke til selvadministrert folkekirke Den norske kirke under krigen» s. 342-352 i Stein Uglevik Larsen og Ingun Montgomery (red), *Kirken, krisen og krigen*, Universitetsforlaget, Bergen.

Austad, Torleiv (2005): *Kirkelig motstand. Dokumenter fra den norske kirkekamp under okkupasjonen 1940-45, med innledninger og kommentarer*, Høyskoleforlaget, Kristiansand.

Berg, Arne Julsrød, red. (2013) *Også vi når det blir krevet Motstandsbevegelsen på Østre Toten og Kolbu 1940-1945*, Mjøsmuseet årbok 2013.

Berg, Pål A. (1999): *Kirke i krig. Den norske kirke under 2. verdenskrig*, Genesis.

Bergane, Jon Helge (1984): «Bakgrunnen for den kommunaløkonomiske krisa i Drangedal i mellomkrigstida», s. 9-27 i *Det var ein gong – minner frå Drangedal Hefte 7*, Drangedal Historielag, 1984.

Bergane, Jon Helge (1985): «Den kommunaløkonomiske krisa i Drangedal 1927-34», s. 9-39 i *Det var ein gong – minner frå Drangedal Hefte 8*, Drangedal Historielag.

Bergane, Jon Helge (1986): «Drangedal kommunes gjeldsordning», s. 9-31 i *Det var ein gong – minner frå Drangedal Hefte 9*, Drangedal Historielag.

Berggrav, Eivind (1933) «Det tyske hasardspill – og kirken» s. 415-434 i *Kirke og Kultur* 1933.

Birkenes, Jon (1982): *Milorg I D 17 (Nedre Telemark) 1940-45*, Skien.

Christensen, Terje (1978): *Gjerpen bygds historie Bind II*, Skien kommune.

Christie, H.C. (1945): *Den norske kirke i kamp*, Land og Kirke.

Christophersen, Egil (1995) «Hope, Ludvig» i Dahl, Hans Fredrik et al. *Norsk Krigsleksikon 1940-45*, Cappelen.

Dahl, Hans Fredrik (1992): *Vidkun Quisling, en fører for fall*, Aschehoug.

Dahl, Hans Fredrik m.fl. (1995): *Norsk Krigsleksikon 1940-45*, Cappelen.

Dahl, Hans Fredrik, Bernt Hagtvedt og Guri Hjeltnes (2009): *Den norske nasjonalsosialismen, 2. utg.* Pax.

Den Evangelisk Lutherske Frikirke (2000): *Drangedal og Tørdal Menighet 1900-2000 Jubileumsskrift*.

Drangedal Historielag (1993) *Det var ein gong – minner fra Drangedal Bok 16*.

Drangedal Historielag (1995) *Det var ein gong – minner fra Drangedal Bok 18*.

Drangedal og Tørdal menighetsblad (1935-52).

Ellingsen, Dag (1995), «Tyskertøsene» i Dahl, Hans Fredrik et al. *Norsk Krigsleksikon 1940-45*, Cappelen.

Feyling, Sigmund (1935) *Konfirmant-samværet*, Lutherstiftelsens forlag.

Hannemyr, Audun (1995): «Intervju med John Hasåsmyr» s. 203-206, i *Årsskrift 1995, nr. 20*, Søndeled og Risør historielag.

Hansson, Kristian (1945): *Stat og kirke Fredstider og kampår i Norge*, Bergen.

Helaseppä, Minnamari, (2004): avhandlinga *Die Lutherische Bekenntnisgemeinschaft und der Kampf um die Thüringer evangelische Kirche 1933/34-1939* av (Schriften der Luther-Agricola-Gesellschaft 58, Helsinki.

Hjellset (2011): Hjellset, Jan Erik: *Kirkekampen i Øyestad*, mastergradsavhandling RLE, MF Våren 2011.

Holte, Bjørn Edvin: *Slektsregister for Drangedal*, bind 2-5, 1998-2003.

Høimyr, Simon (2013): «Barndom i Bamble» i *Årsskrift, Bamble historielag*.

Jaklin, Asbjørn (2011): *De dødsdømte*, Gyldendal.

Jakobsen, Knut og Olav Stiansen (1977): *Søndeled slektshistorie, Søndeled IV* Søndeled historielag, Risør.

Kjelstadli, Knut (1999): *Fortida er ikke hva den en gang var*, Universitetsforlaget.

Kullereud, Erik og Per Voksø (1980): *I trekantens tegn. Norges kristelige ungdomsbund gjennom hundre år*, Triangelforlaget.

Kullerud, Dag (1987): *Ole Hallesby. Mannen som ville kristne Norge*, Gyldendal.

Lande, Aasulv (1950): *Kyrkje og kristenliv i Drangedal soknekall*, Porsgrunn.

Lande, Aasulv (1959): *Tørdal kyrkje 150 år*, Skien.

Landstad, Magnus Brostrup (1884): *Kirkosalmebog*, Stavanger.

Lange, Even (1998): «Et folk i krig og fred», *Aschehougs Norges historie, bind 11*, Aschehoug.

Luthersk Kirketidende (1933) Lutherstiftelsens bokhandel.

Luthersk Kirketidende (1934) Lutherstiftelsens bokhandel.

Masdalen, Kjell-Olav (1991): *Agders historie 1920-1945*, Agder Historielag.

Melsom, Odd (1975): *På nasjonal uriaspost*, Institutt for Norsk Okkupasjonshistorie, Oslo.

Midtbø, Bodil Signe (2013): «Barneminner fra 1940-åra», s. 18-27 i *Det var ein gong – minner fra Drangedal 36*, Drangedal Historielag.

Müller, Helmut M. (red. 2002) *Deutsche Geschichte in Schlaglichtern*, Brockhaus, Leipzig. Mannheim.

Nordby, Guro (2005): *Drangedal 1900-2000*, Drangedal kommune.

Norrmann, Ragnar (1998) *Qusilingkyrkan*, Norma Bokförlag, Skellefteå.

Næs, Helge (1984): *Hovedtrekk ved den sivile motstandsbevegelse i Telemark under okupasjonen 1940-45*, Hovedoppgave i historie, UiO.

Nøkleby, Berit (1995) «Weserübung» i Hans Fredrik Dahl et al. *Norsk Krigsleksikon 1940-45*, Cappelen.

Naas, Per, red. (1995): *Drangedal Elverk 75 år*, Drangedal Elverk.

Naas, Per (2000): *Drangedal kjørke 225 år*, Drangedal menighetsråd.

Oftestad, Bernt T. (1984): «Die Voraussetzungen des norwegischen Kirchenkampfes s. 9-22. i *Die Öffentliche Verantwortung der Evangelisch-lutherischen Kirche in einer Bekennnissituation*, Veröffentlichungen der Luther-Akademie e. V. Ratzburg Band 7, Martin-Luther-Verlag, Erlangen.

Oftestad, Bernt T. (1997): «Landssvikoppgjøret med prestene i Den norske kirke», i *Tidsskrift for Kirke Religion Samfunn*, hefte 1.

Oftestad, Bernt T. (1998): *Den norske statsreligionen – fra øvrighetskirke til demokratisk statskirke*, Høyskoleforlaget, Kristiansand.

Oftestad, Bernt T. (2005), «Kirken i det nye Norge» s. 180-312 i Oftestad, Bernt T., Tårald Rasmussen og Jan Schumacher: *Norsk kirkehistorie*, Universitetsforlaget 3. utg.

Pedersen, Terje Andreas (2012): *Vi kalte dem tyskertøser*, Scandinavian Academic Press.

Prester i den norske kirke og andre teologiske kandidater, 7.utgave, Land og Kirke, 1972.

Rasmussen, Tarald (1980) «Luther og politikken» i *Martin Luther Verker i utvalg, bind III*, s. 7-39, Gyldendal.

Sannes, Olav (1924): *Drangedal med Tørdal*.

Schübeler, Ludwig (1945): *Kirkekampen slik jeg så den*, Lutherstiftelsen.

Solberg, Finn Jørgen, utg. (2014): *Liste nr 1 Over mistenkte for grovere arter av lands- svik, mai 1945*, Vega forlag.

SSB 1932: *Folketellingen i Norge 1. desember 1930*, annet hefte, Statistisk Sentralbyrå 1934; http://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_viii_192.pdf

SSB 1934: *Stortingsvalget 1933*, Statistisk Sentralbyrå 1934; https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_ix_026.pdf

SSB 1937: *Stortingsvalget 1936*, Statistisk Sentralbyrå 1937; https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_ix_107.pdf

SSB 1947: Stortingsvalget 1945, NORGES OFFISIELLE STATISTIKK X. 132. Oslo 1947; https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_x_132.pdf

SSB 1950: *Folketellingen i Norge 3. desember 1946*, Statistisk Sentralbyrå 1950; https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_xi_041.pdf

SSB 1954: Statistikk over landssvik, *Norges offisielle statistikk XI 179, Statistikk over landssvik 1940-1945*, Statistisk Sentralbyrå 1954, https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_xi_179.pdf

Store norske leksikon (1995-1998): *Aschehoug og Gyldendaks Store norske leksikon* 3. utg, bind 1-15, Kunnskapsforlaget.

Straume, Dag (1995) «Nasjonal Samling i Drangedal», s. 46-49 i *Det var ein gong - Minner frå Drangedal bok 18*.

Støylen, Kaare (1984): *Vår kirke i sør*, Agder Bispedømmeråd.

Svendsen, Christian (1954): *Søndeled 1, II Kirkene*, Søndeled historielag, Risør.

Sætre, Nils J. (1993): «Ei dramatisk krigshending» s. 122-127 i *Det var ein gong -Minner frå Drangedal 16*.

Søndeled og Risør historielag: *Årsskrift 1991*.

Søndeled og Risør historielag: *Årsskrift 1995*.

Søndeled og Risør Historielag, Årbok 2014.

Sørensen, Øystein (1995): «Skancke, Ragnar», s. 391f. i Hans Fredrik Dahl et al. *Norsk Krigsleksikon 1940-45*, Cappelen.

Tande, Torkel m.fl. (1972): *Sannidal kirke og menighet gjennom 200 år*, Sannidal menighetsråd.

Tande, Torkel red. (1985) *Sannidal i krigsårene 1940 til 1945*, Sannidal historielag.

Tande, Torkel (1992): «Sannidal Menighet i krigsåra 1940-45», s.12f. i *Arven nr. 37, meldingsblad for Sannidal historielag*.

Tande, Torkel (1993): «Sannidal Menighet i krigsåra 1940-45», s.12f. i *Arven nr. 38, meldingsblad for Sannidal historielag*.

Tande, Torkel (1995): «Etterretningsorganisasjonen XU» s. 78-80 i *Det var ein gong - Minner frå Drangedal bok 18*.

Teigen, Berit (2010): «Min Historie», s. 36-56 i *Det var ein gong, Drangedal historielag Bok 33*.

Thrana, Finn (2001): *Vi ville et land som var frelst og fritt*, Historisk forlag.

Torgersen, Harald B. (2011): *Ole Johan Berntsen Kvasnes. Mannen som ble NS-biskop i Stavanger*, Spesialavhandling i kirkehistorie MF, H 2011.

Tørnes, Helge Arvid (2012): «Med ved som drivstoff», s. 67-72, i *Det var ein gong – Minner frå Drangedal 33*.

Tørnes, Simen (1998), «Bygdefolkets krisehjelp i Drangedal», s. 115-127 i *Det var ein gong - Minner frå Drangedal*, 21.

Veum, Eirik (2013): *Nådeløse nordmenn Hirden 1933-1945*, Kagge Forlag.

Vevstad, Andreas, red. (1998) *Gjerstad kjørke 150 år*, Gjerstad menighetsråd.

Vogsland, Olav, red. (1993) *Det var ein gong - Minner frå Drangedal bok 16*.

Vogsland, Olav, red. (1995) *Det var ein gong - Minner frå Drangedal bok 18*.

Vrålstad, Jon Magne (1983) «Guds menighet og dens virksomhet i Tørdal», s. 29-46 i *Det var ein gong - Minner frå Drangedal bok 6*, Drangedal Historielag.

Wisløff, Carl Fredrik (1971): *Norsk kirkehistorie III*, Lutherstiftelsen.

Østerholt, Anders P. 1991: «Minner fra krigen og frigjøringen 1945», s. 84-114 i *Årsskrift 1991 nr 16*, Søndeled og Risør historielag.

Øybekk, Bjørnar Johnsen (2001): *Andreas Frøyland En biografisk undersøkelse av mannen som ble NS-biskop i Oslo, med særlig vekt på okkupasjonsårene*. Avhandling i kirkehistorie ved det Teologiske Menighetsfakultet.

Aagedal, Olav (1983): «Tro, tanke, form» i *Det moderne Norge 4* Gyldendal.

11.2 Arkiv og utrykte kjelder

11.2.1 Arkiv

Nasjonalbiblioteket

Lande, Aasolv (1946), i Nasjonalbiblioteket: Ms. 4° 3713 B2 [Lande, Aasolv T.] Drangedal Bamble, Agder 2: Opplysningar som svar på spørsmålskjema fra kyrkjekampens Sentralarkiv av 8 jan 1946, ved prost. A.T. Lande.

Maroni, James (1944) Nasjonalbiblioteket, Ms. 4° 3713 C4, Agder 1944 jan.-mai, Maroni 9. august 1944.

Norsk hjemmefrontmuseum

Kloster, Lauritz (1945): HHI 506, Rapport nr 28: Raport fra H.F, i Drangedal, Sivilorg., L. Kloster, 7. august 1945. (Avskrift i *Prestearkivet, Drangedal 2014*.)

HHI 177. Bredo Henriksen. Sivorg i Telemark Serie F – Krigstidsdokumenter.

Prestearkivet 2014 (deponert)

Bustrak 1945: Bustrak: John: *Rapport over hjemmefrontens arbeide i Drangedal, til freden 8. mai 1945*, skrive av John Bustrak, medunderskrive av L. Kloster og A.T. Lande. Datert 19/5-45, kopi i Prestearkivet.

Gaarder 2. mars 1942: *Rapport til herr politimesteren i Kragerø fra lensmannen i Drangedal ved lensmann A Gaarder.*

Gaarder 3. mars 1942: *Rapport til det tyske sikkerhetspoliti i Larvik fra lensmann i Drangedal ved lensmann A. Gaarder. Hyrdebrevet av 24/2 – 1942 og prestene i Drangedal.*

Gaarder 9. mars 1942: *Rapport til det tyske sikkerhetspoliti i Larvik fra lensmannen i Drangedal ved lensmann A.Gaarder. Overvåking av gudstjenester i Drangedal.*

Kjendsheim 3. mars 1942: *Rapport fra gudstjeneste holdt i Kroken kapell søndag 1. mars 1942 ved pastor Ingolfstad.*

Kjendsheim 9. mars 1942: *Rapport til lensmann i Drangedal fra hirdmann Olav Kjendsheim. Overvåking av gudstjenste i Drangedal kirke søndag 8. mars 1942 ved prost Lande.*

Kloster, Lauritz (1945): *Hjemmefrontens Arbeide. Sivilorganisasjonen. For Drangedal og Tørdal* Rapport, fem sider. (Avskrift, same innhaldet som HHI 506.)

Lande, Aasulv (u.å.): *Notat om okkupasjonstida i Drangedal*, utan datering.

Prestearkivet, mappe (1940-1945): *Kyrkjekampen 1941-1945 Rundskriv frå Biskopane og frå departementet til Sokneprestane 1941-1945 og Rundskriv frå «Den midlertidige kirkeledelsen».*

Prestearkivet, dokument 1940-1945: *Diverse papir etter sokneprest/prost A.T. Lande.*

Prestearkivet, mappe II (1945-1947): *Rundskriv o.l. 1945. 1946. 1947.*

Vestmar (1945): filmkopi på Kragerø bibliotek.

Vogsland, Dorthe (2003): *Bustrak YA gjennom 60-år*, Handskriven kopi, ajourført 2013.

11.2.2 Protokollar

Kyrkjearkivet

Forhandlingsprotokol for den indre og ydre missionsforening i Prestestranden, Drangedal, 1931-1964, Prestearkivet.

Menighetsrådsprotokoll Drangedal: *Forhandlingsprotokol for Drangedal menighetsraad* (1922-1961), Drangedal Kirkekontor.

Menighetsrådsprotokoll Tørdal: *Forhandlingsprotokol for Tørdal menighetsraad* (1922-1977), Drangedal Kirkekontor.

Kirkebok for Drangedal 1935-1949, Drangedal Kirkekontor.

Kirkebok for Tørdal 1920-1952, Drangedal Kirkekontor.

Vogsland, Dorthe (1943-1945): *Referat-bok for Bustrak Yngres Avdeling.*

Riksarkivet

Brev 22.02. 2013.

Klokkerbok Årnes i Nes, 1910, Riksarkivet, Digitalkarkivet.

11.2.3 *Saksmapper*

Riksarkivet, lansdsssviksaker: *Alf Gaarder, Sigmund Feyling, Jacob Haug, Olav Kjendsheim, Birger Pallesen-Mustikay, Ludwig Daae Zwilgmeyer*

11.2.4 *Muntlige kjelder*

Haustveit 2013/2014: Samtalar med *Åse Marie Haustveit*, fødd Holte i 1943, Drangedal 2013 og 2014.

Solvang 2013: Samtalar med *Liv Solvang*, fødd Lande i 1942, Drangedal 2013 og 2014

Stavnes 2014: Samtale med *Dagny Maria (Lillemor) Stavnes*, fødd Tveit i 1925, Drangedal 24.09. 2014.

Teigen 2014: Samtale med *Berit Torny Teigen*, fødd Lande i 1930: Oslo 11.02. 2014.

Vogsland 2013: Samtalar med *Dorthe Vogsland*, fødd i 1917, Bostrak 2013.

11.2.5 *Andre typar kjelde*

Dahl, Hans Fredrik (2014) NRK1 28.12. 2014, om 1814.

Norseth, Kristin (2012): Forelesingsnotat Teol 5320, 17.01. 2012.